



Hovudfagsoppgåve i Helsefag

Å HØYRA MEIR ENN DEI FLESTE

Forståande perspektiv på levd erfaring av å høyra stemmer og lydar.



Anne Martha Kalhovde

August 2005

Det medisinske fakultetet

Institutt for klinisk medisin,

Avdeling for sjukepleie og helsefag,

Sjukepleiefagleg studieretning

FORORD

Biletet på framsida er laga etter inspirasjon av "Faces of Janus" av Gaylord Soli. Andleta symboliserar det fleirsidige og porten mellom det som har vore og det nye som skal koma. Hovudfagstudiet og denne oppgåva har for meg på mange måtar vore porten til eit mangfald av nye forståingsmuligheiter av erfaringar og fenomen som eg trudde at eg visste kva var.

Å formulere nye tankar om til ord som skal festast til papir er ein krevjande prosess. Denne prosessen har vore både lærerik og spennande takka vere menneske som eg har møtt undervegs. Takk til medstudentar for lærerike, oppmuntrande og morosame samtalar, til kollegaer ved psykiatrisk senter for Tromsø og Karlsøy og tilsette ved ASH som har vist interesse for mitt arbeid. Ved ASH har dei nesten alltid teke seg tid å svara på spørsmål eller berre slå av ein prat. Takk til John Strauss, Larry Davidson og forskarteamet ved Yale University som tok så varmt i mot meg. Takk til John Robinson og Mike Smith, psykiatrisk sjukepleiarar i London og Manchester og til Sandra Escher, forskar i Nederland. Takk for stipend frå Nord-Norsk Psykiatrisk Forskningsråd og Norsk Sykepleier Forbund som gjorde reiser og samtalar på tvers av landegrensar og fagmiljø muleg.

Takk til Ingunn Elstad for støttande og utfordrande veiledingssamtalar og til min hovudveileidar Sissel Lisa Storli som stiller i ein klasse for seg når det gjeld veiledning og oppfylgjing av student. Eg er vidare enormt takknemleg for Elisabeth Balmer som har gått gjennom teksten og kome med verdifulle språklege og faglege innspel meir enn ein gong undervegs. Men utan intervjupersonane som gjorde sitt yttarste for at eg skulle forstå kva stemmer og lydar kan vera, hadde denne oppgåva ikkje blitt som den er og eg hadde lært langt mindre. Stor takk skal de ha!

Proessen med å få denne oppgåva ferdigstilt har blitt langvarig og tøff på grunn av smerter og sjukdom. Jan Torrey har med sitt rause vesen venta på at eg skulle kome meg til hektene, dukke fram bak datamaskinen, alle bøkene og bli ferdig. No er oppgåva innlevert, men ferdig kan eg vel ikkje seie at eg er. Dette var berre byrjinga!

Tromsø 26.8.05

Anne Martha Kalhovde

SAMANDRAG

Hovudtema i denne hovudfagsoppgåva er levd erfaring av å høyra stemmer og lydar som einskilde menneske er åleine om å erfare. Omgrepet 'personleg erfarte stemmer og lydar' vert introdusert. Omgrepet viser til at høyrselesfenomena sitt særpreg er knytt til at dei berre kan høyrast av den som erfarar dei, at dei vert erfart som ikkje-meg, og at dei er forma gjennom livet til den som erfarer dei.

Eg brukar ei hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming til empiri, sidan min intensjon er å få ei djupare forståing av kva dei personleg erfarte høyrselesfenomena *er*, og kva dei *inneber* for den einskilde som erfarer dei. Personleg erfarte høyrselesfenomen blir tradisjonelt kalla høyrseles hallusinasjonar og sett som symptom på psykoselidingar. Bakgrunnen for dette, slik eg ser det er positivismen sin sterke innverknad på det psykiatriske fagfeltet. Gjennom utelukkande å halde seg til fakta, vert høyrselesfenomena einast *ikkje-reelle sanse-erfaringar*.

Lesaren vert presentert for dei mest aktuelle delane av mi eigen *forforståing* og min filosofiske ståstad, for at den forståinga eg har tilegna meg gjennom arbeidet med oppgåva skal kunne framstå som truverdig for ho eller han. Empirien er tileigna gjennom djup-intervju med 5 personar som har lang erfaring med å høyre stemmer og lydar. Eg har nærma meg deira forteljingar gjennom dei livsverds- og kroppsfenomenologiske perspektiva til den franske psykologen og filosofen Maurice Merleau-Ponty. Ein kjem i fylgje Merleau-Ponty ikkje utanom at all erfaring er knytt til *meining*. I dette perspektivet vert dei personleg erfarte høyrselesfenomena slik eg ser det *meiningsmetta uttrykk*.

I analysen og tolkinga av intervjupersonane sine forteljingar har eg valt å konsentrera meg om det *like* og finne nyansar gjennom det *ulike* og det *eineståande*. Eg har valt å organisera funna mine utifrå tre tema; *kva som vert høyrst, kva intervjupersonane trur om det dei høyrer og korleis det kan vera å leva med dei personleg erfarte høyrselesfenomena*. Gjennom analysen av forteljingane med eit livsverdsperspektiv vert fleire forhold tydeleg. Dei personleg erfarte stemmene og lydane har mykje til felles med ålmenne erfaringar av vanleg lyd, draumar og minner. Gjennom måten dei vert erfart *i rom* og *i tid* viser dei seg å vere *uomgjengelege* og *aperspektivistiske*. Stemmene og lydane er vidare gjennomgåande *ambivalente* og *sjølvmotseiande*, og vert difor konstituert som *særeigne erfaringar*. Intervjupersonane skil difor stort sett mellom det som berre dei *sjølv* kan høyre og det *andre* òg kan høyre.

Dei personleg erfarte høyrselesfenomena framstår som eit *ambivalent nærver* av det som er vondt, men òg av det gode. *Livs-smerte* verkar bli *transformert* til dei særeigne uttrykka høyrselesfenomena er. Den erfarte livs-smerta kan vere noko som har skjedd eller som skjer saman med uvisse om framtida eller påtrengjande eksistensielle spørsmål. Stemningar, tankar, minner og anna smeltar saman med her-og-no situasjonen til eit nytt uttrykk med sin eigen karakter.

Intervjupersonane sine skildringar om å leva med personleg erfarte hørselsfenomen har mykje felles med ei ålmenn erfaringar av å ha langvarige og diffuse plager. Dei fortel om *undring, tvil og kamp*. Intervjupersonane har så langt som råd prøvd å forstå desse erfaringane og finne måtar dei kan forhalde seg til dei på *utan å snakke om dei* med andre.

Stemmene og lydane kan veksle i intensitet. Dei kan vere påtrengjande som tinnitus, som irriterar, forstyrrar eller gjer det vanskeleg å konsentrera seg. Dei uregjerlege inntrykka og meininga som *tvingar seg på* kan òg tidvis dominere tilveret for den einskilde og fortrenge den felles erfarte realiteten. Forholdet til stemmene og lydane blir derfor først ein *einsam kamp* for å *stå imot, forstå* eller *akseptere* dei, og seinare dobbelt einsam fordi dei òg må kjempe mot *andre* sine haldningar.

Slik eg ser det synest *anerkjening* av deira erfaring, altså *deira realitet* å vere avgjerdande. Anerkjening kan opne for ei utforskande haldning i høve til *meininga* som ligg i stemmene og lydane, og ei djupare forståing av den einskilde si *livsverd*. Ei slik haldning kan gjere det lettare for den einskilde å akseptere at stemmene og lydane er ein del av livet deira, og medverke til at dei finn måtar å *leve med* meir enn å *leva mot* dei.

Nøkkelord: Stemmehearing, hørsels hallusinasjon, Merleau-Ponty, levd erfaring, livsverden, kroniske plager, hermeneutisk-fenomenologi.

SUMMARY

The main theme in this thesis is the lived experience of hearing voices and sounds that are unheard by others. The concept 'personally experienced voices and sounds' is introduced. The concept illuminates that the attributes of these aural phenomena seem to be linked with sounds heard only by the person experiencing them, they are experienced as *not-me* and are shaped through the life of the person hearing them.

I have chosen a hermeneutical-phenomenological approach to empirical material in this thesis, as my intentions are to gain a deeper understanding of what the personally experienced aural phenomena *are* and the *impact* they can have on those experiencing them. The aural phenomena in question are traditionally called auditory hallucinations and are seen as symptoms of psychotic illness. From my point of view, this is due to positivism's strong influence on psychiatry. With a factual approach alone, the aural phenomena are merely *not-real sensations*.

Important parts of my *pre-understanding* and my philosophical view point are elucidated in this thesis so that the reader may be convinced of the validity of the understandings I have reached. The empirical material has been attained through in-depth interviews with 5 persons who have a history of hearing voices and sounds. I have tried to understand their narratives through the French psychologist and philosopher Maurice Merleau-Ponty's philosophical perspectives on *life-world* and the *phenomenology of the body*. According to Merleau-Ponty it is impossible to avoid acknowledging that all experiences are associated with *meaning*. In this respect, I see personally experienced aural phenomena as expressions *saturated with meaning*.

In the analysis and interpretation of the interviewees' narratives I have chosen to concentrate on that which is *similar*, and tried to find nuances through that which is *dissimilar* and *one of a kind*. I have chosen to organize these findings in three themes; what is heard, what the interviewees' think of what they hear and what life with personally experienced aural phenomena is like.

Through the analysis of the narratives with a life-world perspective several features come to view. The personally experienced aural phenomena seem to have much in common with ordinary sound, dreams, and memories. Through the way in which they are experienced in *space* and in *time* they come forth as *unavoidable* and *aperspectivistic*. The voices and sounds are furthermore experienced as utterly *ambivalent* and *self-contradictory*, and are therefore constituted as distinct experiences. Therefore the interviewees most often are able to distinguish between what *only they* can hear and what they *and others* can hear.

The personally experienced aural phenomena seem to be an *ambivalent-presence* of the painful but also of good. *Life-pain* seems to be *transformed* into the presenting aural phenomena. The experienced life-pain can be something that took place in the past or that is happening now, along with uncertainties about the future or unrelenting existential questions. Moods, thoughts, memories and so on melt together with the present situation into a *new expression* with characteristics of its own.

The interviewees' narratives of the personally experienced voices and sounds strike me as having much in common with ordinary experiences of vague and enduring pain. They speak of *wonder*, *doubtfulness* and *struggle*. In every possible way, they have tried to understand these experiences and find ways of relating to them *without talking about them* with others.

The intensity in the voices and sounds that are heard can vary. They can be persistent as tinnitus, annoying, interrupting or making it difficult to concentrate. The unruly impressions and the meaning imposing itself on the person, can also occasionally dominate their life, pushing aside mutually experienced reality. Living with the voices and sounds is therefore first a lonesome struggle to resist, understand or accept them, and then twice over lonesome because the interviewees have the added preconceived notions of others to fight.

As I see it, acknowledging the interviewees' experiences and reality, is vital. Acknowledgement from others can open for an explorative attitude regarding the meaning of the voices and sounds, and thereby give a deeper understanding of a person's life-world. This attitude can enhance acceptance of personally experienced voices and sounds as being part of the person's life, and support him in finding ways of living *with* more than living *against* them.

Key words: voice hearing, auditory hallucinations, Merleau-Ponty, lived experience, life-world, chronic illness, hermeneutical-phenomenology

*Frykte du nåke iblant før du kjenne det?
- kim gjør'kje det, ja kim gjør'kje det?
Komme du tettare innpå det,
hende det titt nok at troll e et rotvelta tre.*

*Lindehålsma'en e alt så e fremmandes
Inni oss adle.
Te teinemat brukte han barn, sa de.
Hu, det var skremmandes!
Løgn va det! Gubben va god kamerat.*

Stavaland & Falkeid

1	INNLEIING	1
1.1	Det bytja med	1
1.2	Tilnærming til tema og målsetjing for oppgåva	2
1.3	Det som ikkje kjem med i denne omgang	3
1.4	Å verna om det sårbare og samstundes få fram det vesentlege	4
2	KORT MØTE MED INTERVJUPERSONANE	5
	Britt: "To stemmer, ein på kjøkenet og ein i stovå"	5
	Erik: "Eg hørre uvedkommande så lage lydar i huset"	6
	Tor: "Ei mannlege stemma i håve så prate te meg, så eg oppfatte e djevelen"	7
	Kari: "Virkelige personar, ikkje noke tatt ut i det blå"	8
	Åse: "Englar frå Gud"	10
3	VANDRING I EIT SKIFTANDE LANDSKAP	12
3.1	Historiske trekk i moderne psykiatri	12
3.2	Om det som vert kalla høyrselshallusinasjonar	18
3.2.1	Korleis vert 'hallusinasjonar' definert?	18
3.2.2	Kva viser empirisk forskning oss?	20
3.2.3	Samlande vurdering	25
3.3	Positivistiske ideal og deira innverknad på kunnskapen me har	26
3.4	Med livsverda som utgangspunkt	29
3.4.1	Om levd erfaring	30
3.4.2	'Hallusinasjonar' som levd erfaring	33
4	VEGAR TIL AUKA FORSTÅING	35
4.1	Om å forstå	35
4.1.1	Korleis forstå	37
4.2	Om språket som kjelde til forståing	39
4.3	Gjennomføring av undersøkinga	41
4.3.1	Førebuing til intervjusituasjonen	41
4.3.2	Rekruttering av intervjupersonar	41
4.3.3	Storleik på utvalet	44
4.4	Om djup-intervjuet og tolkinga	44
4.4.1	Djup-intervjuet	44
4.4.2	Tolkinga	47
4.4.3	Refleksjonar omkring framstillinga av empiri og tolkingar	49

5	MØTE MED INTERVJUPERSONANE SI ERFARINGSVERD	50
5.1	Om det som vert høyr	50
5.1.1	"Dei kan sei forskjellige ting..."	50
5.1.2	"Plasser som dei e"	54
5.1.3	"Eg hørre dei når..."	56
5.2	Kva intervjupersonane trur stemmene og lydane kan vera	59
5.2.1	"Den", "Det" eller "Dei"	59
5.2.2	"Te å begynna med... og ettekvalt"	60
5.3	Om å leva med stemmene og lydane	67
5.3.1	"Kraftanstrengelsar frå deg sjøl"	67
5.3.2	"Medisiner og Hjelp"	70
5.3.3	"Nettverk med venner"	73
5.3.4	"Arbeid"	76
6	EIN UTVIDA FORSTÅINGSHORISONT	78
6.1	Om realiteten i personleg erfarte stemmer og lydar	78
6.2	Kva kan personleg erfarte høyselsfenomen vera?	83
6.2.1	Sjølvmotseiande og ambivalente erfaringar	83
6.2.2	Uttrykk for at noko er galt	89
6.2.3	Transformert livsmerte	95
6.2.4	Overjordiske fenomen	101
6.2.5	Ny innsikt	104
6.3	Kva kan det innebera å leva med personleg erfarte høyselsfenomen?	105
6.3.1	Å leva med undring og tvil	105
6.3.2	Einsam kamp	114
7	AVSLUTTANDE TANKAR	121
	LITTERATUR LISTE	124

1 INNLEIING

1.1 Det bytja med

Som nyutdanna sjukepleiar gjorde møte med Rolf, som eg vel å kalla han, eit sterkt inntrykk på meg. Rolf hørde stemmer som eg ikkje hørde. Han fortalte *Kåre* alt eg sa. Kåre var eit søskenbarn som hadde døydd fleire år tidlegare. Han heldt til i mageregionen, meinte Rolf. Rett som det var, vart han irritert på Kåre, trampa i golvet og kjefta på han. Eg vart så vant med at Rolf samtalte med Kåre, at eg fleire gonger sjølv snakka til Kåre før eg skjøna kva eg hadde gjort.

Rolf var oppteken av å få det betre, og tok difor imot medisinar under sterk tvil. Han hadde dessutan fått informasjon om at han ville kome under tvungent psykisk helsevern, om han ikkje samarbeidde om medisineringsa. Rolf hadde mest tru på sine eigne metodar, sjølv om han hadde varierende erfaring med deira verknad. Hans eigne metodar var mellom anna å drikke tran, melde Kåre til politiet, og kjefta på han. Psykofarmaka av ymse slag vart prøvd ut, og hadde meir eller mindre god verknad på søvn, uro og det generelle funksjonsnivået hans. Ein del plagsame biverknadar kom i tillegg. Stemme-høytinga derimot vart verande stort sett upåverka.

Eg har ofte kjent meg uviss i møte med personar med høyrselshallusinasjonar. Sjølv om medisinar kan hjelpe ein del, har dei ofte avgrensa verknad, som døme med Rolf viser. Mi oppgåve som nyutdanna sjukepleiar var mellom anna å *realitetsorientere* Rolf, det vil seie å få han til å venda seg mot den objektive realiteten. Siktemålet var at han skulle forstå at stemme-høytinga var ei ”oppleving utan adekvate ytre sanseintrykk”, eit symptom på sjukdom. Realitetsorientering inneber til dømes, at eg peikar på at eg ikkje deler Rolf si erfaring, eller at eg undrar meg over korleis ”Kåre” kan få plass inni Rolf sin mage. Det kan òg innebera at eg avledar ved for eksempel å inviterer til samtale om noko anna eller føreslår eit gjeremål. Eg opplevde ofte at realitetsorientering som tilnærming var ei hindring for ein nær og tillitsfull samtale.

Etterkvart som eg har fått meir kunnskapar, mellom anna gjennom vidareutdanning i psykiatrisk sjukepleie og erfaring frå heimesjukepleie, har eg funne det meir tenleg å nærma meg den daglege verda til den som har slike erfaringar. Eg har prøvd å forstå den andre sine

erfaringar mellom anna gjennom samtale om *kjenslene* som desse høyrseferfaringane har skapt. Gjennom ei slik tilnærming har eg fått innblikk i ei erfaringsverd som var annleis enn eg trudde. Samstundes har den vore vanskeleg å forstå utifrå det eg tidlegare har lært og erfart. Det å sitje heime hjå dei som opplever så mykje som er annleis, og høyra dei fortelje om korleis det kan vera å leva med slike erfaringar, har gjort meg audmjuk og nysgjerrig. Eg har vorte meir og meir oppteken av spørsmål om korleis ein kan forstå desse erfaringane, og kva det inneber å leva med slike erfaringar.

1.2 Tilnærming til tema og målsetjing for oppgåva

Gjennom denne hovudfagsoppgåva utforskar eg spørsmåla over for, om muleg, å få ei djupare forståing omkring dei. Eg tek utgangspunkt i fem personar sine forteljingar om korleis det kan vera å leva med å høyra stemmer og/eller lydar som andre ikkje høyrer. Erfaringane med stemmene og lydane strekkjer seg over ti til femten år hjå fire av intervjupersonane, medan ein intervjuperson har eit års erfaring. Skildringane handlar om å høyre stemmer og/eller lydar i vaksen alder, og korleis dette i vekslende grad pregar livet deira.

Alle intervjupersonane *høyrer* framleis stemmer eller lydar. Det er altså framleis ein del av deira kvardag. Det er skilnad på å prate om noko som *er* og noko som *har vore*. Eg har fått innblikk i korleis intervjupersonane ser på sine erfaringar med stemmer og lydar utifrå ein bestemt dag eller to, nemleg intervjudagen eller dagane¹. Mestdelen av det dei fortel har sitt utgangspunkt i korleis dei har hatt det tidlegare, altså erfaringar i eit retrospektivt lys.

Intervjupersonane fortel at det dei høyrer vekslar i intensitet. Det kan vera borte i periodar, men det ligg likevel på lur og kan dukka opp kva tid som helst. Kva den einskilde høyrer kan variere. Likeeins er det varierende kva desse erfaringane inneber for den einskilde over tid. Målsetjinga mi er, med utgangspunkt i intervjupersonane sine skildringar, å koma nærare ei forståing av *korleis ein kan forstå desse erfaringane, og kva det kan innebera å leva med slike erfaringar*.

Denne oppgåva gir på inga måte ei uttømmende skildring av korleis det *er* å høyra stemmer og lydar ingen andre høyrer, men eg håpar den gir lesaren eit innblikk i korleis det *kan* vera.

¹ To av intervjupersonane vart intervjuva to gonger

Eg ynskjer å setje søkjelyset på nyansar i høve til erfaringar med dette fenomenet med utgangspunkt i korleis det vert erfart av *den høyrande sjølv*².

Fire av intervjupersonane fortel at dei brukar nevroleptika mot stemmene, og dei brukar preparatnamna når dei snakkar om medisinane. Eg omtaler medikamenta i høve til den terapeutiske gruppa dei tilhøyrer; nevroleptika, eller anti-psykotikum som dei ofte vert kalla³.

Eg presenterar intervjupersonane i denne oppgåva gjennom utdrag av intervju med dei, for så å gi lesaren innblikk i bakgrunnen til dei perspektiva eg har funne tenlege i mi tilnærming til intervjumaterialet. Deretter gjer eg greie for aktuelle metodiske spørsmål og mine svar på dei, før eg gir ei tematisk framstilling av intervjupersonane sin forteljingar. Eg søkjer så å forstå sentrale tema i intervjuet i lys av dei framlagde perspektiva, før eg tilslutt samanfattar det viktigaste i forståinga som har vakse fram og nye spørsmål som har dukka opp undervegs.

Der eg ikkje refererar direkte til ein namngjeven intervjuperson vil eg omtale vedkommande som 'han'. På same vis vil eg omtale forskaren, sjukepleiaren og liknande som 'ho'.

1.3 Det som ikkje kjem med i denne omgang

Ramma for denne oppgåva er eit hovudfagsstudium, og tid til analyse- og tolkingsarbeid er avgrensa. Eg har valt å setja fokus på nokre perspektiv mellom fleire mulege. Sjølv om eg har arbeidd med materialet gjennom tre år er det vanskeleg, om overhovudet muleg å "tøma" det for meiningar.

Tema for oppgåva er, i seg sjølv, langt frå eintydig. Eg har gjort eit hermeneutisk-fenomenologisk studium av levd erfaring av stemmer og lydar som andre ikkje høyrer. Det er vanskeleg å gjere ei klår avgrensing av dette fenomenet mot andre fenomen som illusjonar, vrangførestillingar, draumar, minner, og anna. Eg held difor erfaringar med desse sistnemde fenomena opp mot erfaringane med stemmehøyring utifrå det intervjupersonane fortel, men

² Ein del forskarar, som eg refererar til, har i seinare tid kalla dette "innanfrå-perspektiv". Sidan ein mellom anna ikkje kan ha direkte tilgang til *insida* av andre sine erfaringar finn eg det vanskeleg å bruke dette omgrepet (jamfør kapittel 6.1).

³ Eg finn det ikkje relevant i høve til mi målsetjing å gå inn på eventuelle skilnadar mellom dei ulike medikamenta.

går ikkje djupare inn på dei som fenomen i seg sjølv. Eg støttar meg til litteratur som syner at stemmehøyering ikkje treng ha samanheng med psykose eller schizofreni, men kjem inn på begge deler i denne oppgåva, fordi fire av intervjupersonane har ei langvarig psykoseliding og tre av dei opplever direkte samanheng mellom lidinga og stemmene. Min ståstad er sjølvsagt prega av 15 års praksis som psykiatrisk sjukepleiar i ulike deler av psykisk helsevern. Fire av intervjupersonane har òg hatt langvarig kontakt med psykisk helsevern. Desse rammene for studiet reiser spørsmål omkring kva kunnskapsgrunnlag me møttest på. Eg gir difor ei utgreiing av utviklinga til såkalla moderne psykiatri⁴, og korleis denne i grove trekk har forma vår forståing av det som ofte vert kalla hallusinasjonar.

I mitt arbeid har eg erfart at pårørande òg kan spele ei viktig rolle for å forstå kva og kven stemmene kan vere, kva for ein bodskap dei har, og korleis den einskilde forhold seg til stemmene og lydane. Denne oppgåva gjev ikkje rom for å sjå nærare på desse tilhøva, men eg vonar eg kan sjå nærare på dei ved eit seinare høve.

Etterkvart som eg har arbeidd med oppgåva har ord som tidlegare verka velkjend for meg, fått nytt eller tydelegare innhald for meg. Det blir difor viktig for meg å gjere greie for kva slags innhald eg legg i sentrale omgrep og kvifor eg brukar nett dei i arbeidet med oppgåva.

1.4 Å verna om det sårbare og samstundes få fram det vesentlege

Intervjupersonane har gitt meg personlege opplysningar om livet sitt. Det krev at eg er vår når eg formidlar kva dei har fortalt og kva eg tenkjer om det dei har fortalt. Sue Estroff (1995) har i ein artikkel med den talande tittelen "Who's story is it anyway?" reist viktige spørsmål ved det moralske ansvaret som ligg i måten ein som forskar arbeider med informasjonen ein har fått, og måten den vert formidla vidare på. Intervjupersonen har gitt sitt samtykke til ein prosess dei ikkje kjenner resultatet av. Prosessen med å finne ut kva som ligg i det moralske ansvaret byrjar først for alvor *etter* at samtykkeskjema er underteikna, skriv Estroff (ibid.). Ein slik måte å forstå ansvaret på, fell saman med mi oppleving av å arbeide med denne oppgåva.

Eg har gjort det som er muleg for å hindra at opplysningar som ligg under teieplikta vert gjort kjent. Eg har òg lagt eit slør over intervjupersonane og det dei har sagt ved å forandre

⁴ Psykiatri er som fagfelt svært samansett. Eg held meg til det som etter mi erfaring, er dominerande trekk innan psykisk helsevern.

faktaopplysningar i det dei har delt med meg. Det er ein krevjande prosess når nettopp det einskilde menneske og samanhengen han eller ho lever i er så viktig for å forstå kva det betyr å leva med stemmer og lydar. I arbeidet med å finne fram til det som ut frå mi undring er vesentleg i intervjupersonane si forteljing, er det blitt stadig klarare for meg kva opplysningar som kan utelukkast eller forandrast. Det er *tonen, måten det er blitt sagt på*, og *meningsinnhaldet* eg legg vinn på å framstille så nøyaktig som muleg. Eg har skriva om dialekten til intervjupersonane til min eigen dialekt, då eg finn at denne munnlege forma er den mest finstemte språkelege reiskapen eg kan bruke til eit slikt kjenslevart arbeid. Meininga, det vesentlege i forteljingane og utsegna er altså uforandra, medan detaljer er forandra slik at ingen kan vera viss på kven som har delteke og kven som har sagt kva.

Før eg vender tilbake til dei aktuelle teoretiske perspektiva og metodiske spørsmåla, vil eg presentera intervjupersonane for lesaren og gi eit glimt inn i intervjusamtalane.

2 KORT MØTE MED INTERVJUPERSONANE

Eg vil i det fylgjande presentera intervjupersonane og fortetta utdrag av det dei har fortalt om stemmeerfaringane sine. På det viset gir eg lesaren innblikk i det Gadamer kallar deira forståingshorisont. Dette kjem eg nærare inn på i kapittel 4. Eg trekkjer særleg fram det som slo meg som viktig og forunderleg i mitt første møte med intervjupersonane og deira forteljingar. Intervjupersonane sine utsegn er kursivert. Eg har understreka orda dei har lagt trykk på. Det intervjupersonane har sagt i ein tidlegare samanheng, og som difor er underforstått, er satt i parentes for å lette lesinga. Namna til intervjupersonane er fiktive.

Britt: "To stemmer; ein på kjøkenet og ein i stovå"

Eg byrjar med forteljinga til Britt. Ei kvinne i førti åra. Ho har flytta mykje og har fleire opphald på psykiatrisk sjukehus. Britt har ei deltids stilling som kjøkkenassistent i ein barnehage. Ho høyrer aldri stemmer når ho er på jobb. Britt fortel at ho som regel høyrer to stemmer når ho er i leilegheita, men det kan og vera fleire stemmer. Eg lar ho sjølv fortelje.

Det e liksom sånn at i periodar, så, så e det, e det fleire stemmer så prate. Ja, av og te så prata alle på ein gong. Tre, fira, fem, te dårlegare eg e te fleire stemmer e det. Virke på, mitt inntrykk atte, alle stemmene har faste plassar så dei e. Dei e i høgtalaren på stereoanlegget, (og) i fjernsynsskjermen. Det kan vær ei stemma så akkurat så e på utsida av håve her [viser med handa område ved øyra], elle går rundt her, begynne her og går rundt sånn [gjer teikn med handa rundt issen], men det e sjelden det e sånne stemmer. Det e helst når eg e veldig stressa. Det e som regel to (ein på kjøkenet og ein i stovå), men, det e tøft nok det. Dei kan sei en seks, sju, åtta forskjellige setningar ein dag, så har ingen av setningane samheng. Om ting du ikkje tenke på. Aldri om ting eg e opptatt av. Noken gonger så kan dei sei noke så dumt som "klukk" i ein hall te hallaen time.

Britt var i slutten av tjuåra då ho byrja høyra stemmer i husværa der ho har budd. To stemmer dominerar. Den eine stemma er ei mannsstemme, medan det er uvisst om den andre stemma er kvinne eller mann. Britt har sagt begge deler. Det er sjeldan det er fire, fem stemmer som pratar på ein gong, det er berre når ho er veldig stressa. Britt høyrer som regel berre stemmer når ho er heime. Det er berre ein sjeldan gong når ho er veldig dårleg at ho kan høyre stemmene når ho er utanfor heimen. I så fall skjer det medan ho er ute eller er innlagt på psykiatrisk sjukehus, fortel ho. Brit kan høyre lyden av eit smell somme tider, men smell-lydane er ikkje særleg plagsame.

Erik: "Eg hørre uvedkommande så lage lydar i huset"

Erik har på si side, vore plaga med lyder som han stadig høyrer i huset der han bur. Han høyrer underlege lydar i huset. Det er oftast bankelydar. Dette har føregått i omlag eit år. Det er ei ny erfaring for syttiåringen, som seier han elles aldri har vore plaga med nervane. Han er enkemann og tidlegare fiskar. Sonen har overteke båten, fortel han stolt.

Det va i slutten av januar at eg hadde den drømmen, med den guten som grein. Noken dagar seinare så bynnte lydane. Eg hørre uvedkommande så lage lydar i huset, det går fra den eine plassen te det andre. Ja for besse det, så det gjekk liksom, hadde nett vore noken å banka, og ei litå stund ette så e det på ein aen plass igjen. Det banke, og den bankingå har forskjellige lydar. Akkurat så ein hammar så slår i tømmer og i treverk,

det har jo sin lyd. Akkorat så to stokkar som slår imot ein aen. Ein gong e det lyden av aluminium, ein gong e det messing. Det e forskjellige klanger i det der'anne, men det e'kje noke som kan laga ein sånn lyd her.

Ja, det e'kje same slags lyd heila tidå, men det forandre seg. Ein gong så eg sat her [peikar på kjøkkenbordet] og åt, så slo det i veggen på den sidå, et kraftig smell så eg stokk, så bynnte ei humla, ei humla å susa noke voldsomt. Ja, du vett når humlå suse på det versta, så hørres den så sint ut. Den lyden bynnte å komma nærmare og nærmare. Når det hadde surra ei stond, sånn med veggen, og kan skjønne eg blei nesten redde, for eg tenkte det, at den komme te å brenna meg når den komme nærmare, du vett humlå, hu bite. Ja, og, då bynnte eg å lese Fadervår. Enten folk trur det eller ei, men det e sant at, den humlå, når eg hadde komt midtveis i Fadervår så va hu rett attmed øyra mitt. Eg va redd 'an sko krype inn i øyra mitt og så forsvant 'an, lyden. Ja, det e sant! Men den lyden der, har 'kje eg hørrt fleire gonger. Men eg har òg hørt det, når eg har sotte her, at det har rasla forsiktig, forsiktig på kjøkenet, akkorat så røre i papir òg, [Erik raslar litt forsiktig med noke papir] Ja, men veldig forsiktig. Ja, det har eg hørt. Eg føle det, at det akkorat så e noken, som e på kjøkkenet.

Tor: "Ei mannlege stemma i håve så prate te meg, så eg oppfatte e djevelen"

Både Britt og Erik hører noko utanfor seg sjølv, medan Tor har det på eit anna vis. Det han hører er inni hovudet. Tor er 31 år, og bur i eit bufellesskap for menneske med psykiske lidingar. Han har ei rekkje innleggjingar på psykiatrisk sjukehus bak seg. Tor har planar om å ta ei landbruksutdanning og byrje å arbeide som avløyser, men nøyer seg førebels med å hjelpe litt til på garden til bror sin. Tor hører oftast ei stemme inni hovudet, og har til og med sett den ein gong. Første gongen han hørde djevelstemma var han i tenåra.

Eg fekk ein rustrip, elle det va vel egentlig ein psykose eg fekk. Eg hørte ei mannlege stemma i håve så prata te meg, så eg oppfatta va djevelen så va ute ette meg. Stemma i håve sa at eg sko'kje eta, eg sko ha det vondt, ikkje sant. Så, så eg gjekk jo ned nesten femten kilo på fem, seks måna. [Et par år seinare] stengde (eg) meg inne i seks måna, igjen, men då fekk eg det 'kje sånn at eg sko svelta meg, å sånn. Men då, va det bare

det at eg ikkje torde gå utføre dørå. Dei (familie og venner) forstod jo ikkje heilt koss eg hadde det egentlig, for det at eg torde ikkje sei det te dei, eg visste jo at eg va gal, det visste eg. Den sa jo, stemmån sa heila tidån at 'an sku komma å ta meg, bare vent, ein dag så, så e eg der. Og faktisk ei natt så, såg eg 'an, i stovån. Eg våkna midt på nottån og følte at det va noken som såg på meg, og så, snudde eg meg, og der sto det ein mørk fyr, han hadde raude auer. Då skjønte eg det at eg kan'kje sjå 'an i auene, så eg-eg la meg under dynån he-he, og der låg eg, te eg sovna igjen. Det der bilde har plaga meg si' det. [Langt innpust] spesielt når eg e åleina, og ...og sånn. Når eg ska legga meg om kvelden, så tenke eg møkje på, på dei, han.

Men eg har òg, av og te, hørrt eh før, (innpust) så, (har) eg hørrt ei kvinnelige stemma òg, som eg har trudd, e mormor. Ei kvinnelige stemme som seie, eg skal slappa av det her skal gå så bra så, he-he. Ei gode stemma. Men det e akkorat så det e så tungt, (for) så, så sa djevelstemmån at, den goda stemmån, det va, hu va djevel, hu òg. Då blynte eg å tru at mormor va ein djevel og eg va ein djevelunge. Det va derfor eg hadde 'an ette meg.

Den mannelege djevelstemma er i hovudet til Tor, men har ein gong stått framføre han. Den var taus då han synte seg for Tor, men han er likevel ikkje i tvil om at dette var skapnaden til djevelstemma. Djevelstemma til Tor er som ein skremmande person for han. I over ti år har han høyrte den same stemma, og i laupet av desse åra er det berre korte periodar han har vore fri frå den. Det er djevelstemma han snakkar mest om, men han kjem etterkvart på at han til tider har høyrte ei anna stemme, stemma til mormor.

Kari: "Virkelige personar, ikkje noke tatt ut i det blå"

Kari har høyrte djevelen, men ho har ikkje oppfatta han som ein person, slik ho gjer med dei andre stemmene ho høyrer, eller slik Tor gjer i høve til djevelstemma. Det er skilnad på dei verkelege stemmene og det ho kallar religiøse stemmer. Kari fortel at ho opp gjennom åra har hatt forskjellige stemmetypar.

Kari bur i ei bygd, med familie og venner i nærleiken. Ho har ei lita stilling på ein Fretex butikk like ved. Elles er Kari med på aktivitetstilbodet ved det kommunale dagsenteret. Ho

har tidlegare vore innlagt fleire gonger på psykiatrisk sjukehus. Ho er 34 år, og har høyrte ulike stemmer i over ti år. Dette er nokre av dei ho fortel om.

Då eg blei dårlig første gong, då va det ei stemma. Det va ei virkelige (stemma), eg trudde det kom fra ein virkelig person, altså ein person som eg har troffe då, ei dama. Det hadde skjedd ein slags episode med meg og hu i virkeligheten, ein konflikt kan du sei, i forhold te ein jobb då, som me begge va interessert i. Og då plagde hu meg, erta meg, terga meg, prata stygt, bare sånn vondskap, og sånne ekle ting. Då va det kvar dag, og det varte vel et heilt år, og eg, eg svarte hu i tankane mine altså. Altså sa det 'kje høgt, men akkorat så kom deg bort og sånn, og la meg vær i fred og. Men det gjekk nå øve, det då. Og så bynte (eg) å få detta her me media, problem me media. Så bynte det akkorat så på ein måte å utvida seg te det at dei visste ken eg va og, sa navnet mitt på radioen og, og så utvikla det seg te tv'en òg, at liksom, at ein blei øvevåka, eller eg satt og prata, og dei sa navnet mitt, visste ka eg gjorde og sånn. Då ble dei stemmene, men det va jo virkelige stemmer fra radio, tv då. Det va eg voldsomt plaga med ei stond, og det varte veldig lenge (fleire år), eg har endå litt sånn, at eg, uff, akkorat så med radioen og sånn, tv'en. Men det e ingenting i forhold te koss det va.

Og, eh, ei stond så va det jo, ein, ein spesiell person, som eg visste ken va, som eg, på ein måte, fekk kontakt med, følte eg. Han va, altså, han va ein levande person. Det va ikkje noke tatt ut i det blå, han levde. Men eg såg på han på ein aen måte, han såg annleis ut òg. Eg hadde jo 'kje sett bilde av han. Eg hadde hørrt han, og då va han akkorat så ein sånn, ein slags tvillingsjel te meg, eller ka eg ska sei. Så hadde eg møkje stemmer, forskjellige stemmer, stemmehørring, og då va det mellom anna mafia, den italienske mafiaen, og sånn, at eg hørrte, på ein måte, atte, altså dei sko både beskytte meg, og trua meg og, at eg va innblanda i det på ein måte, at eg visste for møkje, elle at eg. Eg va veldig redd for dei stemmene der, det her med mafiaen og sånn. Men det har jo akkorat så vore reelle stemmer heile tidå, ikkje det med djevelen då som eg ikkje vett, og det her religiøse. Men dei andre stemmene som eg har hørrt, dei har jo komme fra virkelige personar som leve, altså leve på jordå. Så det e jo 'kje akkorat så sånn i det blå kan du sei.

Kari understrekar fleire gonger i laupet av intervjuet at stemmene ho høyrer er verkelege og levande personar. Nokre av dei har ho møtt, som kvinna ho var i konflikt med. Andre har ho berre kjennskap til gjennom aviser og liknande. Dei religiøse stemmene er *noko anna*, meiner ho.

Åse: "Englar frå Gud"

Englane som Åse høyrer er ikkje verkelege personar, men er på den andre sida heller ikkje teke ut av lause lufta. Ho meiner dei kjem frå Gud. Åse er 44 år og utdanna skreddar. Ho tar av og til oppdrag for andre, men er ikkje klar for arbeidslivet endå, seier ho. Åse har englar som ho kan samtale med. Dei er hennar gode hjelparar. Åse har aldri sett dei, og ho veit heller ikkje heilt kva dei er for noko. Ho fortel at ho har berre hatt positive erfaringar med englane sidan dei byrja å prata til henne for 12 år sidan.

Dei (engelstemmene) seie dei e Guds englar så snakke med meg, og det har dei sagt i tolv år. Det har dei 'kje veke på. Eg har tvilt og tvilt. Ette eg ble ein kristen, så kom dei sånn. Leste ein del i bibelen, og fekk ein del svar, men det va litt nifst, det va det, å møta Gud på den måten. Så seie eg te dei då at det å hørra stemmer, det e jo sjukt. "Ja, i ditt tilfelle e det ikkje sjukt, men andre har sjukdommar så gjørr at dei hørre stemmer", seie dei. Dei seie òg; "me trur kje du e klar øve kor stort detta e for deg. Det e kje greitt for ei litå dama å tru det". Dei har sagt at "Alle har sju". Spørre dei; har muslimane óg? "Ja, muslimane óg, alle, alle e inkludert", seie dei. Dei har vore med meg si før eg blei fødde sa dei, seie dei. Så har eg spurt dei mange gonger då, koffer snakke dåke absolutt med meg? Det e jo ikkje alle så oppleve det. Det e Gud så har gitt dei befaling om å gjørr det så. Ja, elles hadde dei vore med meg, passa på meg, seie dei.

Eg snakke 'kje så ofta om det, det er lenge si' eg har fortalt det te noken. Det e det, eg har det for meg sjøl. Det ingen så trur meg, og eg har jo møtt eindel som har vore skeptisk, å sånn.

Fire av intervjupersonane har langvarige psykoselidingar⁵. Alle intervjupersonane med unntak av Erik har kontakt med psykisk helsevern. Tre av intervjupersonane fortel om ufrivillige opphald på psykiatrisk sjukehus. Deira forteljingar syner fem ulike erfaringar med ei rekkje fellestrekk. Før eg går nærare inn på det dei har fortalt, vil eg skissera opp deler av *landskapet* som pregar både intervjupersonane og min forståingshorisont.

⁵ Intervjupersonane sjølv oppgjev at dei har diagnosane schizofreni, schizoaffektiv, bipolar lidning. Det er ikkje mitt siktemål å knytte høyrselefenomena opp til spesifikke diagnosar. Eg vel difor å bruke omgrepet 'langvarige psykoselidingar' i stadenfor meir spesifikke diagnosar. 'Schizofreni' vert likevel brukt når litteraturen eg viser til brukar dette omgrepet.

3 VANDRING I EIT SKIFTANDE LANDSKAP

Etter mi erfaring har fagområdet psykiatri⁶ ein sentral plass innan psykisk helsevern. Psykiatri som fagområde utgjer såleis eit viktig bakteppe for vår forståing av å høyre meir enn dei fleste. Tradisjonelt har slike erfaringar blitt kalla *høyrselshallusinasjonar*. Dei har blitt kopla til og forstått som symptom på langvarige psykoselidingar⁷.

Eg vil sjå nærare på korleis strømmingar i tida og vitskapelege teoriar kan påverke ein annan gjensidig, og kva innverknad det har på *vår tids* forståing av å høyre stemmer og lydar som ein del menneskje er åleine om å høyre. Det utgjer òg ein viktig del av *min* forståingshorisont. Me skal så sjå på ein del nyare empirisk forskning. Den reiser ei rekkje spørsmål og gjev nokre interessante vinklingar på dette fenomenet. Eg vil òg kort forklare to ulike vitskapsteoretiske paradigme, positivismen og fenomenologien, før eg kjem inn på kva dei har å seie for vår tenking omkring denne erfaringa.

3.1 Historiske trekk i moderne psykiatri

Etableringa av store institusjonar for sinnlidande i førre hundreår gjorde det muleg å samanlikna og klassifisera ulike sjukdomsbilete. Emil Kraepelin (1856-1926), tysk professor i psykiatri, laga eit klassifikasjonssystem med utgangspunkt i naturvitskapleg organisk psykiatri. Klassifikasjons systemet slo an på verdsplan ved førre hundreårsskifte og er i store trekk framleis i bruk⁸ (Kringlen, 2001). Kraepelin hevda at psykiske lidingar har ein særskilt årsak, ein ”særleg cerebral patologi, en særleg klinikk og en spesifikk behandling” (Wulff, Pedersen, & Rosenberg, 1999:122). Han klarte ikkje å påvise denne patologien i hjernen, men gjorde systematiske observasjonar av *sjukdomslauptet* for å få informasjon om sjukdomane sin natur. Eit hovudtrekk ved diagnosesystemet var oppdelinga i tre hovudgrupper; psykosar, nevrosar og psykopatologi. Me skal sjå nærare på *psykosar*. Dei innebar former for lidingar som forandra røyndomsoppfatning eller brot med røynda (Haugsgjerd, 1990). Vidare meinte

⁶ Ordet psykiatri vart skapt av den tyske legen Johan Christian Reil i 1803. 'Psyche' betyr ånd og 'iatreia' betyr legegjerning (Kringlen, 2001). Psykiatri vert framleis sett som ein medisinsk spesialitet (jamfør lærebøkene til Kringlen, Dahl og Malt).

⁷ Særleg schizofreni

⁸ Haugsgjerd omtaler Kraepelin sitt system som ”læra om sjukdomseiningar” og viser til at det ikkje fekk gjennomslag i Frankrike eller USA (Haugsgjerd, 1990:20).

Kraepelin at det var skilnad på dei som hadde gode prognosar (manisk-melankolsk lidning), og dei som utgjorde den største gruppa av innlagde pasientar, dei som hadde det han kalla *dementia preacox*. Denne lidninga ramma unge menneske, og gav dei alvorleg sløving, med dårleg prognose. Eugene Bleuler (1857-1939) tysk sjukehus direktør, tok òg utgangspunkt i kategorien *dementia preacox*, men innførte omgrepet eller diagnosen '*schizofreni*', som me kjenner til i dag. Bleuler meinte som Kraepelin at lidninga var utløyst av ein organisk tilstand, men knytte diagnosen til *symptom* istadenfor sjukdomsløp, slik Kraepelin hadde gjort. Han skilde mellom primære symptom og sekundære symptom. Dei primære symptoma var assosiasjonsforstyringar, autisme, affektive forstyringar og ambivalens. Sekundære symptom var til dømes; hallusinasjonar, paranoide idear og katatoni. Hallusinasjonar vart altså sett som eit *sekundær symptom*, som ein *reaksjon* på basale dysfunksjonar (Kringlen, 2001). Schizofreni var i fylgje dette *ein bestemt* psykotisk sjukdom eller lidning. Åtferd og utsegn knytt stemmer eller lydar som ikkje kunne sansast av andre, vart såleis i stigande grad sett som sentrale sjukdomsteikn ved schizofreni.

I Noreg vart det som på den tid vart kalla sinnsjuke-omsorga, først institusjonalisert midt på 1800-talet. Det gjekk nesten eit halvt århundre før dei som tok seg av dei sinnsjuke, -vaktarane, vart skifta ut med pleiarar og etterkvart sjukepleiarar (Kristensen, 1980)⁹. I opplæringa av sjukepleiarane finn me eit ekko av den positivistiske tidsanden frå Europa¹⁰. Lærebok forfattar Rikke Nissen førte dei første formuleringane om sinnsjukepleie i pennen. Ho skriv, til dømes såleis om korleis sjukepleiaren skal forhalde seg til dei som hallusinerar i ”Lærebog i sygepleie for diakonisser”, frå 1877, i kapittelet om ”sindssyges pleie”;

”Det er aldeles forkasteligt at gaa ind paa den Syges falske Indbilledninger eller Sandsefønmørelser og saaledes bestyrke ham deri, for at stille ham tilfreds og forskaffe ham midlertidig Ro. Diakonissen maa imidlertid vogte sig for at ville modarbeide dem ved uforstandig Disputeren, hvorved hun kan fremkalde heftige Vredesudbrud. Hun maa med sagtomdighed og Rolighed sige den Syge, at han tager feil, og at det ikke forholder sig saaledes, som han indbilder sig, eller hun søger at henlede hans Tanker paa noget andet.” (Nissen, 2000:79).

Dialog om det som vart sett på som *falske* innbilingar eller sanseintrykk var uheldig. Det var innforstått at desse erfaringane var knytt til sinnsidinga og at dei var utanfor fornuftig

⁹ Kristensen (1980) peikar på at det låg ein akseptasjon av at den gale var sjuk gjennom skiftet av arbeidstittel frå vaktar til pleiarar.

¹⁰ Franskmannen August Comte (1798 -1857) namngav denne vitskapsteoretiske retninga utifrå det som kjenneteikna den, nemleg at verden skal forståast utifrå det som ein *positivt* kan sanse.

samtale. Dette synet har i stor grad blitt ståande uforandra, og om lag 100 år etter Nissen fekk eg tilnærma same opplæringa innan det som då vart kalla psykiatrisk sjukepleie.

1960 åra utmerka seg med dramatiske endringar innan psykisk helsevern. I stadenfor livslange opphald vart pasientane i stigande grad utskrivne frå institusjonane. Fleire meiner det særleg var oppdaginga av Klorpramazin og andre nevroleptika i 1950-åra som medverka til dei dramatiske endringane¹¹. Samstundes slo *psykodynamiske* og *sosialpsykiatriske* perspektiv gjennom for alvor. Den psykisk lidande vart ikkje lenger berre sett som eit isolert individ. Desse strømmingane fremma fokusering på samspelet mellom terapeut, pleiar og pasient, mellom den lidande, familie, og samfunn. Gjennom mellom anna familierapi, miljøterapi, arbeidsterapi og poliklinisk behandling skulle pasienten få hjelp til å forstå og løysa sine vanskar i den *samanhengen* han eller ho levde i (Kringlen, 2001; Almvik & Borge, 2000; Haugsgjerd, 1990)¹².

Den politiske tidsanden på 70-talet var prega av antiautoritære politiske strømmingar og i forlenginga vart dei store psykiatriske institusjonane forstått som autoritære og stivna struktur¹³. I Noreg vart institusjonsplassar innan psykisk helsevern redusert med 60% i perioden frå 1975 til 1995. Desentraliserte psykiatritenester vart for alvor satt på dagsorden, og ga drastisk nedbyggjing og geografisk sektorisering. Pasientane flytta ut av dei psykiatriske sjukehusa, ofte først til psykiatriske sjukeheimar eller sentra og så til heimkommunane sine, der hadde dei lovfesta rett til tilpassa helsetilbod nærast muleg sitt heimemiljø på lik linje med andre omsorgstrengjande¹⁴. Dette opna meir opp for andre faglege perspektiv enn tidlegare (Almvik & Borge, 2000).

Viktige faglege innspel i desentraliseringa av det psykiske helsevernet var Goffman si bok frå

¹¹ Dette hevdar mellom anna Kringlen (Kringlen, 2001), og det står mellom anna å lese i stortingsmelding nr 25 og informasjonshefte for pasientar og pårørande; "schizofreni" (Thorsen, 1998)

¹² Bentall og Day (1996) skriv at nevroleptika ofte får æra for reduksjonen i sengetallet i denne perioden, sjølv om det er historiske bevis at forandringane i sengetalet dei siste 30 år i første rekkje er knytt til helsepolitiske avgjerder.

¹³ Store psykiatriske institusjonar vart forbode ved lov i Italia, med grunngjevinga om at hospitalisering av psykiatriske pasientar var uttrykk for det kapitalistiske samfunnet si undertrykkjing av sosialt svake grupper (Almvik & Borge, 2000, dei viser til Dalgård 1999).

¹⁴ Dette vert kalla normaliserings - prinsippet. Det kunne sjåast som eit offentleg signal om at det medisinsk psykiatriske perspektivet ikkje skulle vere einerådande når det gjaldt behandling og utforming av tilbodet til den psykisk lidande (jamfør Stortingsmelding nr. 25).

1961¹⁵. I Noreg kan me nemna Løchen og Måseide (70- og 80-talet) si synleggjering av skuggesidene ved institusjonslivet, som dei meiner mellom anna førte til at pasientane vart *institusjonaliserte*, det vil seie hjelpelause og usjølvstendige (Hummelvoll, 1980). Åtferd som tidlegare vart sett som uttrykk for sjukdom, til dømes sløving eller apati, kunne slik forstått skuldast rammene under langvarige opphald på institusjon (Hummelvoll, 1980; Almvik & Borge, 2000). Etter ein lengre periode med vektleggjing av sosiale og psykologiske forståingsmodellar, gjorde likevel medisinsk biologisk tenkjing seg igjen sterkare gjeldande. I USA snakka ein om eit paradigmeskifte¹⁶. Amerikanske styresmakter kalla perioden frå 1980 til 1990 for "*The decade of the brain*". Det dominerande synet var igjen at ein skulle sjå schizofreni som ei sjukdomseining der *organiske* faktorar var avgjerdande. Denne budskapen vart til dømes formidla gjennom nasjonale informasjonskampanjar i USA. På same vis som ved andre sjukdommar, meinte ein at det var viktig å koma *raskt* til behandling for eit best muleg resultat (Davidson, 2003). USA var først ute, men Noreg kom etter, om enn i modifisert grad. Miljøet ved Stavanger Universitets sjukehus på slutten av 90 talet, kan vera eit døme på dette. Dei retta mellom anna fokus mot førstegongs psykotiske pasienter gjennom eit forskingsprosjekt som vart kalla; Tidleg intervensjon ved psykosar. (TIPS)¹⁷, der dei tok sikte på å "hindre, mildne eller forsinke" psykose-utbrot og utvikling av schizofreni gjennom tidleg oppdaging og behandling av tilstanden. Stiftinga Psykopp¹⁸ vart og oppretta for å formidla informasjon om psykiske lidingar gjennom mellom anna trykksaker til folkesetnaden. I Psykopp sin informasjon står det at psykoserelevante lidingar er knytta til dysfunksjonar i hjernen. Det står til dømes i heftet om schizofreni at "det er fastslått at hjernen fungerer noe annerledes enn den skal. Det er ingen direkte hjerneskode, men en feilfungering" (Thorsen, 1998:21). Det står vidare at langvarig medikamentell behandling difor oftast er sentral.

"Det har vist seg at pasienten, når han starter behandling etter et tilbakefall, oftest blir bedre, men ikke fullt så bra som da han sluttet med medisinene før tilbakefallet. Slik blir det for hver gang pasienten slutter med medisiner" (Thorsen, 1998:22).

¹⁵ I "Asylums" gir Goffman utførlege skildringar av institusjonane si innverknad på menneske i USA. Dei fungerte som totalinstitusjonar på den tid. Alle behov vart dekkja innafør institusjonsrammene (Hummelvoll, 1980).

¹⁶ USA var fram til 70-talet sterkt prega av den psykoanalytiske forståingsramma (Kringlen, 2001).

¹⁷ TIPS er eit multisenter forskingsprosjekt. Det er eit samarbeid mellom Stavanger universitets sjukehus (SUS), Ullevål, universitetet Yale i USA, og Roskilde i Danmark. Hypotesen deira er at dess kortare tid det er mellom dei første psykoseteikna viser seg og behandling vert satt i gang, såkalla VUP (varighet of ubehandla psykose), dess betre er prognosa (TIPS. Tidleg intervensjon ved psykosar, 1998).

¹⁸ Psykopp er ei forkorting av stiftinga Psykiatrisk Opplysning, som held til i Stavanger. Gerd Ragna Bloch Thorsen, psykiater, er ei av fleire forfattarar som arbeider ved SUS.

Behandlinga må setjast i gang så raskt som muleg og er som regel naudsynt i lange periodar, oftast livet ut¹⁹ (Thorsen, 1998).

Psykiatrifaget og psykisk helsevern har slik pendla mellom vektleggjing av mellom anna biologiske og sosiale forklaringsmodellar og behandlingsmåtar gjennom tidene. Filosofen Åge Wifstad (1997) hevdar at psykiatrien manglar identitet, medan medisinenaren Henrik Wulff et al (1999) skriv at psykiatrien er ei slagmark for konkurrerande paradigme. Praksis og teori blir i stigande grad prega av eit meir samansett syn på psykiske lidningar, og biologiske og sosiale forståingsmodellar vart nytta eklektisk i til dømes *psykososiale modellar*. I informasjonen til psykopp sto det å lese om schizofreni at den einskilde i ulik grad gjennom arv var *sårbar* for å få denne sjukdommen og at påkjenningar i livet måtte til for at den sårbare skulle få eit sjukdomsutbrot (Thorsen, 1998). Dei bygde slik eg forstår det på det som vart kalla sårbarheit-stressmodellen, ein psykososial modell²⁰ (Cullberg, 2001). Samanhengen mellom dei ulike faktorane i bio-psyko-sosiale modellar synest likevel ikkje vere *likestilte*, slik me har sett, men organisert i eit hierarkisk system der biofysiologiske faktorar vart sett som det mest grunnleggjande²¹ (Schwartz & Wiggons, 1985; Mandelid, 2003).

Kraepelin og Bleuler sine teoriar synest å ha fått ein renessanse, og dei dominerar igjen synet på psyksiske lidningar. ICD-10²² er WHO (World Health Organisation) sitt statistiske klassifiseringsverktøy til bruk i klinisk og forskingsbasert diagnostisering. Saman med det amerikanske diagnosesystemet DSM-IV utgjer dei siste revisjonane av klassifikasjonssystema den *neo-kraepelinske tidsalder*. Det vert likevel understreka at schizofreni ikkje treng vera ein kronisk sjukdom, men eit syndrom med fleire mulege årsaker og utfall²³. Kriteria for å stille diagnose er gjennom dei siste revisjonane, søkt gjort objektive gjennom ei deskriptiv og

¹⁹ ”Medisinene hjelper til å gjenopprette balansen i hjernen, men har ingen direkte helbredende virkning” (Thorsen, 1998:21)

²⁰ Den amerikanske psykiateren Joseph Zubin utvikla på midten av 1970-talet den såkalla sårbarheit-stress modellen (Cullberg, 2001).

²¹ Gjennom ein tilsynelatande integrering av biologiske og psykologiske faktorar, undertrykkjer psykososiale modellar diskusjon om kva plass desse ulike faktorane har i høve til einannan hevdar Wifstad (1997). I praksis medverkar dette til at forskning på psykologiske og sosiale faktorar blir nedprioritert, og at klinikaren viser mindre interesse for psykososiale forhold, hevda TK Larsen på ISPS kongress (Mandelid, 2003).

²² International Classification of Diseases, utgåve10. I 1997 vart den psykiatriske delen innført, og er det offisielle systemet i Noreg. DSM-IV (Diagnostic and statistical manual of mental disorders, fjerde utgåve) vert òg brukt. Det er stor likskap mellom systema (Cullberg, 2001).

²³ Dette kan tilskrivast Schneider sine bidrag til diagnosesystemet. Han var ein tilhengar av den såkalla syndromlæra (Haugsgjerd, 1990).

ateoretisk utforming. Slik skal ein kunne ta utgangspunkt i det ein observerar direkte, utan å gå nærare inn på til dømes mulege årsaksfaktorar. På dette viset søkjer ICD-10 og DSM IV å unngå konflikten mellom biologiske og sosiale forståings modellar. Det som til dømes vert omtala som underlege sanseerfaringar og umotivert åtferd vert sett som hallusinatorisk åtferd og symptom på muleg sjukdomsutvikling. Vedvarande hallusinasjonar, til dømes over ein periode på ein månad eller meir²⁴ gir mellom anna grunnlag for å stille diagnosen schizofreni (Wifstad, 1997; Statens helsetilsyn, 1999; Kringlen, 2001; Cullberg, 2001; Haugsgjerd, 1990).

I Storbritannia og Nederland er det fleire forskarmiljø som gjennom dei siste 10- 15 åra har forska på høyrselshallusinasjonar uavhengig av diagnose²⁵. I Storbritannia er Bentall, Chadwick, Birchwood, Slade og Haddock dømer på forskarar med ei kognitivpsykologisk tilnærming. Nederlendarane Marius Romme og Sandra Escher har eit sosialpsykiatrisk perspektiv på erfaringar med å høyre stemmer. Felles for begge miljøa synest å vere at den som høyrer stemmer kan *påverke* sin situasjon gjennom å *forhalde seg aktivt* til fenomenet. ”Hearing Voices Network” (HVN) er eit nettverk av sjølvhjelpsrelatert arbeid for dei som høyrer stemmer. Nettverket har vakse fram med utgangspunkt i desse miljøa og har fått eit sterkt fotfeste i Storbritannia med over 100 sjølvhjelpsgrupper i ulike deler av landet. Våren 2004 vitja eg det nasjonale senteret for HVN i Manchester, og hospiterte i to ulike grupper for stemmehøyrarar²⁶.

Eg set no strek for dei historiske sjumilsstega innan psykiatrifagfeltet og psykisk helsevern, og ser nærare på dei rådande perspektiv på høyrselshallusinasjonar me har no.

²⁴ I fylgje DSM-III vert schizofreni sett som meir alvorleg, og med dårlegare prognose enn med ICD-10. Symptoma skal i fylgje DSM-III ha vart i seks månadar eller meir for å gi diagnosen schizofreni.

²⁵ Bentall (1990) stiller seg kritisk til diagnosesystemet slik det ligg føre i dag. Han meiner til dømes at schizofreni ikkje lar seg avgrense til eit bestemt syndrom avgrensa frå andre psykostiske tilstandar og at fokusering på diagnosar kan ta merksemda bort frå erfaringane som pasientane slit med.

²⁶ I dag finst det nokre spreidde initiativ med å få i gang liknande arbeid her til lands (i Oslo og i Molde).

3.2 Om det som vert kalla høyrselshallusinasjonar

3.2.1 Korleis vert 'hallusinasjonar' definert?

Einar Kringlen, professor i psykiatri og sentral lærebokforfattar (2001), omtalar hallusinasjonar som ein av dei vanlegaste *persepsjonsforstyrringar*, utanom illusjonar. Ved illusjonar skjer det ei feiltolking av sansestimuli, medan det tilsynelatande ikkje er samanheng mellom hallusinasjonar og sanseintrykk. Det er likevel vanleg å gruppera hallusinasjonar etter våre fem sansorgan; syn, høyrsel, lukt, smak og berøring (ibid.). Eg lar Kringlen (2001) målbera ei meir konkret omtale av det tradisjonelle psykiatriske synet på kva hallusinasjonar er. Han tek utgangspunkt i ICD-10;

”Hallusinasjoner er forestillinger eller opplevelser uten adekvate ytre sanseintrykk. Pasienten hører stemmer uten at noen snakker, han ser ting uten ytre sanseintrykk. Pasienten kan ikke korrigere sine hørsels- og synsopplevelser. Betegnelsen pseudohallusinose anvendes når pasienten har innsikt for at hallusinasjonene stammer fra hans eget sinn og er uttrykk for sykdom. Pasienten er altså klar over at det ikke foreligger noen objektiv sansepåvirkning.” (s.81).

Høyrselshallusinasjonar førekjem oftast ved schizofrene og reaktive psykosar, skriv Kringlen (ibid.). Fenomenet vert plassert innafor patologien sine termar og sett som symptom på ulike somatiske og psykiatriske lidingar, i første rekkje langvarige psykiske lidingar der tilstanden 'psykose' er sentral²⁷. Kringlen skriv fylgjande om kva psykose er:

”En psykose er vanligvis et sammenbrudd i individets rasjonelle og emosjonelle mestring av sin situasjon. Pasienten har mistet taket på virkeligheten og oppfører seg uvanlig. Den psykotiske har ikke sykdomsinnsikt, men er overbevist om at symptomene er reelle og forårsaket av påvirkning utenfra (...) *psykologisk* sett preges den psykotiske pasienten av mangelfull evne til å diskriminere mellom subjektive indre og objektive ytre stimuli.” (Kringlen, 1997:118, 119).

Eg vil òg presentera eit anna perspektiv på kva hallusinasjonar er. Richard P. Bentall, britisk professor i psykologi, viser til ein annan definisjon i artikkelen; ”The illusion of reality: A review and integration of psychological research on hallucinations” (1990). Hallusinasjonar er i fylgje den;

²⁷ Det fins inga universelt akseptert definisjon av psykose, men hallusinasjonar og vrangførestillingar er sentrale symptom på denne tilstanden i dei aller fleste difinisjonar (DSM IV TR)

”any percept-like experience which (a) occurs in the absence of an appropriate stimulus, (B) has the full force or impact of the corresponding actual (real) perception and (c) is not amenable to direct and voluntary control by the experiencer”(s.82).

Ved å omtale hallusinasjonar som 'persepsjons-liknande' erfaringar med same verknad som ein tilsvarande reell persepsjon, meiner Bentall å ha fanga essensen i erfaringa, nemleg at det er *illusjon av realitet*. Vidare poengterar han at erfaringa i seg sjølv ikkje kan kontrollerast av den det gjeld. Bentall har fokus på dei kognitive aspektene ved mennesket. Han meiner at den som hallusinerar har svikt i evna til å skilje mellom eigne førestillingar og ytre informasjonskjelder²⁸. Men sidan me veit for lite om korleis denne evna eller denne prosessen vanlegvis fungerer er det vanskeleg å seie noko nærare om kva som sviktar. Det å vere overtydd om at ein høyrer noko sjølv om ingen andre kan høyre det, er altså ein feil funksjon, men det er *ikkje* utan vidare uttrykk for sjukelege prosessar (ibid.). Bentall brukar difor ikkje uttrykk som 'manglande sjukdomsinnsikt', slik Kringlen gjer. Han seier òg at skilje mellom ekte og pseudohallusinasjonar er uklart og at den kliniske relevansen av eit slikt skilje er uviss (ibid.).

Innhaldet i det Bentall kallar 'psykotiske hallusinasjonar' er ikkje tilfeldig, men truleg knytt til påkjenningane som utløyser psykosen. Han hevdar òg at innhaldet er knytt til den einskilde sin personlegdom (Bentall, 1990). Dette samsvarer med det Kringlen (2001) skriv; ”I det hele tatt kan innholdet i hallusinosen, og tidspunktet og sammenhengen hallusinoser opptrer i, brukes til å forstå pasienten bedre” (s.82).

Førestillingane som den einskilde har i høve til stemmene eller lydane han høyrer vert som regel kalla *vrangførestillingar*. Kringlen (2001) skriv at; ”en vrangførestilling er en ukorrekt eller utrolig påstand, en urokkelig tro som ikke kan forklares ut fra pasientens sosiale og kulturelle bakgrunn” (s.83).

Me skal no sjå nærare på ein del aktuell forskning som er gjort i høve til høyrselshallusinasjonar.

²⁸ ”Self-generated and external sources of information” (Bentall, 1990:82).

3.2.2 Kva viser empirisk forskning oss?

Høyrselshallusinasjonar er som regel undertema i studium av psykoselidingar. Men gjer ein litteratursøk med søkjeorda 'auditory hallucinations', eller 'hearing voices' kan ein sjå at talet på publiserte artiklar som ser på det å høyre stemmer som ei sentral erfaring i seg sjølv, har auka kraftig dei siste fire-fem åra.

Me skal sjå nærare på ein del epidemiologisk forskning gjort i Storbritannia, USA og Nederland gjennom dei siste 20-30 åra. Eg har valt ut desse undersøkingane gjennom den såkalla 'snowball-metoden' (Hamran, 2002). Dei vert referert til frå ulike hald, og synest vere sentrale når ein søkjer forstå dei nyare perspektiva på erfaringar med å høyre stemmer og lydar.

På 70-talet gjennomførte Rees (1971) ein intervjustudie om hallusinasjonar i Storbritannia. Han rekrutterte 300 enker/enkemenn gjennom eigen praksis som ålmennpraktiserande lege i Storbritannia, og fann at nær 50% av desse erfarte hallusinasjonar. Litt over 13 % hørde stemma til den som hadde døydd, medan meir enn 10 % samtalte med stemma til den avlidne. Dei verka vera overtydd om at dei verkeleg hørde den tidlegare ektefellen. Erfaringane varte i fleire år, men var mest vanleg dei første ti åra etter tapet. Erfaringane verka ikkje ha samanheng med sosial isolasjon eller depresjon, og størstedelen av dei som hørde stemma til den avlidne erfarte det som ei hjelp og trøyst, altså noko positivt, meinte Rees. Dette kan vere ein av grunnane til at intervjupersonane ikkje nemnde noko om desse erfaringane til lege. Over 3/4 av dei som opplevde hallusinasjonar hadde heller ikkje snakka med nokon andre om desse erfaringane, før dei vart intervjuet. Meir enn halvdelen svara at dei ikkje visste kvifor dei let vere å snakke om erfaringa. Resten sa at det var ulike grunnar, og den viktigaste samanheng var at dei ikkje ville bli gjort til latter.

Rees viste gjennom denne studien at det var ganske vanleg å høyre eller sjå den som hadde døydd i lang tid etter dødsfallet. Studien viste òg at dei gjenlevande oppfatta det som positivt, men at dei fleste ikkje snakka om desse erfaringane. Me skal sjå vidare på fleire epidemiologiske studium der sentrale spørsmål mellom anna er, 1) kor vanleg det er å høyre stemmer som ein er åleine om å høyre og 2) om erfaringane er eit tidleg teikn på, eller eit symptom på ei psykoseliding.

I USA kartla forskarane Posey & Losch (1983) mellom anna omfanget av ulike typar høyrselshallusinasjonar²⁹. Dei fann at litt over 70% av dei 375 studentane som fekk spørjeskjema, hadde minst ei høyrselserfaring som dei var åleine om å ha, i vaken tilstand. Det vanlegaste var å høyra nokon uttale tankane deira (39 %), og seie namnet deira medan dei var åleine (36 %). Om lag halvparten hadde slike erfaringar minst ein gong i månaden. Ei nærare undersøkjing dei gjorde av 20 av informantane³⁰ tyder på at høyrselshallusinasjonane ikkje kan knytast til patologi.

Barrett og Etheridge (1992) gjorde eit tilsvarande studie ti år seinare, og fekk omlag same resultat som Posey og Losch i høve til verbale hallusinasjonar. 30-40 % erfarte høyrselshallusinasjonar i vaken tilstand og halvparten av desse erfarte dei minst ein gong i månaden. Deira resultat viser òg at det å høyre stemmer som ein er åleine om å høyre, ikkje kan knytast til tidlege teikn på psykiske lidingar. Dei skriv; "all hallucinations are most profitably viewed as lying on a continuum of perceptual-like experience and are not, in and of themselves, indicative of a mental disorder" (s.386).

I endå ei amerikansk undersøkjing, leia av Tien (1991) vart 18500/15000 personar i ein normal folkesetnad intervjuet to gonger med eit års mellomrom. Tien fann at omlag 2 % høyrde noko dei var åleine om å høyre, og at størsteparten ikkje opplevde det som særleg plagsamt. Når han samanlikna funna med ein studie gjennomført i England, Russland og Brasil av Sidgewick på slutten av 1800-talet (referert av Tien, 1991), kunne Tien hevde at det ikkje har blitt verken meir eller mindre vanleg å hallusinera gjennom dei siste hundre år. Tien sine resultat var svært like den nesten like omfattande studien gjort av Sidgewick nær hundre år tidlegare³¹.

Både Posey og Losch, Tien, Barrett og Etheridge skil mellom erfaringar med verbale budskap i vaken tilstand og ved til dømes innsovning og oppvakning. Slik vil dei unngå samanblanding mellom draum og det som vert definert som hallusinasjonar. Denne erfaringa

²⁹ Posey & Losch (1983) var inspirert av Jaynes' teoriar om at stemmehøyering er knytta til evolutorisk utvikling av medvitet. Gjennom analysar av mellom anna Illiadene, meinte Jayne å sjå at stemmehøyering var ei form for ikkje-medviten språkbruk hjå primitive folkegrupper, som har blitt mindre vanleg i vår tid. Dei har og teke i bruk kategoriar av høyrselserfaringar som vert brukt i DSM III (Leudar, 2000).

³⁰ Intervju ved hjelp av Minnesota Multiphasic Personality Inventory (MMPI) - eit standardisert intervjueskjema til kartleggjing av psykiske lidingar.

³¹ Resultata er justert i høve til at Sidgewick inkluderte høyrselshallusinasjonar ved innsovning eller oppvakning. Sidgewick arbeidde utifrå ein hypotese om at det var muleg å bevise telepatiske fenomen, og inkluderte difor desse erfaringane (Tien, 1991).

vert i fylgje DSM-III³² sett som uttrykk for patologiske prosessar berre når det førekjem *utanom* oppvakning og innsovning, altså i *vaken* tilstand. Liknande erfaringar ved til dømes nedsett medvitsnivå vert sett på som normalt, og definert som illusjonar eller draumar (Barrett & Etheridge, 1992; Leudar & Thomas, 2000). Kvifor det er fleire som høyrer stemmer eller lydar i studentmiljø enn generelt i folkesetnanden, finn eg ingen kommentarar på.

Romme & Escher (1996, 2000) har sett nærare på kvalitetane ved såkalla høyrselshallusinasjonar, og samanlikna stemme-erfaringane til tre grupper stemmehøyrarar. Dette var; a) dei utan kontakt med psykiatritenester og som ikkje kan diagnostiserast som psykisk sjuk, b) pasientar med diagnosen schizofreni, og c) pasientar i diagnosegruppa dissociative lidingar. Forskarane fann ingen signifikante skilnadar ved *kvaliteten* til stemmene i dei tre gruppene. Dei avkreftar med andre ord at stemmer som til dømes vert opplevd som at dei kom innafrå (indre stemmer) eller som at dei uttaler personen sine tankar, kan sjåast som sikre teikn på schizofrene hallusinasjonar³³. Sjølv om 70% av dei som har diagnosen schizofreni høyrer stemmer, fann Romme og Escher at slike stemme-erfaringar ikkje berre førekjem hjå dei som har denne diagnosen³⁴. Skilnadane mellom erfaringane til dei ulike gruppene var knytt til *meistringsmåtane* deira.

Romme og Escher (1989, 1996a, 1996b, 2000) har med utgangspunkt i mellom anna den epidemiologiske forskinga til Posey og Losch, Tien, og Barrett og Etheridge, gått nærare inn på konsekvensar dette har for vår forståing av høyrselshallusinasjonar innan psykiatrien som fagfelt spesielt, og psykisk helsevern generelt. Dei skriv;

”The acceptance that there are healthy people hearing voices with the characteristics of auditory hallucinations is a prerequisite to change one’s view that it is not the experience itself that is a sign of mental illness but that the way of coping with this experience may lead to or can be the expression of mental illness” (Romme, 1996a:53).

Gjennom eit fjernsynsprogram i 1989 rekrutterte Romme og Escher, saman med ein pasient som sjølv høyrde stemmer, 450 personar til å delta i samtalar og ei spørjeundersøking om kva som kjenneteikna deira erfaringar med å høyra stemmer og korleis dei meistra dette. Etter eige utsegn hadde 300 vanskar med å handtera stemmene. 150 klarte å handtera dei. Desse 150

³² Dette er ikkje forandra i DSM IV.

³³ Det som vert kalla ”Schneiders first rank symptoms”.

³⁴ Leudar & Thomas (2000) har gjort eit liknande studie med same resultat.

hadde inga kontakt med psykisk helsevern, og kunne heller ikkje diagnostiserast som psykisk lidande. Det som kjenneteikna dei som klarte å handtera stemmene var at ingen av dei var redd for stemmene, dei oppfatta oftare stemmene som venlege og positive enn dei som hadde vanskar. Denne gruppa sette oftare grenser for stemmene og lytta selektivt til dei.

Intervjupersonane sine meistringsmåtar utvikla seg gjennom ulike fasar, meiner Romme og Escher og deler fasane inn i overraskings-, organiserings-, og stabiliseringsfasen³⁵ (ibid.).

Romme og Escher hevdar det er ein klar samanheng mellom *traumatiske* livshendingar og stemmehøyring hjå ca. 70 % (1989, 1996a, 1996b, 2000). Traumatiske hendingar kan vere, slik dei definerar det, emosjonelt krevjande situasjonar som til dømes dødsfall, skilsmisse, ulykker og graviditet. Romme viser mellom anna til Ensink som støtte for at tidlegare traumatiske erfaringar kan koma til uttrykk som stemmer. Bernadine J. Ensink, nederlandsk psykolog, har gjennomført ein studie der 100 kvinner som hadde blitt seksuelt misbrakte som barn, vart intervjuet (1992). Resultata viste at 43 % av kvinnene hadde hallusinasjonar. 28 % av hallusinasjonane vart klassifisert som høyrselshallusinasjonar. Ensink meiner at stemmene som kvinnene høyrde kan knytast til overgrepa. Ho hevdar òg at hallusinasjonar bør studerast som symptom uavhengig av det ho omtaler som ”hypotetiske diagnoser” (ibid.).

Som ein innfallsport til auka forståing av langvarige psykoselidingar, og korleis ein betre kan møte den lidande, har fleire forskarar interessert seg for korleis dei som har slike lidingar *sjølv* erfarar sin situasjon og kva dei *sjølv* gjer i høve til sine plager (Strauss, 1996; Estroff, 1989; Davidson, 1992; 1994; 2003; Topor, 2001; Borg & Topor, 2001). Alain Topor, svensk doktor i psykologi, dokumenterer at den som lid av til dømes schizofreni oftast er aktiv sin betringsprosess (2001). Han meiner at det frå psykiatrisk hald tradisjonelt har blitt hevda om den som har diagnosen schizofreni og som vert frisk, at han har blitt feildiagnostisert. På den andre sida vert den som framleis er plaga av til dømes stemmer trass behandling, ofte omtalt som behandlingsresistent. 30% av dei som får medisinsk behandling for si psykoseliding, har framleis plagsame symptom som til dømes hallusinasjonar, viser mellom anna dei britiske sjukepleiarane Coffey & Higgon (2001) til. Dei meiner dette er noko særleg sjukepleiarar i

³⁵ Dei synest meine at desse fasane utgjer ein liniær prosess. 1) *overraskings- eller urofasen* der stemmehøyraryren ofte er forvirra og overvelda av den nye erfaringa. 2) *organiseringsfasen* der han søker etter måtar å handtere stemmene på. I *stabiliseringsfasen* har dei utvikla eit meir stabilt forhold til stemmene, der dei har meir kontroll, er mindre redd og ser stemmene som knytta til dei sjølve (Romme, 1989, 2000).

kommunehelsetenesta i større grad må forhalde seg til, gjennom å utforske *meiniga* med stemme-erfaringane, og kva den einkilde *kan gjere* i høve til dei.

Chadwick og Birchwood (1994, 2000), har gjennom to studiar, undersøkt *tankesetta* eller *overtydingane* ("beliefs") til 26/71 personar med såkalla kroniske høyrselshallusinasjonar. Dei meiner at overtydingar om identiteten, hensikten med desse erfaringane ("kvifor meg?") og omnipotensen til stemmene spelar ei avgjerande rolle i høve til korleis den einkilde erfarer og forhold seg til stemmene. Når det gjeld overtydingar om maktforholdet til stemmene finn dei at det ikkje åleine er viktig kva makt intervjupersonane meiner stemmene har, men at det òg er avgjerande om dei sjølv kjenner seg maktelause eller ikkje, i høve til stemmene. Overtydingar og tankemønstre er såleis viktige *innfallsportar* til å finne meir tenlege måtar å forhalde seg til stemmene på, og samstundes minske deira oppleving av maktesløyse (ibid.).

Eg tek og med ein artikkel av Annbjørg Haram Aakre her. Ho er ein av få norske artikkelforfattarar som har skrivne om ei terapeutisk tilnærming som set fokus på samtale om stemme-erfaringar. I artikkelen "Dialogens kraft -når tankar blir til stemmer" skriv ho om pasienten Halvard sine erfaringar med stemmer og deira samarbeid i høve til dei uregjerlege stemmene som plagar han. Gjennom dialog om stemme-erfaringane vart dei til noko han kunne forstå og forhalde seg aktivt til (Åkre Haram, 1997).

Ontologiske spørsmål som kva stemmehøyring *er*, har i liten grad blitt utforska. Romme og Escher hevdar til dømes at stemmene som den einkilde erfarer *eksisterar*, og er *verkelege*, men går ikkje djupare inn på kva måte stemmene eksisterar. Det har dei britiske forskarane Philip Thomas, psykolog, Ivan Leudar psykiater, og medarbeidarane Peggy Davies og Patrick Bracken gjort (1999, 2000, 2004). Dei har mellom anna sett nærare på *meiniga* ved fenomenet 'å høyre stemmer'. Gjennom ulike perspektiv har dei søkt å forstå kva erfaringar med å høyre stemmer er og korleis ein kan hjelpe den som er plaga av stemmer³⁶. I boka "Voices of reason, voices of insanity" nærmar Leudar og Thomas (2000) seg stemmehøyring utifrå eit språkhistorisk og kulturelt perspektiv. Dei hevdar at språklege og kulturelle tilhøve spelar ei avgjerande rolle for korleis erfaringar med å høyre stemmer kjem til uttrykk, og korleis dei vert oppfatta - om det er eit teikn på *noko guddommeleg, galskap* eller *sjukdom*. I ein nyleg publisert artikkel (Thomas et al, 2004) nærmar dei seg stemme-erfaringane til ei

³⁶ I artikkelen "dialogical engagement with voices; A singel case study" (Davies et al., 1999) ser dei på stemme-erfaringane som indre språk, med dialogiske sider.

kvinne som er i sorg gjennom ei fenomenologisk-hermeneutisk tilnærming som byggjer på perspektiva til den franske psykologen og filosofen Maurice Merleau-Ponty. Den avdøde ektefellen synest vere *nærverande* på liknande vis som om han var i livet. Det som *tidlegare* har skjedd går føre seg som om det skjedde i *no-tida*. Dei viser at stemme-erfaringane til kvinna vert forståelege gjennom å sjå dei i samheng med hennar livshistorie. Ein slik innfallsvinkel inneber i fylgje dei, at me må ha ei *heilskapleg tilnærming* til slike menneskelege erfaringar om me vil forstå dei. Dei etterlyser meir forskning ut frå eit hermeneutisk-fenomenologisk perspektiv på erfaringar med å høyre stemmer hjå menneske som mellom anna har diagnosen schizofreni (ibid.).

3.2.3 Samlande vurdering

Gjennom ei årrekke har mesteparten av den kunnskapen me har om erfaringar med å høyre noko som ingen andre høyrer, handla om pasientar med slike erfaringar som er til behandling på institusjonar innan psykisk helsevern. I seinare tid har forskarane retta merksemda mot å sanne eller avsanne sambandet mellom det som tradisjonelt blir kalla 'høyrselshallusinasjonar' og ulike psykoselidingar. Epidemiologisk forskning har synt at det mellom anna ikkje finst nokon sikker samheng mellom faktumet at nokon høyrer stemmer *og* at dei har eller kjem til å utvikle ei psykisk lidning. I stigande grad har forskarar fokusert på stemme-erfaringane som ei erfaring i seg sjølv. Ulike kvalitetar ved stemme-erfaringane har blitt søkt knytt til ulike diagnosar, utan at dette har vist seg å vere sikre haldepunkt. Forståinga den einskilde har av stemmene og deira meistringsstrategiar har kome meir i fokus. Forskinga baserar seg i større grad på erfaringar både hjå dei som er innlagt *og* hjå personar som ikkje treng institusjonsopphald. Det er likevel få studium med eit *livsverd perspektiv* på stemmehøyring.

I det fylgjande avsnittet vil eg sjå nærare på det eg ser som ein viktig bakgrunn til denne utviklinga, og gjer greie for sentrale trekk ved positivismen og kunnskapsutvikling innafor dette paradigme, før eg går nærare inn på kva eg legg i '*livsverd perspektiv*' og kva forskning med dette perspektivet kan innebera.

3.3 Positivistiske ideal og deira innverknad på kunnskapen me har

Positivismen vaks fram med bakgrunn i britisk empirisme³⁷ og framstega til naturvitskaplege og tekniske vitskapar på 1700-talet. Den fekk likevel først fottfeste på 1800-talet. I fylgje positivisten skulle vitskapleg kunnskap berre byggjast på presise skildringar av det positivt gitte, altså det som kunne sansast, oftast kalla *sansedata*³⁸. Med realvitskapane som fremste ideal skulle forskaren finna fram til det regelbundne og ordne dette systematisk i større samanhenger og teoriar. Eit kjernepunkt innan positivismen, skriv den danske filosofen, Jan Riis Flor (1995), er at ein:

”ikke interesserer sig for en absolutt begribelse af tingenes væsen, og hvordan de produceres, men udelukkende for at bestemme lovmæssighederne for fænomenernes rækkefølge og lighed på basis af observation og resonnement” (s.59).

Kraepelin si vektleggjing av *observasjonar* av sjukdomslaup som kjelde til kunnskap om kva psykiske lidingar er, og som basis for eit klassifikasjonssystem av psykiske lidingar, ser eg på bakgrunn av det positivistiske vitskapsidealet (jamfør 3.1). Vitskapleg kunnskap skal byggje på intersubjektivt kontrollerbare observasjonar, eksperiment, eller testar, og dei induktive og deduktive resonnementa som er knytt til desse. Det som ikkje kan sansast og heller ikkje kan gjerast sannsynleg gjennom logiske resonnement, kan me i fylgje denne tenkjinga ikkje vite noko om. Objektiviteten innafor det positivistiske paradigme er ikkje knytt til det som *er*, det vil seie ontologi, men til intersubjektiv konsensus. Det er i første rekkje *epistemologiske* spørsmål, altså det menneske kan erkjenne om verda, som opptek positivisten. Den einskilde forskar *kan og skal* ha ein nøytral og objektiv, posisjon i høve til forskingsresultata. Ho skal finne fram til det som einkvar vil sanse og erkjenne under dei same vilkåra (Flor, 1995). Storparten av den empiriske forskinga eg har vist til, har utgangspunkt dette perspektivet. Standardiserte intervju skal gi kven som helst dei same data.

Data må kunne samanliknast og kvantifiserast. Det stiller krav til språket vitskapen nyttar. Vitskaplege omgrep og språkbruk må gi minst muleg rom for skjønn. Carnap, tysk amerikansk filosof, var ein markant representant for det som vart kalla nypositivismen³⁹ der ein i sær såg nærare på dette. Carnap hevda at filosofi var logisk analyse av vitskapleg språk

³⁷ Den empiriske grunninnstillinga er at all kunnskap stammar frå *erfaringa*.

³⁸ Data betyr ”det som er gitt” (Flor, 1995)

³⁹ vert òg kalla 'logisk positivisme' eller 'logisk empirisme'.

der målet var å utvikle eit språk som var eintydig, klart og uavhengig av konteksten. Nyare medisinsk forskning innan psykisk helsevern er sterkt prega av nypositivismen. Dei siste utgåvene av ICD og DSM kan sjåast som dømer på denne forma for vitenskapleg språkbruk. Dei har utforma nøyaktige inklusjons- og eksklusjonskriteria som skildrar vilkåra for at den eine eller den andre diagnosen skal brukast. 'Høyrselshallusinasjonar' vert definert som eit symptom på schizofreni når dei til dømes varer over eit gitt tidsrom og skjer i vaken tilstand. Slik kan fleire forske på det same fenomenet gjennom ulike studiar, og likevel få resultat som kan samanliknast (jamfør 3.2.2).

I fylgje Carnap har me to former for det han kallar kognitivt meiningsfylte setningar; *analytiske* og *syntetiske* setningar, skriv Flor (1995). Dei analytiske setningane har si mening gjennom setningsoppbygginga, og byggjer på *semantikk* og *logikk*, medan syntetiske setningar er sanne i kraft av at dei samsvarer med *erfaring*. Både observasjonssetningar og teoretiske setningar er syntetiske setningar, dei er med andre ord erfaringsbaserte (ibid). Påstanden 'eg høyrer stemmer i leilegheita' når ingen andre kan høyre noko, er i fylgje nypositivisten sitt resonnement døme på ei kognitivt meiningslaus setning. Påstanden synest vere ein syntetisk setning fordi den seier noko om erfaring, men den samsvarer ikkje med noko som kan sansast intersubjektivt. Det som kan sansast intersubjektivt er *at eg påstår* 'eg høyrer stemmer i leilegheita' når ingen andre kan høyre noko. Likeeins kan det vere muleg for andre å sanse *at eg oppfører meg* som om eg høyrer noko som ingen andre høyrer. Gjennom å setje ord på det som kan sansast av andre, vert det muleg å lage observasjonssetningar som kan *verifiserast* eller *avverifiserast* av andre. 'Studenten seier at ho høyrer stemmer i leilegheita' er såleis eit døme på ei kognitivt meiningsfylt setning om erfaringa med å høyre stemmer.

Det vitenskaplege idealspråket må i fylgje nypositivismen, byggje på *kognitivt meiningsfylte setningar* (Flor, 1995). Den vitenskaplege merksemda⁴⁰ i høve til det me kallar psykiske plager og lidingar, vert difor i stor grad retta mot menneske si åtferd (jamfør omgrep som 'hallusinatorisk åtferd'). Det seier seg sjølv at medisinsk biologisk forskning er den vitskapsretninga som lettast kan halde seg til dei strenge krava frå nypositivimen. Det verkar vere ein viktig medverkande årsak til at biologisk-orienterte forståingsmodellar vert sett som meir grunnleggjande enn psykososiale forståingsmodellar (jamfør 3.1).

⁴⁰ Og det kliniske blikket.

Kritiske røyster har peika på kva konsekvensar det positivistiske vitskapssynet har. I ”Madness and civilization” (1961) peikar den franske filosofen Michel Foucault på at etter at erfaringane til dei psykotiske på 1800-talet vart kategorisert som sjukdom, har erfaringar som til dømes hallusinasjonar blitt redusert til erfaringar av noko som *ikkje er der*, noko som *ikkje er verkeleg*. Positivismen sitt inntog medverka sterkt til at røynda fekk ein snevrare definisjon, hevdar han. Galskap vart ”ikkje meir enn galskap”. Erfaringane til 'den gale' sto i så sterk kontrast til røynda at det ikkje lenger kunne dreie seg om variasjonar av den, det kunne berre dreie seg om eit brot med den, altså *mangel på fornuft*. Det å høyra stemmer vart til dømes definert som hallusinasjonar og knytt til sjukdom, og sagt med Foucaults ord ”reduced to silence by positivism” (Foucault, 1961:188).

Frå vitskapsteoretisk hald er fenomenologar dei som har målbore den sterkaste kritikken av positivismen. Menneske er til ei kvar tid retta mot noko, det vil seie *frå noko mot noko anna*. Menneskeleg medvit er grunnleggjande *intensjonalt*⁴¹.

”Sakerna transenderer subjektet och kan inte återföras på subjektet självt. Subjektet är alltid riktad mot något annat än sig själv. Detta är den grundläggande innebörden i den fenomenologiska intentionalitetsteorin.” (Bengtsson, 1999:11)

Fenomenologi kan òg kallast ein erfaringsbasert filosofisk retning⁴². 'Fenomen' betyr *det som viser seg* og 'fenomenologi' er læra om det som viser seg *for nokon*. I fylgje Merleau-Ponty utelukkar ikkje fenomenologien det han omtaler som *faktakunnskap*. I artikkelen; ”The primacy of perception” (Merleau-Ponty, 1964), argumentererar han for at forskning ikkje skal vere *anten fakta eller vesensorientert*. Han hevdar at faktakunnskap og *innsikt i meining* går om ein annan i vitskapleg arbeid og skriv vidare at vitskap om det vesentlege, altså fenomenologi ikkje gir *a priori*⁴³ kunnskap om fenomen. Gjennom faktabasert forskning kan ein finne fram til element av det vesentlege med eit fenomen. Omvent er det muleg å finne fakta om fenomen i søkjinga etter det signifikante. Det er likevel viktig at begge former for kunnskapsutvikling skjer og at dei vert gjensidig anerkjent.

Me skal sjå nærare på sentrale fenomenologiske perspektiv ved hjelp av filosofien til Merleau-Ponty. 'Livsverd' er eit filosofisk omgrep som spelar ei sentral rolle innan

⁴¹ Medvit er noko menneske er og ikkje noko menneske har.

⁴² Det er inga einsretta retning, men meir som ei røyrsle, skriv Bengtsson (1993).

⁴³ A priori – forut for erfaring.

fenomenologisk tradisjon, skriv Bengtsson (1999), svensk lektor i filosofi. Det er ein sentral innfallsvinkel i denne hovudfagsoppgåva, noko me no skal sjå nærare på.

3.4 Med livsverda som utgangspunkt

Merleau-Ponty (1908 - 1961), fransk filosof og psykolog, framhevar at me *til dagleg* har erfaring med verda, og utan vidare er fortruleg med den. Det å vera fortolkande og meiningsskapande i situasjonar me er oppi, høyrer med til det å vera menneske. Denne måten å forhalde seg til verda på trengjer gjennom heile tilveret, hevdar han. Det er dette han kallar *livsverda*. Livsverda er altså den daglege verda som me *alltid allereie lever i* og er retta mot. Der ligg menneske si primære erkjenning og føresetnaden for all kunnskap (Alvesson & Skjoldberg, 1994; Bengtsson, 1999)⁴⁴. Merleau-Ponty meiner difor at klinikaren, og vitskapsmannen/ kvinna sine vurderingar på same vis som pasienten eller intervjupersonane sine vurderingar, har sitt utspring i livsverda. Han understrekar at fenomen viser seg i *første person eintal*⁴⁵ (Bengtsson, 1999). Erfaringane i pasienten si livsverd er av den grunn *kvalitativt* ulike erfaringane i klinikaren si livsverd. Deira livsverd har likevel grunnleggjande felles trekk. Dette skal eg gå meir inn på.

Merleau-Ponty kallar oftast livsverda for ”vara-til-världen” for å tydeleggjere at intensjonaliteten spring ut ifrå *kroppen* (Bengtsson, 1999). Gjennom *den sansande kropp* har me tilgang til verda og forstår me verda, seier han. Vår forståing spring altså ut av vår *eksistens*, det vil seie vår forgjengelege kropp, og er med det temporalt innsett i verda (Bengtson 1993, 1999; Alvesson & Skjoldberg 1994, Zahavi, 2003). Leder (1990)⁴⁶ konkretiserar kva for innverknadar dette har på våre perspektiv. Me ser *frå* vårt utgangspunkt, men me ser ikkje utgangspunktet vårt, skriv han basert på Merleau-Ponty sitt arbeid. Utgangspunktet me har, påverkar det me erfarar og korleis me handlar, fordi me alltid erfarar noko frå ein posisjon *i verda*. Når eg, til dømes i innleiinga skriv at eg vil klargjere ståstaden eg har i høve til arbeidet med denne hovudfagsoppgåva, så er det grenser for kva eg ser av

⁴⁴ Bengtsson (1999) kritiserar Alvesson og Skjoldberg for å blanda saman omgrepa; 'kvardagslivet' og 'livsverda'. Livsverda overskrid kvardagen, men den kan i fylgje Husserl og Merleau-Ponty ikkje overskridast av kvardagen skriv han.

⁴⁵ ”In-it-self-for us” (Merleau-Ponty, 1986:322).

⁴⁶ Drew Leder amerikansk lege og filosof, tek utgangspunkt i Merleau-Ponty og Descartes sin filosofi i boka ”The absent body”(Leder, 1990)

min eigen ståstad. Ein merksam lesar vil kunne sjå noko av mi forforståing⁴⁷ som eg sjølv ikkje er i stand til å sjå. Sidan all kunnskap spring ut frå eit perspektiv, må perspektivet til den einskilde forskar gjerast mest muleg *eksplisitt*, slik at andre kan ta stilling til deira resultat i lys av dette.

Menneske erfarar alltid perspektivistisk, noko er synleg medan noko anna er skjult. Ved å skifte mellom ulike perspektiv vil fleire sider ved fenomenet koma til syne. Objektivitet er såleis noko me byggjer, og er knytt til *perpektiv-veksling*, hevdar Merleau-Ponty (2003). Realiteten slik den spelar seg ut for den einskilde er relativ, men tilveret er ikkje ut frå dette relativt. Ein ting har, til dømes *visse stabile eigenskapar*. I møte med røynda forhold me oss, i fylgje Merleau-Ponty til desse 'stabile eigenskapane' gjennom kroppen, vår allstadnærverande guide⁴⁸ (Merleau-Ponty, 2003). Me flyttar eller rører oss i høve til ting. Storleiken og fasongen tildømes forandrar seg i høve til vår posisjon, og utviklar seg til ein standard, *eit stabilt samspel* som gjer at me kan stadfeste og skilje mellom det flyktige og stabile. Objektivitet vert til i stabiliteten i samspelet mellom subjekt, med-subjekt og objekt hevdar han. Sagt på ein annan måte, objektivitet blir til fordi menneske erfarar verda utifrå ein *eins stil*, gjennom samhandling med andre i intersubjektiviteten (Bengtsson, 1999:24). Sanser erfaringar er uløyselig knytt til det sosiale menneskelivet, der tradisjon og erfaring spelar inn. Å setje ord på våre erfaringar er ein viktig del av dette, noko eg kjem attende til. Livet og verda, subjekt og objekt, er såleis ein "ikkje-deleleg heilskap" (Bengtsson, 1993, 1999; Wulff et al., 1999). Bengtsson (1999) formulerar det slik, "Vändingen mot sakerna är nämligen förbunden med en samtidig vänding mot ett subjekt. De saker som vi skall gå tillbaka till är alltid saker för någon, aldrig saker i sig själva (s.11). Merleau-Ponty snakkar difor om '*levd erfaring*', for å understreka skilnaden til '*erfaring*' i positivistisk forstand.

3.4.1 Om levd erfaring

"Den erfärande människan är själv tid"
(Friberg, i Bengtsson, 1999:53)

⁴⁷ Eg kjem tilbake til kva eg legg i omgrepet 'forforståing' i kapittel 3.6.

⁴⁸ "ever-present guide" (Merleau-Ponty, 1986: 348)

I sitt hovudverk "The phenomenology of perception" (1986) nærmar Merleau-Ponty seg menneskeleg erfaring gjennom fenomenologiske studium av persepsjon. Persepsjon skriv han; "is not a science of the world, it is not even an act, a deliberate taking up of a position; it is the background from which all acts stand out, and is presupposed by them." (s.xi). Gjennom sansinga får me tilgang til verda, ikkje som ein evne, noko me menneske *har*, men utifrå dei kroppslege vesena me *er*. Menneske er kontinuerleg sansande. Samanheng vert til *i* og *gjennom* sansinga. Forståinga er *i* sansinga. Sansing og persepsjon blir med dette to sider av same sak.⁴⁹ Elstad (1995) skriv at sansinga i fylgje Merleau-Ponty " ikkje er underlagt tida. Ho fullfører tida, men samstundes krev ho også stadig fornying."(s. 112). Sansinga er vevd saman i tid, til ein samanhengande vevnad av erfaring. Me er innhylla i tida og den konstituerar verda for oss og oss i den, skriv Bengtsson (1999).

Sanse-erfaringar kan til dømes bli til *minner* som kan setja seg i *kroppen*. Minner sit, i fylgje Merleau-Ponty ikkje åleine i hjernen, altså medvitet slik det er vanleg å tenkje innan tradisjonell psykologi. Merleau-Ponty (2003) illustrerar dette ved hjelp at eit døme som viser korleis eit stearinlys forandrar seg for eit barn som har brent seg på det. Frå å vera noko det strekkjer seg mot, tiltrekt av lyset, til å vera noko det gøymer handa for eller trekkjer seg bort ved synet av. Vanar, og kroppslege funksjonar går kontinuerleg av seg sjølv, men som kroppslege vesen er det òg alltid eit 'her' og eit 'no'. Han skriv:

"The part played by the body in memory is comprehensible only if memory is, not only the constituting consciousness of the past, but an effort to reopen time on the basis of the implications contained in the present, and if the body, as our permanent means of 'taking up attitudes' and thus construing pseudopresents, is the medium of our communication with time as well as with space" (Merleau-Ponty, 2003:210).

Levd tid er ikkje eit lineært tilhøve. I levd tid flyt framtida inn i fortida gjennom notida, skriv Merleau-Ponty (2003)⁵⁰. Det me kallar notid kan opplevast som *aktuell*, der me er tilstades her og no. Notida kan òg opplevast som *bakgrunn*, der me ikkje er medvitent tilstades her og no, men i fortida eller forventta framtid (Merleau-Ponty, 2003; Friberg, 1999). I møte med nye situasjonar gjennom nye erfaringar vil minner stå fram som ein bakgrunn og *gi* farge til den aktuelle erfaringa og *ta* farge av den. Nye erfaringar med til dømes stearinlyset, der barnet *ikkje* brenn seg når han/ho tar i lyset, gjer at lyset som brått sto fram som farleg, vert 'ikkje

⁴⁹ 'Sansing' og 'persepsjon' vil bli brukt om ein annan.

⁵⁰ "Future-which-lapses-into-the-past-by coming-into-the-present (Merleau-Ponty, 2003:488)

alltid farleg'. Gjennom forsiktig utforskning kan barnet oppdage at lyset er farleg når det er flamme og varm stearin. Barnet møter likevel aldri stearinlyset med den same tiltrua som før den første gong han/ho brann seg på det. Minne om det farlege stearinlyset, og "brennesmerta" ligg ikkje som eit minne opp i dagen. Minner legg seg "bak våre blikk" og blir ein "vere-stil" som pregar oss i einkvar ny situasjon, den "tek bustad i vår eigentlege notid" skriv Merleau-Ponty (1994:22).

Erfaringar *har* altså meining og *gir* meining. Det har alltid vore noko før. I persepsjon av ein ting vil det difor alltid vera noko meir enn det me sansar. Det vil alltid vera noko *med-gitt*. Når me høyrer ein raslelyd vil me til dømes alltid *sjå for oss* kva som lagar lyden. Me ser kanskje for oss, at det som raslar er ei mus inni veggen, eller nokon som skriv. I eit fenomenologisk studie av lyd, viser filosofen Jonas (1979) at lyd av natur berre kan gi *dynamisk røyndom*, aldri statisk. Det lyden med eitt avdekkjer er ikkje eit objekt, men ei dynamisk hending der objektet er. Lyden formidlar tilstanden til objektet i augneblinken den skjer (musa som spring, penn mot papir). Ein oppfattar utan vidare lyden i seg sjølv, på same tid peiker lyden, til dømes på *ei handling*. Vidare søker ein å avdekke det som lagar lyden, som eit *noko* som eksisterar uavhengig av lyden det lagar (ibid.).

Vert ein overtydd om at raslelyden skuldast ein liten gnagar vekkjer det lett *kjensler*. Ein kan til dømes gremme seg eller ein kan bli redd, fordi ein *ser* for seg korleis ein skal fange dyret. Kjenslene fargar erfaringane me gjer oss og er ein viktig del av den *meiningsskapande prosessen*. Merleau-Ponty skriv:

"fordi det er den samme krop, der ser og føler, tilhører det synlege og det følelege samme verden. Det er et alt for upåaktet vidunder, at enhver af mine øines bevægelser – ja enhver forskydning af min krop – har sin plads i det selvsamme synlige univers, som jeg ved deres hjælp detaljeret udforsker, ligesom omvendt ethvert syn finder sted i det følelige rum" (Merleau-Ponty, 1969:255).

Sansinga utgjer heilskaplege inntrykk. Levd erfaring er såleis ein samansatt og heilskapleg prosess. Dette særpregar òg dei såkalla hallusinasjonane.

3.4.2 'Hallusinasjonar' som levd erfaring

Hallusinasjonar er likevel ikkje sansing i vanleg forstand. Dei manglar til dømes *fylde* på eit vis og ber preg av at dei er *innforståtte* og *ikkje-verbaliserte*⁵¹, skriv Merleau-Ponty (2003). Hallusinasjonen framstår difor ikkje som ein lyd eller eit syn *i seg sjølv*, men som kjenslege og meiningsfylte heilskapar; ”affective entities”. Han skriv såleis om den som erfarar hallusinasjonar:

“[he] does not see and hear in the normal sense, but makes use of his sensory fields and his natural insertion into a world in order to build up, out of the fragments of this world, an artificial world answering to the total intention of his being.” (s.398).

Levd erfaring av stemmer og lydar som ein er åleine om å erfare, er *gjennomgripande erfaringar*. Dei set den einskilde i ein posisjon, der det ikkje synest vere muleg å forhalde seg til tilveret på anna vis. ”Hallucinations cause the real to disintegrate before our eyes, and puts a quasi-reality in its place”, skriv han (2003, s.389). Den som hallusinerar er likevel oftast klar over at han/ho hallusinerar, meiner han. Dette har mellom anna samanheng med dei særskilde kvalitetane som konstituerar desse erfaringane (ibid.).

Gjennom samanliknande studiar av mellom anna levd persepsjon og hallusinasjon, meiner Merleau-Ponty at det er muleg å forstå den levde erfaringa av desse ulike fenomen betre. Erfaringane med, til dømes å høyre noko ein er åleine om å høyre er ikkje heilt ulik vanleg sansing. Han skriv;

“Mythical or dream-like consciousness, insanity and perception are not in so far as they are different, hermetically sealed within themselves; they are not small islands of experience cut off from each other, and from which there is no escape” (ibid., s.340).

Stemmene og lydane *har* og *får* meining gjennom den levde erfaringa med dei. I det fylgjande vil eg heller kalla stemmene og lydane som intervjupersonane er åleine om å erfare, for '*personleg erfarte fenomen*' eller '*personleg erfarte stemmer og lydar*', ikkje berre fordi dei vert opplevd av eit individ åleine, men fordi dei framstår som meiningsfylte nettopp gjennom personen som erfarar dei. Eg har likevel nytta omgrepet 'høyrselshallusinasjon' der litteraturen eg viser til, nyttar dette omgrepet. Romme og Escher brukar vendinga 'å høyre stemmer',

⁵¹ ”implicit and inarticulate significans” (Merleau-Ponty, 2000:395)

(“hearing voices”) for å markere avstanden til den tradisjonelle medisinske forståinga av erfaringa. Dette er òg uttrykket dei som høyrer stemmene sjølv, oftast nyttar. Etter mi erfaring er ikkje vendinga ' å høyre stemmer ' dekkjande, fordi eg til dømes har møtt fleire som fortel om bankelydar som dei meiner kjem frå naboane. To av intervjupersonane i denne studien høyrer dessutan andre lydar. Eg finn at 'høyrsele' heller ikkje er heilt dekkjande, fordi fenomenet ikkje gjeld høyrsele i vanleg forstand, slik me til no har sett. Lyden på stemmene eller bankelydar er heller ikkje som *vanleg* lyd. Det ser likevel ut til at 'høyrsele', 'stemmer' og 'lydar' er dei mest dekkjande orda me til no har for desse type erfaringar. Eg kjem nærare inn på dette i drøftinga.

4 VEGAR TIL AUKA FORSTÅING

Eg har til no konsentrert meg om relevante delar av min forståingshorisont. I dette kapitlet held eg fram med å gjere greie for kva eg legg i *forståing* og *språk*. 'Forståing' utgjer både mi konkrete tilnærming, altså mine *vegar* fram mot auka forståing av levd erfaring av personleg erfarte stemmer og lydar, og er dessutan mitt *mål*.

Eg har valt å 'gå til saka sjølv' gjennom ei hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming til empiri. Empirien har eg tileigna meg gjennom djup-intervju med menneske som har erfart personlege stemmer og lydar. Eg gjer greie for rekruttering av intervjupersonar, gjennomføring av intervju, tolkings- og refleksjonsprosessen og mi konkrete gjennomarbeiding av intervjumaterialet. Til slutt kjem nokre ord om framstillinga. Denne prosessen reiser mange faglege og etiske dilemma. Eg vil synleggjere desse dilemma og korleis eg har møtt dei undervegs.

4.1 Om å forstå

Den tyske filosofen Hans-George Gadamer, nærma seg *forståing* frå eit eksistensielt perspektiv, og vidareførte det som på mange vis vart sett som ei sameining mellom hermeneutikk og fenomenologi⁵² (Alvesson & Skjoldberg, 1994). Hermeneutikk er studiet av forståing. Objekta for forståing var i utgangspunktet tekst, men vart utvida til å gjelde tilvere og våre mulegheiter i verda som me lever i. Forståing vart knytt til meining, altså innsikt i *meininga med noko*. Det kan til dømes vere forståing av ein situasjon, eller av ein lyd. I verda forhold me oss forståande til oss sjølv, til andre og verda omkring, i det me kallar livsverda (jamfør kapittel 3.4.1). Forståing er med andre ord eit grunnleggjande trekk ved menneske sin veremåte. Menneske *har* ikkje forståing. Dei eig det ikkje som var det eit verktøy - mennesket *er* forståing. Gadamer undersøker i eit av sine hovudverk "Warheit og Metode"⁵³ (1960), tilhøvet mellom den forståinga som er grunnleggjande i menneskeleg tilvere og den forståinga ein søkjer å nå gjennom vitskapleg arbeid. Han fin inga grunnleggjande skilnad på den

⁵² Hermeneutikk på 1900-talet var prega av språkleg, psykologisk og historisk hermeneutikk, med Heidegger kom eit skifte til filosofisk, ontologisk hermeneutikk, som mellom anna vart vidareført av Gadamer (Gulddal & Møller, 1999).

⁵³ Gulddal et al. (1999) skriv at tittelen "Wahrheit und Methode" kan forståast som ei vurdering; "sandhed *over* metode".

ålmenmenneskelege forståingsakta og vitskapleg forståing. Begge former for forståing er *situert*, og knytt til *forståingshorisonten* til den som ynskjer å forstå. (Gulddal et al., 1999; Alvesson & Skjöldberg, 2000).

Kvar ei menneskeleg erfaring har altså ei tolkingsramme som føresetnad for erfaringa, som utgjer dette menneske sin forståingshorisont. All erfaring skjer *innafor* den einskilde sin 'horisont'. Sjølve forståingsakta skjer gjennom ei veksling mellom *heilskap* og *del*, og mellom *forforståing* og *forståing*. Menneske går fram og tilbake mellom desse ulike forståingsposisjonane (jamfør døme med barnet som brann seg på stearinlyset i kapittel 3.4.1). Denne vekslinga vert kalla *den hermeneutiske sirkel*⁵⁴. Det er ein grunnleggjande menneskeleg erkjenningstruktur, meiner Gadamer (Alvesson & Skjöldberg, 1994; Gulddal, 1999).

Når me søkjer å forstå *andre* menneske møter me ein annan si forståingshorisont. Forståing av den andre vert einast muleg gjennom ei samansmelting av horisontar, der ny forståing kan oppstå i ein dialektisk prosess. Den som søkjer å forstå kan aldri forlata sin eigen forståingshorisont, men kan oppleve at den vert utdjupa eller utvida (Gadamer, 1996). Alvesson og Skjöldberg (1994), seier det slik;

”Förståelsen är en skapande, re-produktiv akt, forskarens tillägnelse av objektets mening, ingen mekanisk avspiegling. Forskaren har alltid sina egna referensramar i bagaget, och tolkar oundvikligen i enlighet med dessa” (s.121).

For at forståing skal skje, for at ein ny forståing kan gjera seg gjeldande og for at - vår forståingshorisont skal kunne utvidast, må me vera villig til setja *fordommar* me har på prøve. Fordommar høyrer til forståinga si natur, og kan vera *positive* og *negative*, meiner Gadamer. Dei negative fordommane er rigide og ikkje til å forandre, og difor til hinder for forståing. Dei er som ein endeleg dom som er utsagt, allereie før saka kjem for retten. Dei positive fordommane kan korrigerast og gir difor opning for ny-forståing. Ein kan ikkje *utan vidare* få auge på fordommar ein har. Fordommane er oftast før-refleksive og ikkje-verbaliserte. Dei vert først synleg når ein kjem til kort med den forståinga ein allereie har, eller at fordommane

⁵⁴ Omgrepet den hermeneutiske sirkel viser til ulike sirkclar, alt etter kven som brukar omgrepet. I denne oppgåva viser det til både vekslinga mellom forforståing og forståing, og vekslinga mellom delane og heilskapen til ein tekst, eller situasjon.

blir pirra, slik Gadamer uttrykkjer det. Han seier vidare; ”(...) for det, som lokker til forståelse, må først have gjort sig gældende i sin fremmedhed” (Gulddal et al., 1999:162). Alvesson og Skjoldberg (1994) framhevar at den einskilde erfaringa må;

”ses som innbakad i och präglad av en föreställningsvärld med historiske dimensioner bakåt i tiden och även syftning framåt; en värld som stendig förändras alltefter förskjutningarna av dess ”horisont” i förfluten och tillkommande tid” (s.100).

Dette handlar om det Gadamer kallar forståinga si *historisitet*. Han framhevar at forståinga er knytt til forståingshorisonten og situasjonen den einskilde er i til ei kvar tid. Forståing er ikkje ei reint kognitiv eller rasjonell aktivitet. Menneske si forståing er til dømes *alltid allereie* farga av kjensler (Alvesson & Skjoldberg., 2000). Forståing kan heller ikkje gjerast endegyldig. Det vil heile tida handle om mulegheitene ein har utifrå den historisk kulturelle ståstaden ein har (Gadamer, 1999). Dette er ikkje ulikt Merleau-Ponty sitt utgangspunkt, slik eg ser det. Forståing er ikkje einast ein intellektuell prosess, men skjer i samhandling med andre - i verda gjennom dei kroppslege vesena me er.

4.1.1 Korleis forstå

Me har sett at det ikkje er nokon vesensskilnad på den ålmenne forståingsakta og vitskapleg forståing. Skilnaden er mellom anna knytt til at ein innan vitskapleg forståing skal gjere greie for dei *vilkåra og måtane* ein har gått fram for å forstå noko. I ei generell vending kan ein seie at vitskap handlar om ny kunnskap som er tileigna på systematisk vis ”the methodological production of new, systematic knowledge” (Kvale, 1996:60). Omgrepet 'metode' vart først brukt av grekarane i antikken, og handla om å finna ein god veg fram til eit mål om høgare innsikt⁵⁵, ein veg fleire kunne fylgja. Metode gir i vår tid assosiasjonar til teknikkar eller verktøy som forskaren nyttar for å samle inn data eller fakta, som vanleg er innafor den positivistiske forskingstradisjonen. I høve til problemstillinga og mitt tidlegare skisserte vitskapsteoretiske utgangspunkt kjennes det meir naturleg å bruke omgrepa; 'tilnærming' eller 'vegval', enn 'metode' om mine forsøk på å forstå.

⁵⁵ Meta – overfor, hen imot. Hodos – veg. I den greske antikken var methodos noko langt meir enn eit instrument. Det handla om å gå den smale veg og innebar langsiktig planleggjing. Målet var innsikt i eigen grunn, det som alt anna spring ut av, slik at menneske kan leva utfrå sin eigen grunn og vera fri. Platon søkte å sikra livsvegen gjennom methodos, ved å gjera greie for ein veg som andre kunne gå opp att/fylgja (Lindseth 2000 (?)).

Målet for vandringa avgjer kva vegar ein skal fylgja, kva ein vurderar som *systematiske måtar* å tileigna seg vitskapleg kunnskap. Merleau-Ponty understrekar at 'å gå til saka sjølv' inneber vitskapskritikk. Ein skal velje metode utifrå *saka* som faktisk skal undersøkjast og ikkje på bakgrunn av eit *vitskapsideal* (Zahavi, 2003). Menneske kan ikkje studerast på same vis som til dømes ein kjemisk substans, eller dyreliv, altså som objekt åleine, hevdar Skjervheim, norsk filosof, i boka; "Objektivisme og studiet av menneske" (1974). Alle menneske, både den andre og eg er *tvitydig*. Han ordlegg seg slik "den andre er der både som objekt for meg, i verda mi, og som eit subjekt som eg deler denne verda med" (s.44). Han viser vidare til at det ligg i medvitet sin natur å vera "*retta mot noko, å vere om noko*" (s.15). Han viser her til intensjonaliteten. Det menneskelege *medvitet* kan såleis verken studerast som ein ting eller sjåast som ein relasjon mellom ulike objekt i verda åleine, skriv han. Skjervheim gjer dette klart ved hjelp av eit sitat frå Jaspers⁵⁶;

"Medvitet er ikkje eit være av same slag som tinga sitt være. Det er heller eit være som det vesentleg tilkjem meinande å vera *retta mot gjenstandar*.(...) Medvit er intensjonalt medvit, det tyder at medvitet ikkje forhold seg til gjenstandane som ein ting som støyter på noko anna, eller som blir støytt av det andre. Det står ikkje i kausal forhold til gjenstandane ..." (ibid., s.15).

Denne forståingsramma får epistemologiske⁵⁷ konsekvensar, men har samstundes konsekvensar for forskning på menneske og menneskelege erfaringar. Intervjupersonane har dei same kjenneteikna som meg, dei er og har vilje, meiningar, intensjonar og kjensler. Når det gjeld studium av mennesket er det i endå større grad slik at me forstår oss sjølv gjennom å forstå den andre (ibid.). "Det enda objekt vi "kjenner oss in i" gjennom et slags sympatisk intiution är altså andra jag, andra människor." skriv Alvesson & Skjöldberg (1994:100). Ved å nærma meg den andre sin forståingshorisont, forstår eg reint intuitivt noko av min eigen horisont. Likeeins kan sider ved meg sjølv som eg ikkje set pris på eller kan forstå, vere til hinder for forståing av den andre (jamfør negative fordommar s.34). Dette stiller særleg krav til vegane eg har valt å gå i denne studien.

Mitt mål er å finne mulege forståingsmåtar av kva erfaringar med stemmer og lydar er og kva det inneber å leva med dei. Eg søker altså å få innblikk i andre si livsverd. Bengtsson viser i

⁵⁶ Karl Jaspers (1883-1969) er tysk psykiater og filosof. Sitatet er henta frå hovudverket hans "Philosophie".

⁵⁷ Epistemologi- erkjeningsteori, studiet om kva menneske kan erkjenna.

boka "med livsvärden som grund" (1999) at det er fleire måtar å få tilgang til andre si livsverd.

4.2 Om språket som kjelde til forståing

"Om du lurar på korleis nokon opplever noko, så spør dei", heiter det i eit ordtak. Men språket er berre *ein* dimensjon i menneske sitt vere-i-verda, og berre ei av fleire kjelder til innsikt i den andre si livsverd, skriv Bengtsson (1999:37). Dette reiser mellom anna spørsmål om språket som kunnskapskjelde. Som me har sett stilte nypositivistane seg kritisk til kvardagsspråket, og søkte å utvikla eit meir nøyaktig og objektivt språk med omgrep som kan validerast og avkreftast anten gjennom sansing eller ved hjelp av logikk (jamfør 3.3). I dette perspektivet vert språket brukt som eit logisk verktøy. Spørsmål og svar, den daglegdagse måten me kommuniserar på, vert satt i ein kausal samanheng tilsvarande stimulus og respons. Med utgangspunkt i denne forståinga vert det viktig å standardisera spørsmåla slik at den som vert intervjuar får den same stimulus, og formuleringane av spørsmål vert søkt gjort identiske, for å sikre best muleg grunnlag for samanlikning av responsar. Gadamer hevdar, saman med Merleau-Ponty at språket er ein *modalitet* av tilvere vårt, og difor kan det ikkje validerast frå eit punkt utanfor språket eller tilvere. Språklege og meningsfylte uttrykk er ikkje konstruksjonar, men formidlar levande tradisjon og synleggjer livsverda (Alvesson & Skjöldberg, 2000). Språket er eit *kommunikativt* forhold, og eit *uttrykksforhold*, skriv Merleau-Ponty (2003). Det den einskilde uttrykkjer gjennom kvardagsformuleringar, syner fortrulegheita han eller ho har til verda. Slik vert nyansar i deira livsverd synleg.

Det har vore ei aukande interesse for 'forteljingar' innan kvalitativ forskning i seinare år (Mishler, 1997; Bengtsson, 1999; Davidson, 2003). Forteljingar finn ein til dømes både i samtalar som førekjem naturleg, i opne intervju og i sjølvbiografiar, og dei handlar om menneska sine liv i verda, skriv Bengtsson (1999). Eg har valt djup-intervju med stemmehøyrarar som innfallspørt til auka innsikt i deira livsverd. Djup-intervjuet er eit opent intervju, meir prega av samtale enn spørsmål-svar. Fokus er retta mot å få detaljerte skildringar om det som synes viktig for intervjupersonane. Spørsmåla mine tener først og fremst til å utdjupe og klargjere det den andre fortel om sine eigne erfaringar med slike hørselsfenomen. Djup-intervju er eit godt utgangspunkt både for å få svar på spørsmåla eg har, og på dei eg ikkje forsto å stille (Hamran, 2002; Fog, 1999). Ved å skape rom for

detaljerte skildringar eller forteljingar gjennom ein tilnærma naturleg samtale, kan fenomenet eg har i fokus lettare stå fram i den samanhengen intervjupersonen naturleg set det i. Det vert lettare å sjå kva meining fenomenet har for vedkommande i det daglege. Bengtsson (1999) skriv: ”Det är först i sin sammanhang som enskilda erfarenheter eller handlingar blir fullt begripliga” (s. 40), (Jamfør kapittel 4.1).

Kva er så ei forteljing? Alvesson & Skjöldberg (2000) siterar Ricoeur i skildringa av vesentlege sider ved forteljinga;” (it) does not simply consist in adding episodes to one another; it also constructs meaningful totalities out of scattered events” (s. 93). Forteljing er altså ein *meningsbyggjande* aktivitet. Anniken Greve, litteraturvitar og filosof, seier at forteljinga peikar både bakover og framover, og blir farga av begge desse dimensjonane. Dette omtaler ho som ”meningsfylldhetens bue” (2003:3). Slutten på forteljinga har tilbakeverkande kraft, og set på det viset farge på heile forteljinga, seier ho (ibid.). Denne samanbindinga gjer at forteljinga overskrid einskilde episodar, eller korleis stoda er hjå den som fortel berre akkurat *når* han fortel. Det er såleis levd liv som vert fortalt fram.

Det er etter måten utført få kvalitative intervjustudium med menneske som har ei langvarig psykoseliding. Dette er ein naturleg konsekvens av at dei vert vurdert til å mangle innsikt i egen tilstand og situasjon, altså det som kallast manglande sjukdomsinnsikt (Topor, 2001; Davidson, 2003). Slik eg ser det har dette si rot i faktaorienteringa innan positivismen (jamfør kapittel 3.3). Fleire forskarmiljø har i seinare tid likevel gjort intervjustudiar med personar med langvarige psykoselidingar *nettopp* for å få auka innsikt i desse lidingane og korleis dei kan erfarast (jamfør 3.2). Dette meiner eg har samanheng med framveksten av hermeneutisk-fenomenologisk orientert vitenskapleg versemnd der ein søker etter det meningsberande og signifikante i intervjupersonane sine utsegn. Menneske som ein antar har alvorlege forstyrringar i tenking og persepsjon kan såleis vera truverdige informasjonskjelder i høve til kva dei sjølv erfarer, men òg gi auka forståing for meir ålemme fenomen. Ei slik haldning stiller mellom anna strenge krav til vurdering av samtykkekompetansen hjå dei aktuelle intervjupersonane.

4.3 Gjennomføring av undersøkjinga

4.3.1 Førebuing til intervjusituasjonen

Møte med sårbare menneske inneber eit moralsk ansvar (jamfør kapittel 1.4). Helsinki deklarasjonen understrekar at forskaren ikkje er friteke frå eit slikt ansvar (Tranøy, 1994). Det vert understreka at både forskingsaktiviteten og forskingsmetodane må vurderast nøye i høve til nytteverdien og fare for skade eller smerte hjå den einskilde. Aktuelle intervjupersonar til denne studien har slitt med vanskar over tid, og må i størst muleg grad skånast for det som kan opplevast som ei tilleggsbelastning. Eg har vurdert alternative kunnskapskjelder til personane sjølve, men har ikkje funne til dømes biografiar til å være ei full god erstatning. Faren for skade eller smerte er vurdert nøye, gjennom mellom anna å sjå på erfaringane frå Nederland og Storbritannia. Romme og Escher (2000) peikar på at stemmene i ein del tilfeller kan bli sterkare eller meir plagsame i ein periode etter å ha prata om dei. Dette var ein av dei viktigaste grunnane til at intervjupersonane i første rekkje vart rekruttert gjennom helsevesenet. Intervjupersonane hadde på den måten eit "sikringsnett" rundt seg. Eg gjorde både intervjupersonane og rekrutteringsinstansane merksame på desse tilhøva, skriftleg og munnleg. To av intervjupersonane sa at dei var budd på at dei kanskje fekk meir plager frå stemmene i etterkant av intervjuet. Dei planla difor tidspunktet for intervjusamtalen utifrå det, og sørge for å ha støtte frå andre tilgjengeleg i etterkant av samtalen.

Å fortelja si historie til nokon som lyttar, kan på den andre sida òg kjennast godt og vera ei hjelp i seg sjølv. To av intervjupersonane sa at dei ikkje hadde delteke i intervjuet om dei ikkje hadde trudd at det skulle gjere godt å snakke om desse erfaringane. Ein av intervjupersonane var òg inne på at det kjentes godt å gjere noko som kanskje kunne vere til hjelp for andre.

4.3.2 Rekruttering av intervjupersonar

Kriteria for utval

Inklusjonskriteria var:

- A) Personar som høyrer eller har høyrte stemmer i minst eit år.
- B) Stemmene har "ikkje-meg" kvalitet.

C) Personane er heimebuande (ikkje innlagt) og er i stand til å gi informert samtykke (er ikkje aktiv psykotisk) (sjå vedlegg 3 og 4).

Eg sette grensa til minst eit år for å vera sikker på at intervjupersonane hadde ei viss erfaring med fenomenet. Vidare tok eg utgangspunkt i omgrepet "ikkje-meg" som Romme og Escher (2000) brukar for å gjere tydeleg kva slag stemme-erfaringar eg var oppteken av å vite meir om. Ingen av intervjupersonane verka vere uviss på kva det tydde. Vilkåret om at personane skulle vera heimebuande er i første rekkje knytt til mitt siktemål om å få innsikt i den levde erfaring av stemmehøyning hjå dei som bur heime.

Å koma i kontakt med aktuelle intervjupersonar

Intervjupersonar vart rekruttert frå psykiatriske poliklinikkar og einingar for psykiatriske heimetenester i ulike deler av landet. Kvalifisert fagpersonell⁵⁸ vart bedne om å ta kontakt med aktuelle intervjupersonar vurdert etter kriterium som nemnt over, og dele ut skriftleg førespurnad med samtykkeerklæring til pasientar/brukarar som viste interesse for muleg deltaking (sjå vedlegg 3). Intervjupersonane vart rekruttert gjennom fagpersonell av to grunnar. Den første var å sikre at intervjupersonar var i stand til å gi sitt informerte og uttrykkelege samtykke, ved at nokon som kjende dei var med i denne vurderinga. Den andre var å sikre at intervjupersonen hadde tilgang på støtte om han/ho fekk det vanskeleg i etterkant av samtalen. Ulempa med å bruka fagpersonell til rekruttering, er at ei rekkje aktuelle personar truleg ikkje fekk førespurnad. Det viser seg at det ikkje er uvanleg at den som har personleg erfarte stemmer eller lydar ofte held tilbake informasjon om dette overfor helsepersonell (jamfør kapittel 5). Det var dessutan einssilde fagpersonar som stilte seg undrande til om det var klokt å samtale om desse erfaringane, og om eg var kompetent til å gjere det (jamfør kapittel 3.1).

Det tok fleire månadar å få nok intervjupersonar. I eit par høve var eg i tvil om samtykkekompetansen til den som tok kontakt, og om deira motiv for å delta i undersøkinga. Dette vart avklart saman med den einssilde intervjuperson før gjennomføring av intervjuet. Ein intervjuperson vart rekruttert utanom psykisk helsevern, gjennom nære slektningar som kjende til prosjektet mitt. Dei meinte vedkommande var samtykkekompetent, og eg var sjølv aldri i tvil om dette. Elles vart den same framgangsmåten brukt i høve til alle intervjupersonane.

⁵⁸ Psykolog, psykiater, psykiatrisk sjukepleiarar som kjende pasienten tok denne vurderinga.

Frivillig og informert samtykke

Den som har ei alvorleg psykisk lidning kan ha redusert innsikt i eigen situasjon. Dei kan ha nedsatt evne eller vilje til å verne om sitt eige beste. Det er difor avgjerande å avklare med den det gjeld at han/ho har forstått kva samtykke gjeld, og har kompetanse til å gi sitt samtykke (Tranøy, 1994). Det var i utgangspunktet den som rekrutterte vedkommande som avgjorde om vedkommande hadde samtykkekompetanse før informasjon om prosjektet vart gitt. Dei ulike faginstansane fekk skriftleg og munnleg informasjon om prosjektet og framgangsmåte for rekruttering. I telefonsamtalen og sjølv intervjuet gjorde eg mi eiga vurdering i høve til om personen hadde ei realistisk oppfatning av deltaking i intervjuet/undersøkinga.

Samtykket skal vera frivillig. Intervjupersonen må altså ikkje vera avhengig av den som skal gjennomføre undersøkinga, slik at vedkommande kjem i ein situasjon som han/ho opplever som "frivillig tvang", og ikkje vågar til dømes å trekkje seg, eller gi dei rette opplysningane. Aktuelle intervjupersonar fekk skriftleg førespurnad og samtykkeerklæring til deltaking i prosjektet av sin behandlingsskildring, og med beskjed om at behandlingsskildringen ikkje hadde rett til å vite om intervjupersonen deltok eller ei i undersøkinga. Dei fekk òg skriftleg og munnleg forsikring om at det ikkje ville få konsekvensar for behandlingstilbodet deira, om dei let vere å sende inn samtykkeerklæringa. Informasjonsskrivet hadde ei utforming som var så nøytral som muleg. "eg ynskjer", "eg håpar" var vendingar i informasjonsskrivet som kunne oppfattast som appellerande, og vart forandra til meir nøytrale vendingar etter tilråding frå Regional etisk komité (REK) (jamfør vedlegg 1). Bakgrunnen for dette er mellom anna at det tidlegare har skjedd mykje manipulering innan psykiatrisk forskning. Ved slutten av intervjuet understreka eg at intervjupersonane kunne trekkja seg frå undersøkinga eller trekkje tilbake deler av det dei hadde sagt, kva tid som helst. Ein av intervjupersonane ba meg om å forandre nokre konkrete opplysningar.

'Informert samtykke' inneber at samtykke skal gjevast på grunnlag av informasjon.

Informasjonen må difor vera forståeleg. Den bør vera kort og enkel, samstundes som den er dekkjande. God informasjon kan òg vera med på å byggje tillit hjå intervjupersonen, og gjere samtalen mest muleg informativ i neste omgang, skriv Fog (1999). Eg gjekk gjennom den skriftlege informasjonen (sjå vedlegg 4) munnleg med alle intervjupersonane før intervjuet tok til, for at eg sjølv skulle vere heilt viss på at dei hadde forstått informasjonsskrivet.

4.3.3 Storleik på utvalet

Tidsramma set grenser for mengde data/talet på informantar. Dette gjeld særskilt for kvalitative studium (Fog, 1999). Med ei tidsramme på to år, fann eg det tenleg å avgrense talet på intervjupersonar til 5. Det er nok til å få fram ein del nyansar i høve til korleis livsverda kan vera når ein lever med personleg erfarte stemmer eller lydar.

4.4 Om djup-intervjuet og tolkinga

4.4.1 Djup-intervjuet

Telefonsamtalen la på ein måte tonen for intervjuet. Me avtalte tid og stad, og snakka kort om korleis intervjuet skulle gå føre seg. Eg la vekt på å formidla at intervjupersonen hadde styringa på mest muleg; tid, stad, og innhald i samtalen. Djup-intervjuet kom fort i gang. Eg byrja med å gå gjennom dei viktigaste punkta i informasjonsskrivet og understreka med det rammene for intervjuet, (sjå vedlegg 4). Samtaleguiden (sjå vedlegg 5) brukte eg fleksibelt. I eit av intervjuva ville ein av intervjupersonane at eg skulle stille spørsmål for å hjelpe han til å fortelje, elles kom eg med spørsmål frå samtaleguiden mot slutten av intervjuet.

Samtalen mellom intervjupersonane og meg har ikkje oppstått spontant mellom likeverdige partar. Eg ynskjer som forskar å vite noko av dei utan at dei får vite tilsvarande om meg. Me samtaler med utgangspunkt i definerte roller der intervjupersonen skal fortelje om eit tema som eg er oppteken av, og eg, forskaren skal lytte og stille spørsmål. Dette pregar det som blir fortalt og måten det blir fortalt på. Skal djup-intervjuet fungera etter intensjonen så er eit vilkår at den er *fortruleg*, meiner Fog (1999). Ein merkar at samtalen er fortruleg, ved at ein lar seg gripe. Samtalen fører oss, i staden for at me fører samtalen, skriv Fog, og siterar Gadamer;

”The way in which one word follows another, with the conversation taking its own turnings and reaching its own conclusion, may well be conducted in some way, but the people conversing are far less the leaders of it than led.” (ibid.,s.54)

Dette gir ei god skildring av korleis eg erfarte intervjuet. Intervjupersonane byrja raskt å fortelje. Det verka som dei hadde tenkt gjennom kva dei ville fortelje før me møttest. Når

taleflommen stilna, hadde ofte samtalen tatt ei vending som gjorde det unaturleg å gå tilbake til spørsmål eg i utgangspunktet hadde tenkt å stille, i staden valte eg som oftast å gå vidare på det intervjupersonen fortalte for å sikre meg at eg forsto kva dei meinte, eller for å få ei utdjuping.

Fog tematiserar relasjonen sin avgjerande plass i intervjuet og viser til grenseoppgangar mellom terapeutiskesamtalar og forskarsamtalar (1997). Det må vera heilt klart for intervjupersonen at det er først og fremst i rollene som forskar og informant, og ikkje som sjukepleiar og pasient at me møtest. Møte med intervjupersonen skal ikkje handle om at eg skal hjelpe dei, men om at *eg skal lære* av deira erfaringar. Dette søkte eg å formidle gjennom informasjonsskrivet og i samtalen med dei. Intervjupersonane sine detaljerte skildringar, ser eg som eit signal om at dei nettopp snakka til meg utifrå desse premissane. Eg møtte dei ikkje som forskar i tradisjonell forstand, med distanse, men som eit *medmenneske*.

Intervjupersonane kom tidvis inn på kjenslevare tema. Eg fann det naturleg å koma med støttande utsegn, slik eg ville gjort i dei fleste liknande mellommenneskeleg møte. Eg finn det nyttig å bruke Skjervheim (2001) sine omgrep, '*deltakar*' og '*tilskodar*', til å synleggjere grunnleggjande haldningar eg har til samhandling mellom menneske generelt og i intervjusituasjonen spesielt. Skjervheim peikar på haldningar eller veremåtar som kan fremme eller hemme kommunikasjon. Å vera i samtale som ein '*deltakar* der ein er oppteken av å forstå det intervjupersonen fortel, istadenfor som ein '*tilskodar*' eller "kikkar" der ein i første rekkje er oppteken av *at* han/ho fortel, har både konsekvensar for intervjupersonen som menneske og for truverdet til intervjumaterialet. Stiller eg meg utanfor som ein tilskodar eller "kikkar", vil det kunne bli ei mindre god erfaring for intervjupersonen og det vil kunne prege det som kjem fram i samtalen på ein slik måte at intervjupersonen knyt seg, held tilbake, eller dekkjer over viktige sider ved si erfaring (jamfør Fog, 1999).

Fog hevdar at dess meir forskaren kjenner samanhengen som intervjupersonen er ein del av, dess lettare er det å forstå hans/hennar nyanserte uttrykk. På den andre sida er det slik at forskaren lett kan bli *blind* om ho kjenner samanhengen for godt, eller er ein del av den (ibid.). Eg kjenner godt til forskingsfeltet frå mitt arbeid som psykiatrisk sjukepleiar (jamfør innleiinga). Dette utgjer ein viktig del av min forståingshorisont. Eg har difor vore særskild merksam på negative fordommar som kan stå i vegen for mi forståing (jamfør kapittel 4.1.). Dette har eg søkt å vere merksam på både i sjølve intervjusituasjonen og i gjennomarbeidinga av intervjumaterialet. Dei første intervju vart skriven ut før eg tok til med nye intervju.

Saman med veiledarane mine, såg me på mi rolle i intervjuet, utifrå skriftlege utdrag⁵⁹.

Bearbeiding av intervjumaterialet vart drøfta med dei og fleire⁶⁰. Dette trur eg har auka mitt medvit omkring mi rolle i intervjusituasjonen. Eg meiner det gjorde det lettare for meg å vera *undrande* i høve til det intervjupersonane fortalte. I det siste intervjuet var eg redd for at eg var for rask til å tru at eg forsto, og at eg stilte mindre utdjupande spørsmål enn i tidlegare intervju. For å bøta på dette gjennomførte eg eit oppfølgjingsintervju.

Undervegs i intervjuet var eg merksam på intervjupersonane sine eventuelle behov for pause eller tema bytte. I eit intervju vart til dømes kaffi serveringa ein naturleg pause. I eit anna intervju ba intervjupersonen om ein pause då han byrja høyre plagsame stemmer undervegs i intervjuet. Me tok då ein pause, og snakka om andre ting. Intervjupersonen vende så tilbake til erfaringane med stemmene og intervjuet heldt fram⁶¹. Særleg som psykiatrisk sjukepleiar i kommunehelsetenesta har eg erfart at det er viktig å ikkje invitera til større openheit enn at den andre klarer å forhalde seg til i etterkant av samtalen. Fog (1999) skriv at samtalen lett kan bli som ein trojansk hest, der ein trengjer seg for nært inn på den andre, inn i det Løgstrup kallar mennesket si *urørlegheitssona*. Eg la vinn på å validera intervjupersonane sine utsegn (Kvale, 1996). Gjennom utprøvande utsegn som tok utgangspunkt i kjenslene og tankane som intervjupersonane gav uttrykk for, fekk eg stadfesta om eg forsto kva intervjupersonane meinte å formidle, eller ikkje. Når intervjupersonen erfarte at eg forsto, gjekk dei oftast vidare i si forteljing, men dei kunne òg svare; nei, det var ikkje sånn, og utdjupe korleis dei meinte det var. På den måten fekk eg og klargjort om mine fordommar sto i vegen for auka forståing (jamfør kapittel 4.1). Dette var òg med på å sikre at mine tolkingar kunne framstå som truverdige.

Me møttest der intervjupersonane ville møte meg. Dei fleste ville at eg skulle kome heim til dei. Eg formidla at det viktig at me hadde rammer der dei kjende seg vel, og at me kunne samtale utan å bli forstyrta. Bandopptakaren fungerte utan problem, med unntak av eit

⁵⁹ Denne framgangsmåten vert framheva av Davidson (2003) som ein tenleg framgangsmåte for å heva kvaliteten på intervjuet.

⁶⁰ Eg drøfta òg materialet med John S. Strauss, professor i psykiatri, og Larry Davidson, PhD i psykologi på eit forskningsseminar i Trondheim (20.- 21.11.2002), og med eit forskarteam leia av Larry Davidson, ved department of psychiatry of the Yale University school of medicine i USA. (september, 2003)

⁶¹ Enzink (1992) skriv at ho i intervjuet om seksuelle overgrep, gjekk over på formelle spørsmål når tema synest å bli for kjenslevart, for å unngå det ho kalla retraumatisering. Romme og Escher (2000) har laga eit semistrukturert intervju; "Maastricht intervjuet", som dei mellom anna meiner skal medverke til å regulere det ein kan kalle nærhet og avstand til kjenslevare tema. Når intervjupersonen høyrer stemmer under intervjuet, skal ein spørje kva stemmene seier, meiner dei (ibid.).

intervju. I dette intervjuet vart eg klar over at den ikkje tok opp samtalen, mot slutten av intervjuet. Eg skreiv umiddelbart ned eit samandrag, og nytt intervju vart gjennomført ei veke seinare. Fleire av intervjupersonane vart forundra då eg slo av bandopptakaren ved slutten av samtalen, dei hadde gløymt at den sto på. Den syntest såleis ikkje leggje nokon særleg dempar på det som vart sagt.

Intervjua varte ca. 40 minutt. Alle intervju vart avslutta av intervjupersonen sjølv, med kommentarar som; ”eg kjenne meg sliten nå”, ”trur det e nok nå” Eg slo då av bandopptakaren, og runda av samtalen.

4.4.2 Tolkinga

Sam-tale dannar utgangspunktet for mi tolking og analyse. Både Alvesson & Skjöldberg (2000) og Kvale (1996, 2001) understrekar at transkripsjonen berre er ein delrepresentasjon av intervjuet. Andletsuttrykk, stemmeleie, kroppsuttrykk kjem ikkje med på papiret, ei heller stemninga i samtalen.

Eg har sjølv skrive ut intervjua. I transkripsjonen har eg teke med alle delvis uttalte ord og pausar. Det er ikkje *orda* i seg sjølv, språket åleine som er kjelda for den kunnskapen eg søker (jamfør 4.2). Mi merksemd er retta mot det som vert formidla av den andre mellom anna gjennom orda og det tause, gjennom sukk og stemmebruk, eller blick. Kjenslene som fargar utsegna er ein viktig innfallsport til det som synest vere sentralt i materialet og det eg har stoppa opp ved og dvelt ved. Eg vart godt kjent med nyansane i det som vart formidla, eller det som kunne liggje *i* og *mellom* orda, gjennom arbeidet med utskrifta. Dette gjaldt både intervjupersonane og mine utsegn. Ved å høyra gjennom lydbandopptaket og ved gjennomarbeiding med teksten, vart eg til dømes merksam på at eg var slått av undring over det Åse fortalte om sine erfaringar med englestemmene. Dei var gjennomgåande positive erfaringar, fortalde ho. Det minnte meg om samhandlinga med Rolf og andre eg har møtt. Eg famla etter måtar å gi uttrykk for mi undring og anerkjenning til Åse. Bengtsson (1999) framhevar at ein i forsking med utgangspunkt i livsverda må respektera intervjupersonen si forteljing på hans/hennar eigne vilkår. Eg kan difor ikkje gjere mine erfaringar til målestokken for deira erfaringar. I den vidare gjennomarbeidinga av intervjumaterialet har

denne erfaringa gitt meg mulegheiten til å sjå noko nytt, mine fordommar vart *pirra* slik at eg vart *lokka* til å finne *nye forståingsmuligheit*ar (jamfør kapittel 4.1).

Tolkingsarbeidet byrja allereie etter det første intervjuet. Då eg hadde skrivne ut det siste intervjuet las og hørde eg gjennom det samla intervjumaterialet fleire gonger. Eg samla utsegn som merka seg ut, anten dei verka vera sentrale i forhold til mine utgangsspørsmål eller overraskande og samla dette i dei fortetta utdraga som lesaren vart kjent med i kapittel 2. Etterkvart samla eg intervjupersonane sine utsegn i ulike tema. Eit tema var til dømes; ”Om det som vart høyrte”. Eg byrja så å stille spørsmål til tekstmaterialet utifrå dette temaet, til dømes; ”kva kan stemmene seie?” Alvesson (1994, 2000) understrekar at det er viktig å byrje med å lytta til budskapet til teksten, før ein i neste omgang søkjer å finne og stille spørsmål til teksten. Då eg samla saman alle utsegna om kva stemmene sa, dukka nye spørsmål opp som eg igjen søkte svar på. Det vart såleis synleg at det var ulike stemmebudskap, og at dei til dømes kunne samlast under kategoriar som trøystande eller oppmuntrande utsegn, kommanderande, gjentakande og plagsame utsegn. Denne fasen kan samanliknast med det Alvesson kallar *å banka på teksten*⁶². Dette var ein tidkrevjande prosess, der eg har konsentrert meg om det som er mest slåande. Det som verka vere *likt*, det som *skilde seg ut* og det som syntest vere *eineståande*. Det var vanskeleg å finne passande kategoriar for alle erfaringane, og mykje kunne plasserast fleire stadar og var vanskeleg å avgrense til bestemte kategoriar. Neste steg vart å kondensera utsegna til kortast mulege og mest mulege dekkjande utsegn, framleis med orda og vendingane til intervjupersonane. Desse utsegna danna overskriftene for dei ulike tema (jamfør kapittel 5).

I gjennomarbeidinga av dei fortetta utdraga av intervjuet i kapittel 2, heldt eg meg strengt til intervjupersonane sine utsegn. Det var først i utforming av denne teksten at eg byrja setje mine egne ord på deira erfaringar. Eg har søkt å ha ei haldning til teksten slik Alvesson & Skjöldberg (2000) uttrykkjer det; ”neither as its master, nor by passively surrendering ourselves to it, but on an equal footing” (s. 86). I heile prosessen har eg veksla mellom å fokusera på del og heilskap (jamfør kapittel 4.1). I første omgang vart kvart intervju sett som ein heilskap. I neste omgang såg eg dei som ein del av det samla intervjumaterialet, før eg så gjekk tilbake til det einskilde intervju og del og helhet i hvert enkelt intervju. Forståing av utsegna vart såleis aldri isolert frå samanhengen dei sto i.

⁶² ”knocking at the tekst” (Alvesson & Skjöldberg, 2000:86)

4.4.3 Refleksjonar omkring framstillinga av empiri og tolkingar

Eg har gjennom detaljerte skildringar av fenomenet slik det viser seg for meg og i tydingane som trer fram hjå meg, i ei veksling mellom det *ulike*, det *like* og det *unike*, kome nærare fenomenet 'å høyre stemmer og lydar'. Eg har såleis funne fram til ein del kvalitetar som eg finn kjenneteiknar livsverda til dei som høyrer meir enn dei fleste. Det eg trekkjer fram som vesentleg har kimen i seg til det *ålmenne*. Eg argumenterar for at dei perspektiv eg har valt er gyldige og viktige bidrag i forståing av valte fenomen. Det vert opp til lesaren å vurderer om mine tolkingar og refleksjonar står fram som gyldig og truverdig. Her vil eg minne om at objektiviteten til kunnskapen som kjem fram i intervjustudium, i fylgje Kvale (1996:64) må vurderast utifrå den forståing av 'objektivitet' ein legg til grunn. Eg har tidlegare gjort greie for det som ligg til grunn i denne studien, nemleg Merleau-Ponty sitt syn på objektivitet (jamfør kapittel 3.4).

Som forskar har eg søkt bli så medviten som muleg om mitt utgangspunkt, og har så godt som muleg synleggjort dette for lesaren. Det er avgjerande for at lesaren skal kunne stole på funna, og på det eg framhevar som vesentleg. Eg har brukt ulike metodiske analysar. Eg har teke i bruk det som syntest vere mest tenleg for å få ei djupare forståing i forhold til denne problemstillinga og dette materialet. Det er ikkje noko som tilseier at bestemte metodiske analyser fører til ei djupare forståing enn ad hoc framgangsmåtar, skriv mellom anna Kvale (2001), Van der Zalm (2000). Kvalitativ forskning er i det heile lite prega av standardisering, skriv Alvesson & Skjöldberg (2000). Det er '*fenomenet*' som vert undersøkt som avgjer kva vegar ein fylgjer (jamfør kapittel 4.1). Eg har søkt å visa vegar eg har gått ifrå val av perspektiv til forskingsamtalane, nye val av perspektiv og kva slutningar eg trekkjer. Siktemålet mitt er at lesaren skal kunne fylgje vegane eg har gått og erfare dei som mulege og sannsynlege.

I framstillinga av intervjupersonane sine forteljingar har eg veksla mellom å bruke sitat, fyldige samandrag av deira utsegn, og å fortelje oppatt med mine egne ord. Den fyldige framstillinga av kva intervjupersonane har sagt, tener til å gi lesaren innblikk i det samansette og mangetydige i intervjupersonane sine forteljingar. Det kan vere lesaren ser tydingar som eg har latt liggje i denne omgang, eller tydingar eg ikkje har fått auge på sjølv. Truverdet til mitt arbeid vert ikkje svekka med dette. Det som i første rekkje svekkar truverdet vil vere om lesaren ikkje ser samanheng mellom utsegna og mine tolkingar og refleksjonar.

I det fylgjande skal me sjå nærare på forteljingane til intervjupersonane.

5 MØTE MED INTERVJUPERSONANE SI ERFARINGSVERD

I dette kapittelet går eg nærare inn på intervjupersonane sine utsegn, og gir ei tematisk framstilling av det dei har fortalt. Eg framhevar i første omgang utsegn eller forteljingsbitar som handlar om det som vert høyrte, og held fram med kva erfaringane med stemmene og lydane inneber i dagleglivet. Eg deler òg mine undringar i høve til kva intervjupersonane fortel, undervegs med lesaren.

Eg vekslar mellom å framheva det som verkar vere likt mellom intervjupersonane sine erfaringar, det som ser ut til å vere viktige nyansar gjennom det som er ulikt, og det som er eineståande. Utsegna er meiningsmetta og synest til tider vere direkte sjølvmotseiande. Inndelingane er difor på ingen måte klart avgrensa kategoriar. Det var heller ikkje alt som let seg plassera i ein bestemt kategori. Tematiseringa skal i første rekkje tene til å gi lesaren betre oversikt over vesentlege sider ved fenomenet, slik intervjupersonane har framstilt det i møte med meg. Me byrjar med å sjå på det dei høyrer.

5.1 Om det som vert høyrte

5.1.1 ”*Dei kan sei forskjellige ting...*”

”*Je t’aime*”

Kari fortel om stemmer som *på eit vis* kviskrar at ho er elska. Ho har eller får ei kjensle av at det er noko godt rundt henne;

”så eh [tenkjer etter] *det det at det e ikkje så møkje stemmer, det e merr ein følelse av noke godt rundt deg, rundt håve ditt, og så har eg, eg hørre akkurat så ei gode stemma òg som kviskre sånn der, klare ikkje å hørre, men kviskre lydar te meg. Je t’aime, je t’aime seie dei. Det e liksom sånn god eh stemma, gode opplevsar av, vett ’kje ka eg ska sei*”.

Det verkar som budskapet både er ei påminning om at det verste er over og at ho har hjelp frå krefter utanom henne sjølv. Den minner henne om at ho ikkje er åleine og fyller henne med håp; ”*je t'aime betyr jo det, eg elske deg, så det e på ein måte sånn, så eg føle det at eg e kommen øve den verste kneiken*”.

Både Tor, Kari og Åse fortel om det dei kallar gode stemmer. Det verkar vere budskapet som gjer dei til gode stemmer. Budskapet til desse stemmene handlar om tema dei er oppteken av eller situasjonen dei er i. Åse har stemmer som fortel at Gud er med ho og hjelper ho, det er englestemmer. Budskapet deira kjem gjennom heile dagen. Dei trøyster når ho er redd og bekymra; ”*eg har lurt ein del på døden då, og snakkt en del om det, og dei seie det at dei ska ta sjelå mi til himmelen*”. Englebudskapet kan vera støttande, når ho tvilar; ”*så seie dei at Jesus er ekte eg har jo lurt litt på det*”. Dei kan og vere spøkjande og på det viset oppmuntra henne. Englane kan til dømes seie; ”*Jesus seie onkels bil*.” Åse fortel at ho har ein tendens til å tenkja eller grubla omkring dystre tema som til dømes døden. Morosame kommentarar frå stemmen tener til å hjelpe henne med å frigjere seg frå det dystre. Budskapet til englestemmene kan og vera forklarande fortel ho; ”*dei seie, elles kan det bli litt for alvorlig*”.

Nokre budskap vert gjentekne. I fleire år har til dømes englestemmene som Åse høyrer gjenteke; ”*me ska få deg god igjen*”. Stemmene har forklart at det er for å prega henne, fortel ho. Ho seier vidare;

”*Eg merke det at eg kan innbilla meg ting som ikkje e reelle, eg eh, trur at noken komme inn her om nåttå når eg sove og at eg blir usikker. Og då gjentar dei (englane) at ingen har vore her inne.*”

Den gjentekne budskapet kjem regelmessig og verkar vere føreseieleg. Dei gode stemmene til Kari kviskrar om att og om att, at ho er elska når ho skal leggje seg. Gjentekne budskap høyrer ut til å forsterka mot, tryggleik eller håp når det er positivt lada.

Tor høyrer tidvis stemma til ein slektning, mormora, som ikkje lever lengre. Denne stemma formidlar omsorg og trøyst; ”*du må slappe av det her skal gå så bra så*” seier stemma. For ei tid tilbake var det ei vond stemme som sådde tvil om mormor. Denne stemma sa at mormora til Tor var eit vondt og dårleg menneske. Det er blitt vanskeleg for Tor å setje si lit til og finne trøyst i det mormorstemma seier etter dette. Kari høyrde ei mannstemme i ein lengre periode

som var både vond og god; ho seier det slik; ” *Han va egentlig vonde, men han va god for meg*”. Det er ein person som Kari veit kven er. Ho har motstridande kjensler til han. Det er kanskje årsaka til at denne stemma er både vond og god. Me skal no sjå nærare på budskapet til dei plagsame stemmene og lydane som vert høyrte.

”Du skal ...”

Britt, Kari og Tor høyrer i periodar kommanderande eller trugande budskap. Dei kjem frå andre stemmer enn dei me til no har blitt kjent med. Britt fortel at det er sjeldan stemmene hennar prøver å kommandera henne, men dei kan somme tider seie at ho må leggja seg med kledda på. Til vanleg nyttar det ikkje for henne å snakka med stemmene, men når stemmene vil ha ho til å gjere noko avfeiar ho dei kontant og seier til dei; ”*det har kje du noke med*”. Ho fortel vidare: ”*eg bryr meg ’kje om ka dei meine elle seie. Så det eg må gjørr, og det eg vil gjørr, det gjørr eg, så bryr eg meg ikkje om ka stemmene meine. Det har eg aldri gjort.*” Britt gjer aldri som stemmene seier. Med Tor og Kari er det annleis. Stemmene som prøver å kommandera dei er stemmer som skremmer dei;

I⁶³: ”*ka som gjorde at du ikkje ville sei det (fortella om stemmene)?*”

”*Det va jo kan du sei, truslar. Truslar fra dei stemmene som at eg måtte’kje, altså det va, det va ’kje ein gong snakk om å egentlig fortella. (...) Det gjorde eg bare ikkje rett og slett, men det endte jo med at eg blei så dårlige at eg sette meg, eg fekk akkorat så beskjed om forskjellige ting. Gjørr det, gjørr det, og så sett deg inn i dusjen. Eg sette meg inn i dusjen med dynå øve håve.*”

Tor får i periodar beskjed frå djevelstemma om å svelte seg og han et difor tidvis lite; ”*va jo svolten og svolten gnog og, men stemmen sa eg sko’kje eta, eg sko ha det vondt...*” (jamfør kapittel 2). Under nokre omstende gjer Kari og Tor slik stemmene seier. Under andre omstende gjer dei ikkje det dei blir kommandert til å gjere, sjølv om det er skremmande og mektige stemmer som kjem med tydelege befalingar. Kva dei gjer verkar ha samanheng med kva stemmene kommanderar dei til å gjere. Beskjedar om å gjøyme seg, eller svelta seg er noko anna enn beskjedar om å gjere skade på andre; ”*og stemmene sa at eg måtte kvitta meg me ’an, så det va et par gonger eg prøvde å drepa ’an Pål, sto klar med påsen, han låg og*

⁶³. ”I:”- intervjuaren, altså eg er sitert.

sov, men eg klarte det 'kje". Sjølv om Kari var redd dei kommanderande stemmene, så gjorde ho ikkje som dei sa. I periodar der mafiastemmene bad ho om å kvitte seg med broren, heldt ho seg borte frå han eller sørgde for at ho ikkje var åleine med broren. På denne måten minska ho mulegheitene for at ho kunne koma i ein situasjon, der ho faktisk gjorde som stemmene sa. Men ho har tidvis vore redd for at det i dei rette omstenda kunne skje noko, at ho kunne få ei så klar melding frå stemmene at det ikkje var muleg for ho å gjere noko anna enn det dei sa;

"Eg e så redde for det me 'an Pål at, viss eg e med han, og hørre stemmene, og viss stemmene seie klart og tydelegt at eg må skada Pål. Ka søren gjørr eg då? Skjønne du? Skade eg han eller ikkje?"

I: "Det hørres ut som du ikkje heilt stole på deg sjøl, då"

"Nei, eg stole ikkje heilt på meg sjøl, eg liksom, ... eg elske 'an Pål øve alt på jord, han e lillebror minstemann, men samtidig så e eg redd 'an. Eg må bare sei det, samtidig så e eg redd 'an".

I periodar seier mafiaen at broren er ute etter henne. Det er dette som skremmer henne, fortel ho.

"Klukk, Klukk, Klukk..."

Britt og Kari opplever stemmer som irriterar dei. Det er ulike forhold som medverkar til at stemmene og lydane vert opplevd slik. Stemmene som Britt høyrer seier ting som verkar vere utan meining (jamfør kapittel 2, s.7). Det stemmene seier har inga samanheng med det ho er oppteken av, og gjer det vanskeleg for henne å slappe av eller konsentrera seg om andre ting. Både Britt og Erik erfarer plagsame lydar; "eg hørre lydar av og te, akkurat så det smedle, så e det ingenting". Britt høyrer støtt den same lyden, medan lydene som Erik høyrer varierer (jamfør kapittel 2, s.8).

Det uforutseielege forsterkar plagene med desse stemmene og lydane;

"besse det, hadde nett vore noken og banka, og ei litå stond ette så e det på ein aen plass igjen" ... og sånn har eg no hatt det, på detta viset, så eg bynne nå å bli ganske leie".

Erik kan ikkje slappa heilt av. Han er på vakt. Han støkk når han høyrer lyden, og undrar seg over kvar den kjem frå og kven som lagar den. Han leitar etter eit mønster for kva tid lydane på ny skal dukka opp.

Desse bodskapa og lydane vert gjentekne eller dei *kjem att*. Dette ser ut til å forsterke bodskapen dei formidlar. Britt fortel at ho vert sint og irritert når bodskapen stemmene gjentek er meiningslaus eller negativt lada; ”*noken gonger så kan dei sei noko så dumt som ”klukk” i ein hall te hallaen time.*” Erik vert òg irritert på dei gjentekne baneklydane. Den gjentekne bodskapen ”*eg ska ta deg, eg ska ta deg*” frå djevelstemma til Tor gjer han snarare redd enn irritert. Kvifor reagerar dei ulikt på desse høyrselfenomene? Har det samanheng med *meininga* bodskapen har for dei? Me skal først sjå nærare på kor stemmene synest kome frå og kva tid dei kjem, før me vender attende til kva intervjupersonane trur stemmene og lydane kan vere.

5.1.2 ”Plasser som dei e”

”Det komme inn i håve på en veldig rar måte”

Lydkjelda kan vera plassert i rommet, ulike stadar utanfor kroppen eller i kroppen etter det intervjupersonane oppfattar, men det er klart for dei alle at lyden høyrer på eit anna vis enn *vanlege* lydar. Britt, Kari, Åse og Tor høyrer alle stemmer, og skildrar kor stemmene er plassert. Samstundes fortel dei at lyden kjem inn i hovudet og ikkje gjennom øyrene. Erik peikar på dei ulike stadane som bankelydane kjem frå. På spørsmål om korleis han høyrer lyden, svarer han at det høyrer som vanleg lyd. Det er plasseringa til lyden som er uvanleg ”*Her e det ikkje noke som kan gi ein sånn lyd*”, seier han.

Åse høyrer englane kontinuerleg. Dette er likevel ikkje til hinder for henne i dagleglivet. Ho kan samtale med meg og høyre dei samstundes utan at det er til hinder; ”*dei kjem inn i håve på ein veldig rar måte*”, fortel ho. Det er sju stemmer som pratar til henne, men dei har *ei* stemme når dei pratar med ho; (*Dei har same stemmen*) *i forhold te det eg hørre, men dei har jo forskjellige stemmer som, seg imellom.* Dei synest kome frå den same staden.

”Har faste plassar så dei e”

Kari og Tor fortel om stemmer som er plassert i kroppen. Tor høyrer plagsame stemmer i hovudet. Dei er med han der han er. I ein fortvila situasjon der djevelstemma har plaga Tor intenst i ein lengre periode, prøver han å springe frå den; ”så sto eg klar der, då sko eg kjempa mot stemmån inni håve, me sku kappspringa”. Det var til inga nytte. Tor fortel vidare at den intenst vonde stemma til tider er både innvendige og utvendige på same tid; ”så hørte eg stemmån, 'eg ska ta deg, eg ska ta deg', og så kjende eg at eg fekk vondt. det va akkorat så noke skar meg i magen.” Stemmene er inni hovudet, men er samstundes utanfor og skal ta han og skjære i han.

Kari opplevde at ei av stemmene på eit vis vart ein del av kroppen hennar. Det var ei god oppleving i ein lengre periode; ”ei stond så va det jo, ein spesiell person, som eg på ein måte, fekk kontakt med, følte eg, og han va akkorat så på den eina sidån mi, og han prata te meg, og me hadde kommunikasjon”.

Både Britt og Kari fortel at dei høyrer stemmer frå fjernsynet og radioen. Kari fortel at dei som syner seg på fjernsynsskjermen eller pratar i radioen brått nemner namnet hennar og kommenterar kva ho gjer. Stemmene som Britt høyrer er plassert inni høgtalarane til stereoanlegget og fjernsynet, men dei er og på bestemte plassar og i bestemte rom i leilegheita hennar. Ho har flytta fleire gonger, men stemmene har flytta med henne til dei nye husværa;

”der og hadde eg akkorat dei same stemmene ein i stovån og så ein på kjøkenet” ”men viss eg gjekk ut så va det mindre av dessa stemmene. Det va veldig sjelden når eg gjekk ut”

Det er berre når ho er veldig dårleg at ho høyrer stemmene når ho er ute. Ho har med tida lært seg at når stemmene byrjar bli meir plagsame, kan ho gå turar ut og på den måten få fred. Det er slik, meiner ho, at om ho finn seg ein ny plass å bu, er ho sikker på at stemmene vil finna dei same faste plassane der og.

Nokre stemmer flyttar seg rundt omkring, slik som stemma som susar rundt hovudet til Britt, eller den som set seg på øyreflippen hennar (jamfør kapittel 2). Lydane til Erik flyttar òg på seg. Lyden av humla, til dømes som kom ut av veggen med eit smell, og som seinare kom så nær øyra hans at han tenkte at den ville krype inn der, før lyden forsvann (ibid).

Korleis kan Britt, Kari og Tor skildre kor stemmene held til og samstundes hevde at lyden er i hovudet? Har den erfarte plasseringa til desse stemmene og lydane innverknad på om dei skjønar at dei åleine om desse erfaringane? Me ser vidare på kva tid dei høyrer stemmene og omstenda rundt det.

5.1.3 "Eg hørre dei når..."

"Dei kom heilt plutselig"

Sjølv om det var både ti og femten år sidan fleire av intervjupersonane første gongen høyrde stemmer, sto det klart for dei når det byrja; "eg fekk ein trip, ein rus trip det var vel egentleg ein psykose eg fekk. Det va fysste gongen eg blynte å hørre stemma". Åse fortel at stemmene kom då ho vart kristen. Ho opplevde å få ein heilt spesiell kontakt med Gud gjennom englestemmen som ho då fekk høyre, og sidan har det vore slik; "ette eg blei en kristen, så kom dei sånn. Leste ein del i bibelen, og fekk ein del svar, men det va litt nifst, det va det, å møte Gud på den måten." Erik byrja høyre bankelydar og andre lydar etter ein spesiell draum, medan Kari høyrde den første stemma då ho ikkje fekk fortsetje i eit vikariat og vart forbigått ved søknad om fast stilling (jamfør kapittel 2).

Etterkvart som intervjupersonane har høyrte stemmene eller lydane ei tid synest dei kjenne att nokre mønster for kva tid dei dukkar opp.

"Som regel"

Tor og Britt seier at stemmene som regel kjem eller vert sterkare om kvelden når dei skal leggje seg, og forstyrrer nattesøvnen deira; "stemmene mine e som regel sånn nå, at dei komme seint på kvelden, at dei e på det kraftigaste, når eg ska legga meg". Både Tor og Britt fortel at dei kan bli sitjande oppe, for dei veit at det ikkje nyttar å prøva å sove når stemmene er der. Djevelstemma til Tor kan òg dukka opp i draumane hans, fortel han; "nå har eg jo hatt møyke sånn her drømming, når eg legge meg, at den e her".

Britt fortel at ho i dårlege periodar høyrer stemmene ”*jamnt heila tidå*”. I periodar på fleire veker til fleire år vert stemmene ”*som regel*” høyrte dagleg. Slik syntest det vere for alle intervjupersonane.

Gjennom fleire år erfarte Britt at stemmene kom då ho skulle slappe av med musikk; ”*dei kom alltid når eg sko spela musikk, og sette på radioen*”. Nokre av stemmene til Kari er tilstades i hennar liv i eit års tid, medan andre stemmer let høyre frå seg over fleire år; ”*det varte jo i mange år. Fira, fem, seks*”. Stemmene på kjøkkenet og i stova er dei første stemmene som kjem att eller forsterkar seg når Britt vert dårleg, seier ho. Dei einskilde stemmene ser ut til å ha sine mønster for kva dei seier, eller når dei dukkar opp. Tor seier han ofte vert plaga av djevelstemma når han snakkar om det vanskelege og reiknar med at han får plager frå stemmene etter intervjuet; ”*rekne vel med at eg får det i dag, si’ eg prata så møkje om det*”. Men stemmene kan òg koma når han har det godt.

Englestemmen til Åse svarer som regel når ho spør dei om noko. Når ho er utrygg eller undrar seg over noko. Dei pratar ”*heila tidå*”, fortel ho. Stemmen fylgjer stort sett eit mønster, men det er inga regel utan unntak.

”*Dei e der heila tidå, hørre dei bare ikkje heila tidå.*”

Stemmen er *nærverande* på ulike vis og *fråverande* på ulike vis. Typiske utsegn var; ”*dei e der heila tidå omtrent, (tenkjer etter) nå hørre eg dei lite altså*” eller;

” *nå hørre eg ikkje så møkje stemmer, em, [stoppar opp og tenkjer etter] litt, altså ikkje når eg e oppegåande, når eg e ute ilag med andre eller på jobb, i våken tilstand, men det kan henda om kveldane når eg legge meg, at eg kan hørra noken stemmer.*”

Stemmen er der, men er likevel ikkje alltid like tydeleg tilstades. Britt seier det slik: ”*(i gode periodar) hørre (eg) dei ikkje så møkje, hørre dei ikkje så klart*”. Ho høyrer kva stemmen seier, men kan la vere å fokusere på dei. Slik verkar det vere med Tor òg; ”*den har vore der heila tidå, men akkorat så, i periodar klare eg å fokusera den bort, at eg på ein måte registrere ’kje...*”.

Tor har i tillegg det han kallar ”stemmefrie periodar”. I desse periodane, som kan vara i fleire år høyrer han ikkje stemma. Men den er der likevel fordi han aldri kan vera sikker på kva tid den kjem att. I dei stemmefrie periodane har mykje godt skjedd i livet, men når han har det som best, kan djevelstemma dukke opp igjen og øydeleggje for han; ” *alltid når den (stemma) e vekke så, eh, tenke eg, du ska`kje bli for lykkeleg, skjønne du? For det at, den komme nok tebake [bristande stemme] ikkje sant?*”. Kari fortel at ho slit med minnene frå tida då ho mellom anna høyrde mafiaen og mykje skremmande stemmer; ”*eg slite endå med minnene kan du sei, av og te får eg den feelingen, det her har eg opplevd før*”. Det verkar vere kalde gufs frå ei vond tid i livet.

Britt, Kari, og Tor fortel at stemmene ikkje har vore like jamnt eller like sterkt tilstades etter at dei byrja på anitpsykotiske medisiner. Dette kjem eg tilbake til i avsnittet ”om medisiner”.

Stemmene til Britt stilna nesten heilt då ho traff naboen, Per som seinare vart kjærasten hennar. ”*Ette eg traff Per så har det vore lange periodar så det ikkje har vore*”.

Kva tid stemmene blir høyrte, eller ikkje kan overhøyrast ser ut til å variere. Fleire av intervjupersonane kjenner igjen situasjonar der stemmene nesten alltid dukkar opp. Britt seier til dømes; ”*te dårlegare eg e te fleire stemmer e det*”. Det er likevel ikkje muleg for henne å forutsjå dette. Det er berre i ettertid at ho skjønner samanhengen; ”*det kan gå, gjedna noken dagar før du heilt forstår at nå e du inne i ein dårlege periode*”.

Tor, Kari og Britt fortel at når dei har vore innlagt på psykiatrisk avdeling så har stemmene vore plagsamt tilstades heile vegen. Britt seier; ”*når eg va innlagde fekk (eg) ikkje fred når eg va ute helle*”.

'Når eg blir dårleg', 'når eg er stressa', 'om kvelden', 'når eg manglar livslyst' 'når eg har det godt', eller 'når eg minst ventar det'. Dette er situasjonar der stemmene kjem tilbake, eller tek seg opp i intensitet. Stemmene kan då snakke *høgare* enn dei elles gjer, *oftare* enn dei vanlegvis gjer, eller det kan vere *fleire* stemmer som snakkar. Eller budskapet kan bli *meir krevande* å forhalda seg til ved at intervjupersonane til dømes må byrje å motstå trugsmål eller oppfordring til handling eller forhalde seg til meir kjenslevare tema.

5.2 Kva intervjupersonane trur stemmene og lydane kan vera

No vil eg la intervjupersonane fortelje meir om kva *dei* meiner det dei høyrer kan vere og kva forståing dei over tid har fått av det dei høyrer.

5.2.1 "Den", "Det" eller "Dei"

Britt, Tor, Åse, Kari og Erik fortel alle at dei opplever at stemmene og lydane er *noko anna* eller *nokon andre*, altså ikkje-meg. Ingen av dei tenkjer til dømes at stemmene er deira egne tankar. Det er likevel ulike måtar og ulike grunnar til at stemmene og lydane vert erfart som *den andre*, *det andre* eller *dei andre*. Britt seier det slik;

"eg leste ein plass at det å hørra stemmer, det va som å hørra dine egne tankar utanfor deg sjøl, men det e heilt feil. Det har ingenting med saken å gjørr. Det e så dårleg beskrivelse av det atte, det e i allefall det dårlegaste eg har kommen øve."

Stemmene snakkar om ting ho ikkje har tenkt på, ting ho ikkje ein gong er oppteken av, argumenterar ho. Britt opplever stemmene som svært irriterande og forstyrrende nettopp fordi dei støtt kjem med lausrivne og uviktige utsegn. Dei er der nesten alltid når ho treng kvile og ro eller skal gjere naudsynte ting i huset. Ho kan ikkje styre måten dei trer fram på, fortel ho.

Bodskapen til englestemmen som Åse høyrer handlar om det ho er oppteken av. Ho kan samtale med englestemmen og forklarar korleis det er å kommunisera med dei;

"når eg tenke, så må dei veta ka eg vil. Altså dei seie det så eg seie på ein måte. Kossen ska eg forklara det? Av og te snuble me i kvarandre. Eg tenke, så komme dei med noko på sama tidå. Eg må visa litt tolmodighet og la dei komma litt til orde før eg tenke, svare, sånn at det ikkje blir dobbelt, at det blir to- på- ein- gong snakk. (...) Men det e jo møykje dei som føre ordet, det e det jo."

Stemmene fører ordet, men Åse seier samstundes at ho *lar* dei føre ordet og at dei *på ein måte* seier det same som ho seier. Ho fortel vidare at ho dessutan får svar på spørsmål som ho stiller til stemmene. Dette synest forsterke hennar tankar om at stemmebodskapen ikkje kjem

frå henne sjølv; ”så når eg ska legga meg om kvelden så sakke dei ned tempoet på snakkingå. Koffer e dåke så trege om kvelden, spør eg. ”For at du ska få roe deg ner og sova”.

Kari understrekar fleire gonger at det er *verkelege personar* ho høyrer. Det er verken stemmer frå henne *eller* stemmer frå oppdikta personar, seier ho. Slik er det òg med mormorstemma som Tor høyrer. Sjølv om ho ikkje lever lengre, høyrer det ut som om det er stemma hennar. Kari fortel at dei verkelege stemmene som berre ho høyrer, får ei *personleg* form. Ei av stemmene til dømes, ein mannsperson vart som ein del av kroppen eller ei utviding av hennar kropp (jamfør kapittel 2). Han vart på eit vis hennar ”*tvillingsjel*”, seier ho. Kari hadde ei førestilling av korleis han såg ut, men når ho seinare såg eit bilete av han forsvann det. Då kunne ho verken høyre eller kommunisera med han lengre;

”han va liksom ein slags tvillingsjel te meg, men eg va glad i han. Han va så negative og sånn. Då levde eg berre i den verdå, mi og han si verd. Eg trengte `kje noken å prata med. Me, eg, samtalte berre med han i et heilt elle et par år, noke sånn, te eg kom te [psykiatrisk sjukehus], så då bynnte det å gi seg. Og då fekk eg det for meg at han døydde, men seinare så har eg tenkt at sjølsagt då døydde han ut av mitt liv. Han døydde ikkje i virkeligheten. Han døydde då eg va på sykehuset.”

Det er altså ulike grunnar til at Britt, Kari, Tor og Åse ikkje oppfattar stemmene som kom den frå dei sjølv. Me skal sjå nærare på kva intervjupersonane meiner stemmene var til å byrje med og kva dei meiner at dei er no.

5.2.2 ”Te å begynna med..., og ettekvart”

”Va bare rein og skjær innbilning, men virke veldig virkelig når det står på”

Frå første stund er Tor overtydd om at stemma han høyrer er eit sikkert teikn på at noko er alvorleg galt:

”eg visste jo at eg va gal. (...) ja, eg visste at eg va sinnssjuka, det visste eg (...) for eg har ein onkel som e schizofren så. Eg hadde sett han i psykotisk tilstand, så eg rekna

med at det va det eg hadde. Eg va lika sinnsjuka som han. Eg va på sjukehuset og besøkte han (...) og når eg blei sjuke, så tenkte eg, der sko eg aldri bli innlagde.”

Britt trudde lenge at det var noko gale med huset eller leilegheita der ho budde då ho høyrde stemmene til ”folk som heller ikkje var folk” (jamfør kapittel 2). Ho tenkte ikkje at det kunne skuldast at det var noko som feilte henne sjølv; ”eg gjorde ikkje noke for å oppsøka psykolog eller psykiater elle noke. Faktisk, trur eg ’kje eg forstod at det va noke galt.” Kari skjønna heller ikkje at det var noko som feilte henne til å byrje med. Det ho opplevde var i første rekkje ei ny og annleis erfaring. Ho forklarar korleis ho erfarte den første tida, då ei kvinnestemme plaga henne på grunn av ein konflikt;

”då va det jo så nytt atte eg forsto jo ikkje det. Eg trudde jo det va noke magisk, ett eller aent sånt. Eg forsto jo ikkje det at det ikkje va reelt, egentleg. (...) Det va akkorat så eg trudde alle, at me hadde telepati kan du sei. Du tenke ein tanke og sende te meg og så hørre eg den inni håve.”

Etterkvart skildrar alle tre at dei vart forvirra. Britt seier til dømes at ho såg syner i tillegg til stemmehøyrringa; ”då såg eg syner og hadde blitt forvirra i tillegg til å hørre stemmer.” Kari og Tor skildrar ein kaotisk livssituasjon på flukt både frå personar og personleg erfarte stemmer. Alle tre vart tvangsinnlagt på psykiatrisk sjukehus. Dette verka inn på deira forståing av stemmene, slik eg ser det. No tenkjer til dømes både Kari og Britt at dei har ei psykoseliding og at stemmene er *symptom* på denne lidinga. Når Britt høyrer fleire stemmer eller når dei vert sterkare går det likevel litt tid før ho skjønner at dette tyder på at ho er dårlegare. Ho seier det slik; ”te dårlegare eg e, te fleire stemmer e det. Eg tenke ikkje på det der og då (at eg bynne å ble dårlegare). Kari synest setje ord på noko av det same. Ho seier at ho veit at stemmene er innbillingar og at ho har vrangforestellingar om dei. Dei framstår likevel som verkelege når det står på;

”men ein periode klarte eg jo ikkje å sjå på tv, då eg hadde sånn veldig vrangforestilling om det, det her med at dei kunne sei navnet mitt eller observera meg eller sånn. Då tolte eg ikkje å sjå verken tv eller hørre på radio, men nå går det bra. Så eg vett jo det at det e vrangforestillingar. Nå vett eg jo det, sant, men sjøl om eg visste det før òg så kunne eg ’kje stoppa det, kan du sei. (...) Det tok långe tid før eg forsto at eg måtte distansera meg heilt fra det der, og at det bare va rein skjær

innbilning. Men når det står på virke det veldeg virkeleg, altså du trur at andre òg, det e reelt, sånn fysisk.”

Tor gir òg ei inngående skildring av det som framstår som ei dobbel eller sjølv-motseiande erfaring av djevelstemma som han høyrer. Tor synest ha det på liknande vis som Kari, når det står på så virke stemmene svært truverdige. Tor er uviss på om djvelen er inni hovudet hans, samstundes som han tenkjer at det berre er eit sjukdomsteikn;

”eg, tenke jo i meg sjøl, at eg e ganske sjuke. Eg må være ganske sjuke. For liksom, eg trur jo det e djvelen, det e han som plage meg og eg vett ikkje koffer. Koffer han har velt ut akkorat meg? (...) For det e mången gonger eg tenke når eg hørre stemmån, når han plage meg; e det djvelen så e ute ette meg og som ska gjera livet mitt te et helvete elle e det for at eg e så sjuk i håvet?

I: ”E det bare dei to alternativene?”

”Det e bare dei to alternativene, enten så e det djvelen som plage meg elle så e eg sinnsjuke. Ja, for at eg hørre denna stemmån, då e ikkje eg heilt rektige. Eg føle at eg e gal.”

Kari og Britt har etter fleire år kome fram til at stemmene har med deira psykoseliding å gjera, men på ulike måtar. Britt meiner at stemmene blir fleire og sterkare når ho er stressa og mykje åleine, medan Kari knyttar stemmehøyringa til vilje, savn og livslyst. Dei har begge lese om diagnosa som dei har og dessutan teke stilling til kva som stemmer og kva som ikkje stemmer med deira erfaringar. Britt er til dømes usamd i det som står skrive om at stemmene kan vera stemmehøyraren sine eigne tankar (jamfør kapittel 5.2.1). Ho meiner det er meir hald i det ho har lese om årsaker til stemmehøyring og psykiske lidingar;

I: ”Ka trur du stemmene komme av?”

”Der e ingen så vett. Eg trur det må vær noke som e kobla feil inni hjernen. Det kan vær så møkje, det kan vær noke du har fått før du blei fødde, for eksempel ein sånn fosterskade elle sånt. Ingen vett akkorat ka så e grunnen te (det). Alt fra det og te arvelegt, det kan vær noken långt bak i slektå som har hatt det sama, så det kan vær så møkje.”

Kari har merka seg at det er nokon som hevdar at mange blir frisk etter femten år. Ho har reikna ut at ho har nokre år igjen til ho blir frisk. Dette vågar ho varsamt å tru på;

”Eg har ’kje vore meg sjøl på øve fjorten år. Eg har holdt meg inni meg sjøl. Eg ville leva i mi eigå verd. Du kan rømme inn i ein, di eigå verd og hørra stemmer. Viss du vil, viss eg vil det, kan du sei, så kan eg det. Men, eg vil ikkje det, for eg har funne ut at eg har lyst til å leva, altså at eg bynne å få livslystå mi te bake.”

Det er skilnad på stemmene Brit høyrer og lyden av eit smell ho somme tider høyrer. Britt forstår at dette smellet er av eit anna slag enn vanlege smell fordi *akkurat* den same lyden kjem igjen kvar gong. På same vis er det med svilukta ho somme tider kjenner. Vanlege lydar og lukter er aldri heilt like frå gong til gong, forklarar ho;

”Så kan eg lukta ting så ikkje e der. Det kan vær at det akkurat så lukta svidd og så e det’kje svidd. Det e ’kje sånn skikkeleg lukt. Eg kjenne forskjell på den luktå og skikkeleg svidd. Den e like seg kvar gong. Viss du svir noke på kjøkenet så lukta det ’kje likt kvar gong.”

Britt ser inga samanheng mellom smellet ho til tider høyrer og at ho er dårleg eller stressa.

”Av og te hørre eg lydar sjøl om eg e ganske gode. Akkurat så det smedle, så e det ingenting. Det e sjelden. Det kan vær sånn te vanleg, sånn som nå når eg ikkje e stressa.”

Kari skil mellom ulike stemmetypar. Det ho kallar religiøse stemmer er noko anna enn stemmene til det ho kallar dei verkelege personane ho høyrer.

”Det har jo heile tidå, kan du sei, vore reelle stemmer, unntatt det med djevelen då som eg ikkje vett og det her med Gud og det her religøsa (...). Så va det nå Jesus og Gud og Djevelen og det. Og eg kunne nå hørra dei alle tri (latter i stemmen), altså at Gud snakka te meg, ikkje så møkje men, og så Jesus liksom. Men det va merr som ein følelse, noke godt akkurat så.”

Jesus stemma høyrer ho til dømes sjølv om ho ikkje er dårleg. Det verkar som Kari erfarer dette på liknande vis som Åse, at dei religiøse stemmene ikkje har noko med deira psykiske lidning å gjera. Erik knyttar heller ikkje lydane han høyrer til sjukdom. Han meiner òg at lydane han høyrer har med det overjordiske å gjere.

Britt har berre plagsame stemmer, medan Kari og Tor har både gode og plagsame stemmeerfaringar.

Det verkar vere uklart for Tor kva mormorstemma er i denne samanhengen. Er det ei god stemme eller ei lure-stemme frå djevelen, eller er det eit sjukdomsteikn? Det synest òg å framstå som eit minne. Erik seier om ein lyd han av og til har høyr, at den minnar om lyden kona laga den siste tida ho levde.

”det [pusling i papir], det minnte om hu (kona), for hu pleidde å gå sånn og bla i forskjellig sånn. Ja, faktisk, det va akkurat same lyden, at det der sko komma for meg, det va merkelegt.”

Åse har ingen plagsame stemmer. Ho er ganske overtydd om at Gud taler til henne gjennom englane ho høyrer. Det har vore til stor hjelp i høve til å handtera plagsame vrangførestillingar og angst, fortel ho.

”Dei seie dei e Guds englar, men eg har tvilt og tvilt”

Åse veit at det er vanleg å høyre stemmer når ein har ei psykoseliding, men ho veit og at gjennom 12 år har dei aldri vore plagsame, dei har berre vore til støtte og oppmuntring for ho. Det byrja med ei sterk men ikkje heilt uvanleg erfaring; ho opplevde å høyra Guds røyst gjennom englestemmer som talte til henne;”*Eg va frisk når det begynte med stemmer, det va eg, og i arbeid. Klarte meg godt eg.*” Det utviklar seg etterkvart til å bli ei langvarig og uvanleg konkret kontakt med Gud gjennom englar. Ho har brukt mykje tid på å undra seg over kva dei er for noko, englane som ho høyrer og kan samtala med;

”Eg trur jo på Gud då, (men) eg har litt problemer med å tru at det er Guds englar. Eg har jo ein sjukdom der ein hørre stemmer normalt då, elle e det ganske vanlegt, når ein har ein psykisk lidelse. Men dei gjentar no at det ikkje e det sama detta her. Det e kje det.”

I: ”ja, så du e litt usikker der, på ka du heilt ska (tru)”.

”Ja, men erfaringen har du jo med deg i tolv år, så. Det har aldri vore noke vondt eller plagsomt(...).”

Åse fortel at ho har kontakt med psykisk helsevern på grunn av vrangførestellingar og angst. Plager som ho set i samband med psykoselidinga ho har. Ho har kome fram til at ho har utvikla denne lidinga på grunn av grublerier om døden.

”Det e bare det at eg e blitt sjuke av å grubla på døden. (...) Det va ein kveld eg begynnte å tenka på det så blei det litt alvorlig det då, det at djevelen leve, at det e ein kraft. Det blei litt for mørkje for meg. Men nå tenke eg ikkje på det. Gud e størst seie dei (englane) då.”

Åse fortel at stemmene sjølv hevdar at dei er englar. Når ho konfronterar dei med at ho har ei liding der det er normalt å høyra stemmer held englane fast på at dei er frå Gud. Åse er litt tvilande til det dei seier, men ho trur på det ho har erfart; englane har aldri plaga henne. Åse resonnerar seg fram til at dei gode erfaringane med englane ikkje kan setjast i same bås som sjukdom. Å vera sjuk er vondt eller plagsamt, slik er det ikkje med englane. Dei kan difor ikkje ha noko med sjukdommen å gjere.

Erik har og tankar om at lydane han høyrer har med det Guddommelege å gjere. Det skuldast ikkje at det er gode erfaringar, han kjenner seg svært plaga av bankelydane og dei andre lydane han høyer

”Nei, når det står i Guds ord at det e ånder i himmelrommet, så har eg tenkt på dei åndene, at det e Ånden. Ja, for eg har kje, he, noke uoppgjort med noke menneske så eg vett om, at nå går eg te døden og plage meg. Når det nå står det (i bibelen) at det e ånder i himmelrommet, så, må ein jo tru det!”

For Erik er det utenkjeleg at lydane er teikn på sjukdom, men han er klar over at andre kan tenkje slik. Han har difor ikkje vore i kontakt med helsevesenet på grunn av dei plagsame lydane. Han har tydd til anna hjelp og har teke kontakt med 'lesarar' fortel han. Trua på det er ånder frå himmelen er berre blitt forsterka sidan det har minka på lydane etter at han snakka med ”lesaren”.

”(ein plass eg budde) der va det altså noke som kom opp, noke rart, der kom altså nabo-, både maen og kona te syne, te syne! Folk såg dei. Ja, dei såg at dei gjekk i huset. Eg snakka jo me ein mann så hadde vore der oppe og lest på det der’anne der så det forsvant. For i nord e folk rare. Dei lese bort mange ting. Det e tilfelle det, det e kje noke tull. Ja og så ringte eg te den her maen som va der oppe og leste, då eg fekk dessa plagene i huset. Åja seie han, e du av det folket som har sånne, frammande, ubudne gjester i hus? nei, han ville ikkje ta på seg det. Det va så møkje arbeid med der’e der, førte så møkje nøyaktighet og han ville ikkje ta på seg meir. Nei eg fekk `kje noke hjelp hjå han, men eg har ringt altså, te ei aen adressa der nord, og det vise seg at det minke på det her’e her. Det e kje så møkje som det har vore, og eg syns det e ei letta.”

Utsegna frå ein professor har dessutan styrka Erik i trua på at det dreier seg om ånder. Gjennom denne forklaringa meiner han å ha funne ei forklaring på kvifor han hadde den draumen om eit barn som skreik. Draumen som danna opptakten til bankelydane (jamfør kapittel 2).

”Men den professoren som hu Lise, barnebarnet, mitt hadde snakka med, han sa det, han hadde sagt det, at kanskje den ongen e gravlagde ein eller aen plass her i område. For det va kje hus her på den tidå, før byggefeltet kom. Ja, og kanskje den stien gjekk, altså, gjennom leilegheta mi. Ja, han forklarte, hadde forklart det sånn, og det trur eg gjedna, det kan vær muleg. Ja, det e sånn ein naturleg forklaring, for du vett på den tidå, så grov dei ned små ongar ka tid som helst”

Intervjupersonane tek stilling til kva andre måtte meine om deira erfaringar og så gjer dei seg opp si eiga meining. Eg finn at det er lett å fylgja resonnementa deira.

Eg har no løfta fram det som eg opplever som det sentrale i det intervjupersonane fortel om si forståing av stemmene, lydane, og skal no sjå nærare på korleis *dagleglivet* med stemmene kan arte seg.

5.3 Om å leva med stemmene og lydane

”Så eg trur på kraft anstrengelsar frå deg sjøl kombinert med medisinar, hjelp, og sosial omgang, nettverk me venner, arbeid, eg trur alt sånt hjelpe på sjukdommen. For du kan bli frisk av det, for, at det trur eg, det trur eg”.

Kari set ord på viktige sider ved å leva med stemmer eller lydar, som på ulike vis samstemmer med det fleire av dei andre intervjupersonane fortel. Eg brukar hennar utsegn som eit organiserande utgangspunkt for kva intervjupersonane har fortalt om kva erfaringane med stemmene inneber for deira kvardagsliv.

5.3.1 **”Kraftanstrengelsar frå deg sjøl”**

Kva den einskilde gjer for å få det betre og kva som hjelper, varierer ikkje berre frå person til person. Det varierer òg i høve til intensiteten, og budskapet som stemmene eller lydane til ei kvar tid har. Me skal sjå nærare på kva Kari, Britt, Tor og Erik seier om kva dei gjer for å rå med til plagsame stemme erfaringar.

”Det nytta kje viss du hørre tre, fira stemmer og så sette på rock for eksempel”

Gjennom prøving og feiling finn intervjupersonane ut av kva som hjelper og kva som ikkje hjelper. Britt har funne fram til *kva* musikk som hjelper best, og *når* den hjelper. Når ho er plaga med tre, fire stemmer tar ho på seg høyretelefonar og høyrer klassisk musikk eller reggae. Dette er musikk som gir ro og som gjer at ho får fred ei stund.

”Eg har prøvt meg fram rett og slett, for noke musikk e lika forstyrrende. Det nytta kje viss du hørre tre, fira stemmer og så sette på rock for eksempel. Det går ikkje, det blir for masete. Så har du den her reggae, reggaerytmen så har ein sånn avslappande rytme. (...) Den slår litt med hjarterytmen faktisk. Så rock slår motsatt av hjarterytmen, mens reggae slår med hjarterytmen. Eg trur det kan vær noke der.”

Musikken fortregner dei plagsame stemmene, og gjer at Britt får slappa av når ho er heime. Stemmene blir borte den stunda musikken er på, og kanskje resten av dagen, men neste dag kan dei vera på plass igjen. Det har ikkje alltid vore slik. I byrjinga då ho høyrde stemmer, vart ho irritert på stemmene ho høyrde i høgtalarane, som kom kvar gong ho skulle spele musikk eller høyre radio. Dei verste er likevel stemmene på kjøkenet og i stova. Dei pratar heile vegen. Det hender ho hiv noko i veggen eller kjeftar på dei fånyttes, men det skjer ikkje så ofte no.

”Då eg flytta, va dei same stemmene der òg”

Både Kari, Britt og Tor har prøvd å flytta frå stemmene. Tor har både god og dårleg erfaring med å flytta. Første gong han flytte fekk han fred etter kort tid. Det skjedde då han vart betre kjent med dei andre på hybelhuset der han budde. Britt og Kari har berre hatt dårlege erfaringar med å flytta. Britt fortel at det hjelpte ingenting. Stemmene plasserte seg på same vis i den nye leilegheita. Ho har etterkvart funne ut at ho oftast kan få fred frå stemmene når ho går tur.

Kari prøvde å flykta frå stemmene ved å reise utanlands, men dei vart med på turen. Kari fortel at ho vart psykotisk, brukte opp alle pengene sine og vart tilslutt innlagt på psykiatrisk avdeling før ho blei sendt heim. Ho har og flytta fleire gonger til ein annan landsdel for å koma vekk både frå stemmene og ein vanskeleg livssituasjon. Det hjalp lite. Erik har òg vore inne på tanken på å finne ei ny leilegheit, men sidan det har blitt mindre lydar i den seinare tida har han latt flytteplanane liggje.

Tor har òg bytta namn fleire gonger. Det verkar vere ein måte å fjerne seg frå det som er vanskeleg, eller skapa avstand til det som er vanskeleg, fortel han.

”Eg vett ikkje koss eg ska sei det, for atte kanskje, med å bytta navn så har eg unngått mitt eget navn i offentlige papirer. På ein måte så kan eg kanskje ha tenkt at det e ’an Kjell Tore som e sjuk, det e ’kje meg som e sjuk.”

”Då får eg tankane øve på noke aent”

Britt fortel at i den seinare tida er det å lesa bøker ein annan ting som hjelper, men det må vere bøker som fengar interessa hennar.

”Har begynt å lesa ganske møkje og det hjelpe en god del for at då får eg tankane øve på noke aent. Mange gonger e eg så oppslukt av bokå at eg bare glømme alt (...) Eg lese helste bare forskjellige romanar og så litt krim.”

Det er likevel tider då det einaste som nyttar er innlegging på sjukehuset, men det er etterkvart svært sjeldan ho treng det. Ho har og lært seg å skilje på *korleis* ho skal forhalda seg i høve til stemmene etter kor mange det er. Me har sett at ho vel kva musikk ho vil høyre etter talet på stemmene. Tor fortel om kva som hjelpte den første tida han høyrde stemmer.

”Så ette eg hadde sotte på rommet ein måne, og hørrt på stemmen og ikkje ete, så blynte eg å trena. Eg trente’kje ute, men i huset. Med musikk. For eg har vore aktivt med i idrett. Eg kombinerte et program og kunne trena fira, fem, timar om dagen. For når eg trente så hørrte eg ikkje stemmen viss du skjønne. For då va eg så opptatt av å trena og trena, men stemmå, eg hørrte’an jo om eg sov, elle va våken.”

Til å byrje med synest han vere *makteslaus* i høve til djevelstemma. Han våga knapt gå ut av rommet sitt. Han heldt senga for det meste. Det tok litt tid før han fann ut at han kunne påverka situasjonen sin ved å gjere noko i høve til stemmen. Etter ein måned der han svelta seg og heldt senga av redsle for stemma, prøvde han å gjere noko anna for å forandra på situasjonen. Han tok opp ein tidlegare aktivitet. Stemma var der framleis og plaga han, men no fekk han fred nokre timar om dagen. Det var eit vendepunkt, sjølv om det gjekk fleire månadar før han blir fri for stemmen.

I ein lengre periode brukte Tor rusmidler for å fjerne djevelstemma, og få meir kontroll. ”Og då når eg blynte å rusa meg så, følte eg det som at stemmene gjekk meir vekk, eg blei avslappa, eg blei, fekk litt kontroll øve livet.” Etter ei tid slutta han likevel med å rusa seg. Stemma vart ikkje borte og Tor vart redd for å mista styringa i høve til den.

Åse har ikkje kjempa mot stemmene som dei andre har gjort. Ho fortel at ho kjempar mot det ho kallar vrangforestillingar og angst, *saman med* englane. Englane held motet oppe ved å minne henne om at dei skal få henne god igjen. Dei hjelper henne med å få tankane bort frå det vanskelege.

5.3.2 "Medisiner og Hjelp"

Intervjupersonane fortel om ulike former for hjelp. I dette avsnittet har eg samla det dei fortalte om medisiner, behandling på sjukehus, og Gudstru.

"(Medisinane) gjør ganske møkje at stemmene ikkje e, men eg hørre (dei)"

Fire av intervjupersonane brukar nevroleptika (og kalla antipsykotiske midler). Tor, Kari og Britt fortel at medisinane reduserer intensiteten på stemmene eller gir stemmefrie periodar, medan Åse seier at medisinane ikkje har innverknad på stemma ho høyrer. Det var ingen av dei fire som opplevde at stemmene forsvann heilt. Tor fortel; "men eg har jo, eg har stemmene i håve sjøl om eg går på høge dosar med [namn på nevroleptika]." Britt seier det slik;

"Altså før, så va det jamt ein einaste långe dårlege periode. Ikkje aent. Men nå, kom på medisinering, så blei det sånn at eg fekk gode periodar og så balla det på seg, så kom dårlege periodar. Det kan godt ver (at eg e vant med stemmene, og registrere de liksom kje), elle så, elle så e medisinane sånn at dei legge så kraftige dempar på stemmene at når eg e i gode periodar så hørre eg dei ikkje omtrent. Men viss eg sko (få) ein dårlege periode, med kraftige stemmer, så trur eg, eg sko tatt ganske kraftige dosar med medisiner for å så dempa dei. Men eg trur' kje det har så store hensikt å ta så store dosar med ekstra medisiner. Trur du lære å leva meir imot, enn med. Eg har kje prøvd å ta meir medisiner eller noke, bare kjørt på same dose heila tidå."

Tor seier han til vanleg treng større dosar nevroleptika for å få vekk stemmen, men at den er der likevel, sjølv under sjukehusopphaldet då han fekk så mykje medisiner at han kjende seg neddopa. "Fekk [namn på nevroleptika], ganske høge dosar, så eg va så neddopa at, eg hadde sikkert stemmå inni håve, men eg va så neddopa at, eg, ja, at eg registrerte 'an ikkje'". Han kjende seg meir utsett for djevelen sine angrep då han gjekk på desse høge dosane. Han brukar difor mindre dosar no, slik Britt òg gir uttrykk for at ho gjer.

Kari, Tor og Britt, meiner stemmene vil koma kraftig tilbake om dei sluttar med nevroleptika. Nevroleptika synest vere eit viktig hjelpemiddel til å *dempe* stemmene. Dei høyrer likevel stemmene meir eller mindre heile tida. Stemmene kan då bli kraftigare i periodar, trass i at medisinbruken ikkje er redusert. Rett behandling i høve til psykoselidinga har redusert

behovet for det Kari kallar stemmeverda. ”Eg trur aldri eg hadde klart meg uten [namn på nevroleptika]. Det hadde aldri gått. Så eg e veldig takknemlig for at eg har fått den retta behandlingå, ettekvart”.

Åse var redd for at medisinerne ville hindra henne i å ha kontakt med englestemmene når ho byrja på medisinar, men medisinerne har ikkje hatt nokon verknad på hennar erfaringar med dei. ”Ingen medisiner kan hindre oss i å snakka, seie dei (englestemmene). (...) Eg må ta medisiner (på grunn av sjukdommen), og det seie englane òg at eg må gjera”.

”Heldigvis blei eg nå tvangsinnlagt”

Tor, Britt, og Kari fortel at dei har vore tvangsinnlagt på psykiatrisk sjukehus ein eller fleire gonger etter lengre periodar med meir intense stemmer. Møta med psykiatrisk sjukehus verkar vere samansette erfaringar. Det som synest vere positivt ved dei ufrivillige innleggjingane er at dei kjem ut av ein fastlåst situasjon med forvirring og kaos.

”På slutten, før eg blei tvangsinnlagt, så sa jo stemmene at mor va med i mafiaen, [innpust] bror min va med i mafiaen. Eg måtte fjerna dei, så på ein måte så blynte eg å planleggja at eg sku drepa mor, og ’an Pål, ja, og heldigvis blei eg nå tvangsinnlagt før det [latter i stemmen]”

” eg va heilt inni det, eg va inni psykose i fleire år, og det ble verre, og verre te det endte me innleggelse på [psykiatrisk sjukeus] og då, fyst då bynnte eg å få hjelp, kan du sei.”

Det gjekk lang tid frå dei byrja høyre stemmer til første innleggjing. Dei vart først innlagt då dei hadde blitt slitne, forvirra og byrja forhalde seg til stemmene utan omsyn til at andre merka det. Britt seier det slik;

”Det (stemmehøyringa) varte ein atten månar, hallaent år vel, så gjekk der eit par tre veker ette eg søkte sosial kontoret om pengar, så kom politiet og la meg inn, då hadde eg blitt så dårlege, at eg visste mest ikkje kor eg va henne”

I: ”Det va litt dramatisk det?”

”Det gjekk fint det. Dei hadde med seg ein lege huske eg. Eg hadde begynt å bli ganske forvirra når dei kom.”

Tor fortel at han gjer seg klar til å kappspringa med stemmene ganske lettkledd i kaldt vintervêr. Han får først spørsmål om han treng hjelp frå forbipasserande, men vert så teke hand om av politiet;

”... i joggebukse og t-skjorta [latter i stemmen]. Så kom eg ner i gatå, og der va det noken folk som spurde om eg trong hjelp [latter i stemmen]. Nei eg trong`kje hjelp sa eg (...) så sto eg klar der, då sko eg kjempa mot stemmene inni håvet, me sko kappspringa.

I: ”Då sko du springa fortare...?”

”...enn stemmene, ja. Men då kom politiet og tok håndjern på meg.”

Ulike ting har vore til hjelp under sjukehus opphalda, sjølv om stemmene anten ikkje har forsvunne eller har kome tilbake rett etterpå. Kari fortel at ho fekk rett diagnose og medisiner som dempar stemmene. Britt seier at ho fekk medisiner og hjelp til å kome ut i arbeid etter eit lengre opphald på sjukehuset; ”*va mange år uten arbeid, så kom eg inn på [psykiatrisk sjukehus] (og) så fikk eg jobb i barnehagen*”. Tor fortel nærmare om sitt møte med sjukehus avdelinga;

”Eg blei innlagt, tvangsinnlagt på ___ [namn på psykiatrisk sjukehus]. (...) Så når eg kom inn der, eg huske eg var veldig, veldig redd. Eg fekk ikkje noke blidt møte med ___ (psykiatrisk sjukehus), den gongen. Eg blei lagt i reimar med ein gong [ustø stemme] eg kom. Men, eh, det va`kje så fælt å ligga i reimar egentlig. Det va ganske tryggt. (...) For det var noken som satt der med meg heila tidå. Så eg va jo på skjermingå i fleire månar, men då huske ikkje eg at eg hadde stemmå, for eg va så neddopa [innpust] eg va så nedopa, at eg kan`kje huska, men så blei eg, etter tri og ein hall måna, då blei eg overflytta te [namn på psykiatrisk senter][innpust] og då kom stemmene tebake.”

I seinare år tek Tor, Kari og Britt sjølv initiativ til innleggjing når dei kjenner behov for det. Tor er, til dømes, i periodar svært redd for å bli angripen slik djevelstemma varslar kan skje kva tid som helst. ”Eg sko aldri få et godt liv, og eg ska aldri få slappa av, for når eg slappe av, så kan dei komma ka tid som helst.” Han er redd for å vere åleine i leilegheita, men det er

og vanskeleg å gå ut. Han treng ein plass å vera trygg i desse periodane, og då søker han sjølv om innleggjing, fortel han.

Innleggjing på psykiatrisk sjukehus eller på psykiatrisk senter kan kjennast trygt og gjere det lettare å halde ut med stemmene. Det er likevel slik at Tor, Kari og Åse snakkar minst mogleg med fagfolka om stemmene dei høyrer. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 5.3.3. Først skal me sjå at fleire av intervjupersonane fortel at deira tru på Gud òg er til hjelp og trøyst når dei kjenner seg plaga. Me skal sjå korleis dei skildrar dette.

”Det pleie å hjelpe når eg ber te Gud”

Tor fortel korleis han hadde det dei første åra han høyrde stemmene og *ikkje* hadde Gud å venda seg til. Då verka smerta og einsemda vere større og meir uthaldeleg.

”Te slutt så ba eg te Gud. Det pleie å hjelpa når eg ber te Gud. Eg får liksom meir kontroll når eg har bedt te Gud, og Gud hjelpe meg, så våkne eg, ikkje sant, og så står eg opp å tar meg ein røyk, så e det liksom øve. Då vett eg at nå kan eg gå og legga meg og sova. Men sånn hadde eg det jo ikkje før. Så dei første gongene eg opplevde det her med stemmå, og hadde det som et helvete, så hadde eg’kje Gud å be te. Eg va åleina om det.”

Tor og Erik får kontroll over stemmer og lydar ved å be til Gud (jamfør Erik som las Fadervår, kapittel 2). Åse høyrer det ho trur er sendebod frå Gud, som gir konkrete råd og støtte i høve til korleis ho kan handtera sjukdommen. Kari opplever at Gud og Jesus omgir henne med noko godt, og kviskrar at ho er elska. Det verkar oppmuntrande og trøystande, fortel ho.

5.3.3 ”Nettverk med venner”

”(Lenge) sa eg det kje te noken. Dei kunne tru eg va sjukare enn eg va”

Det gjekk ei tid før intervjupersonane delte sine høyrserfaringar med nokon -frå fleire månadar til fleire år. Erik venta berre nokre månadar før han fortalte om det rare han høyrde

til Trine, eit barnebarn. ”Det blei jo ei belastning når det gjekk ei tid, å då, då fortalte eg det te Trine.”

Det var ulike årsakar til at intervjupersonane lot vere å fortelje nokon om stemmene.

Erik meinte det ville bli ”snakk”, folk ville prate, om han fortalte om det han hørde. Han heldt difor lenge inne, men det gjekk utover forholdet til andre; ”eg holdt på å bli rar. Eg trekte meg te baka. Dei andre merka det.”

Britt sa at ho ikkje gjorde forsøk på å koma i kontakt med helsepersonell, fordi ho ikkje skjønna at noko var gale. ”Faktisk trur kje eg forstod at det va noke galt.” Tor var overtydd om at han var gal då han første gong hørde djevelstemma, fordi han fleire år tidlegare hadde besøkt onkelen på psykiatrisk sjukehus, og var redd for sjølv å bli innlagt. Han ville ikkje at verken familie eller venner skulle få greie på at han hørde stemmer.

”Dei (foreldra) forsto jo ikkje heilt koss eg hadde det egentlig. For eg torde ikkje sei det te dei (at eg hørde stemmån), for eg visste jo at eg va gal. Eg visste at eg va sinnsjuka, men det sa eg ikkje te dei (familien)”

Tor heldt inne med sine erfaringar i mange år og fortel at han med tida fekk periodar der han hadde førestellingar om at familien sto i leddtog med stemmen, dette vart ein ny grunn til at han ikkje kunne fortelje dei om stemmene som plaga han så sterkt. ”Kristina (sambuaren) skjønte ikkje ka det va med meg, men eg klarte ikkje sei noke te hu helle, for eg va jo redde Kristina òg. For stemmen inne i håve sa at hu va ein demon.”

Kari hadde andre grunnar til å ikkje dela sine erfaringar med familien;

”eg følte bare at det va privat. eg hadde et sånt inneliv, og et sånt uteliv [litt latter i stemmen], eller at eg prata jo med mor å dei, men eg hadde jo allikevel dei stemmene og dei tankane, kan du sei, og det va privat. Det va ‘kje noke som, eg kunne ‘kje sei te hu, at mor du nå hørre eg masse stemmer (ler). Da va det jo så nytt atte eg forsto jo ‘kje det. Eg prata ‘kje me noken om det. Det har noke med utenomverdån og det handle om verdån du har inni deg, å den prate du jo ‘kje om, for den e din privat. Å den andre delen, då e det. Ja, det e nå hei, å du prate, men dei vett ingenting om verdån di, innvendig.”

Omsorgsansvar for barn var ei anna grunngeving for å unngå å fortelje om erfaringane med stemmer. Fleire av intervjupersonane brukte mykje krefter på å hanskast med dette. Dei kunne ikkje fortelje verken psykolog eller anna helsepersonell om stemmer og lydar dei høyrde. Kva ville då skje med borna dei hadde omsorga for? Dei heldt inne, og tok seg i saman så godt dei kunne. Det tok på og dei vart svært sliten av det; ”*fortalte det 'kje til noken, eg hadde jo ungane små då, eg hadde jo dei å ta vare på, men eg va veldig sleten. Eg sov møkje òg, men eg måtte liksom ta meg isamen for deira skuld.*”

Tor, Åse, og Kari var òg forsiktige med kva dei fortalte til fagpersonell. Tor var til dømes redd for å bli innlagt om han fortalte om stemmene til psykologen. Det kunne føre til tvangsopphald på det psykiatriske sjukehuset, eller forlengje opphalda der, om personalet fekk vite om stemma han høyrde. Tor fortel;

”Eg gjekk jo te psykolog, men eg torde ikkje sei det te han. Eg torde ikkje sei te noken, koss eg hadde det [ustø stemme] for eg visste, viss eg fortelle koss eg har det, så e det rett inn på psykiatrisk, då blir eg tvangsinnlagde. Eg va fullstendig klar øve det.”

Kari venta òg fleire år med å fortelje om stemmene fordi ho ikkje ville framstå som sjuk.

”Eg laug mykje te han. eg fortalde ikkje kossen eg hadde det, for eg ville ikkje vær sjuke, altså ville 'kje, [innpust] eg ville 'kje det at han sko... eg fortalte han bare om dei gode tingå, at eg skreiv dikt eller att eg, sånn daglegdagse ting. Eg fortalte ikkje om kossen eg opplevde ting innafrå. Derfor tok det så mange år før dei fekk stilt diagnose på meg.”

Frå å passivt la vere å fortelje om det som rørte seg i henne, vart ho aktiv i å dekkje til. Truslar frå mafiastemmene var etterkvart òg noko som hindra Kari i å fortelje om sine stemme-erfaringar. Tor er òg aktiv i skjula kva han har å stri med. Han forstår at andre vert forvirra, men han meiner det er betre at dei er forvirra enn at dei får greie på kor galt det er fatt med han. Det er betre at dei trur at han er rusa enn at dei får greie på at han er gal eller psykotisk, fortel han. ”*Eg sa te mor: Du skjønne, eg e rusa. Det va det einaste eg sa. Og mor, hu sa; du e'kje rusa. Det e bare du som trur du e rusa, du e nykter nå.*”

Åse var i motsetnad til dei andre intervjupersonane open om si erfaring med englestemmen i førstninga, etterkvart vart ho meir lukka. Ho seier at folk misforstår henne.

”Eg snakke 'kje så ofta om det, det er lenge si' eg har fortalt det til noken. Det e det. Eg har det for meg sjøl.

I: ”koss kan det ha seg?”

” neii, det ingen så trur på meg, og eg har jo møtt eindel som har vore skeptisk, å sånn”.

Kari og Tor gir uttrykk for at dei må balansera mellom kva og kor mykje dei snakkar om høyrseferfaringane. Kari seier det slik; *”(viss) eg prate lenge så blir eg sleten, då kan eg kollapsa, så eg må ha en balansegang på det der, frisk og sjuk”.* Tor er redd for at djevelstemma blir endå meir plagsame når han snakkar om dei. Slikt skjer når han snakkar om andre vanskelege erfaringar, fortel han. Det ser ikkje ut til å vera nokon skilnad på om han snakkar med familie, venner eller fagfolk. Intervjupersonane høyrer ut til å vera viss på at andre vil oppfatte dei som mindre *tilreikneleg* om dei fortel at dei høyrer stemmer eller lydar som andre ikkje høyrer. Om deltakinga i intervju uttrykte ein av intervjupersonane seg slik; *”eg syns det e bra at det e noken som kan hørra på meg. Eg går te en veldig god psykolog. Det e ikkje det, men me prate liksom aldri om sånne her ting, som eg kanskje kunne ønska.”*

Britt er aktiv i ei interesseforeining for menneske med psykiske lidningar og finn støtte der.

5.3.4 ”Arbeid”

Kari og Britt framhevar viktige sider ved det å ha *arbeid*. *”(Eg) arbeide halle dag. Trur eg òg har vore bra, for at det med å hørra stemmer, det at du har noke å stå opp te. (Det) e veldig viktig meste uansett kass psykiske lidelse du har”.* Britt er aldri plaga av stemmer eller lydar på jobb. Arbeid verkar gi dagen innhald og livet retning. Kari seier det slik; *”Å finna nye mål, og reelle mål. Å ha noke å gjørr. Å få ein jobb, arbeid... alt hjelpe”.*

Arbeid er viktig men både Kari, Tor, Britt og Åse understrekar at det ikkje må ikkje bli for mykje heller. Dei har alle redusert stilling. Åse og Tor har planar om å koma ut i arbeidslivet,

men klarer ikkje å ha noko fast endå; ”eg e kje heilt i orden endå [tenkjer etter] så, det blir for mange inntrykk for meg, viss eg ska ut i arbeidslivet nå”. Åse syr litt for folk innemellom, men passar på at det ikkje blir for mykje; ”(eg) hjelpe venner av og til med ting som skal gjerast”.

Her set eg strek for den tematiske framstillinga av intervjupersonane sine utsegn. Eg har søkt å gjere lesaren kjent med kva som slo meg som vesentlege sider ved intervjupersonane si erfaringsverd, slik dei viste seg for meg. Undervegs i framstillinga har eg delt mine undringar. I neste kapittel skal eg søkje finne svar på desse undringane.

6 EIN UTVIDA FORSTÅINGSHORISONT

Eg vil i det fylgjande gi lesaren innblikk i det eg ser som mulege måtar å forstå det intervjupersonane har fortalt om korleis det kan vera å leva med personleg erfarte stemmer eller lydar. Tre hovudtema har utkrystallisert seg gjennom arbeidet med denne oppgåva, og slått meg som sentrale sider ved levd erfaring av å høyra stemmer og lydar som nokon er åleine om å erfare. Det første temaet handlar om *realiteten* i erfaringane med slike stemmer og lydar. Det andre handlar om kva dei personleg erfarte høyrselefenomena *kan vera*. Her vil eg nærma meg kva stemmene er, både for den einskilde intervjuperson, men òg som eit meir ålment fenomen. Det tredje temaet handlar om kva det *kan innebera* å leva med personleg erfarte høyrselefenomen. Desse tema er heller ikkje klart avgrensa frå einannan, men vevd saman gjennom gjensidig påverknad.

6.1 Om realiteten i personleg erfarte stemmer og lydar

”The real is a closely woven fabric” (Merleau-Ponty, 2003:xi).

Stemmene og lydane som intervjupersonane fortel om, framstår som konkrete fenomen. Stemmene og lydane kan ha ei plassering *utanfor* kroppen og ulike stader *i* kroppen. Om me tek stemmene og lydane som intervjupersonane fortel at dei høyrer, for å vera *faktaopplysningar* i positivistisk forstand (jamfør kapittel 3.3), finn me raskt ut at dette er fakta som ikkje stemmer. Det kan, til dømes umuleg vera lydar frå folk som er i leilegheitene der Britt har budd. Fire av intervjupersonane har fortalt at lyden ikkje går gjennom øyro, og dette aukar ytterlegare vanskaner med å forstå stemmene som faktaopplysningar. Sansseintrykka manglar korresponderande sansestimuli. Eller som Erik seier om bankelydane han høyrer; ”*Det e’kje noke som kan ha ein sånn lyd her*”. Altså er dei uforklarlege. Me har sett at moderne psykiatri på dette grunnlaget, tradisjonelt har knytt slike vedvarande erfaringar til psykoselidingar. Lidingar eller reaksjonar som inneber manglande samsvar mellom det *subjektive* og det *objektive*. Det dreier seg om eit *brot med det verkelege*, altså mangel på fornuft slik Foucault uttrykte det. Stemmene og lydane er såleis i fylgje Nissen *falske* innbillingar og sanseførmningar (jamfør kapittel 3.1 - 3.3).

Psykologisk orienterte teoriar, her representert ved Bentall seier at det å høyre stemmer ikkje *treng* vere patologisk. I fylgje Bentall *oppstår* stemmene (eller lydane) hjå personen som høyrer dei, men dei er likevel ikkje uavhengig av det som skjer *utanfor* han eller ho. Det er difor *illusjonar av røynd*, meiner han, som truleg skuldast feil i sortering av såkalla *indre* og *ytre* informasjonskjelder (1990)⁶⁴. Dei personleg erfarte stemmene og lydane vert knytt nært opp til noko *indre* i biologisk og materiell forstand, medan realitet vert knytt til *ytre* omgivnader i fysisk forstand. Den som meiner å høyre noko han er åleine om å høyre, har i fylgje dette *tankeforstyrringar*. Dei som har såkalla psykotiske erfaringar med stemmer eller lydar, har ofte fastlåste førestillingar i høve til desse illusjonane av røynda. Dei vert difor kalla *vrangførestillingar*⁶⁵ (jamfør kapittel 3.2.1).

I denne oppgåva ser eg altså på erfaringar som vert konstituert nettopp ved at dei er fakta som ikkje *kan* sansast av andre, og som difor ofte vert omtala som *ikkje-reelle sanse-erfaringar*. Dette reiser spørsmål om korleis eg i det heile kan kome fram til ei djupare forståing av slike fenomen som det er umuleg for meg å erfare. Eg skal byjra med å svare på dette ved å gjere greie for kva eg legg i omgrepa 'indre' og 'subjektiv', 'ytre' og 'objektiv', og korleis eg gjennom denne studien har kome til å sjå på *realiteten* i hørsels-fenomena.

Merleau-Ponty (2003) hevdar at forsøk på å forklare kva hallusinasjonar er, oftast tek utgangspunkt i "den objektive tanke eller medvit" der ein til dømes kan måle eller skildre hallusinatorisk medvit utifrå eit klårt medvit (s.391). Han viser til at andre menneske ikkje har tilgang til hallusinasjonen *i seg sjølv*. Me har sett at det er nettopp denne eigenskapen som konstituerar dette fenomenet. Intervjupersonane kan heller ikkje vurdere erfaringane med stemmene eller lydane utifrå eit "klårt sinn". Stemmene framstår som verkelege for dei *når* dei vert høyrte. I etterkant når intervjupersonane ikkje lenger høyrer stemmene eller lydane eller dei ikkje vert erfart som intense, reflekterar dei i aukande grad over desse erfaringane. Men refleksjonen blir aldri det same som sjølv erfaringa. Merleau-Ponty (1964) skriv at refleksjon i fylgje Husserl inneber aktive forsøk på å forstå; "It is not the passive attitude of a subject who watches himself live but rather the active effort of a subject who grasps the meaning of his experience" (s.64). Dei personleg erfarte hørselsfenomena vil difor aldri

⁶⁴ Bentall (1990) viser til at det trengs meir kunnskap om korleis ein til vanleg diskriminerar mellom illusjon og røynd, før ein kan vite kva feilen kan vere, men han knytter det han kallar svikt i realitetsdiskriminering til metakognisjon.

⁶⁵ Delusions

framstå som 'noko i seg sjølv', men er vevd inn i den einskilde sitt liv gjennom *tid* og *mening*. Levd tid kan samanliknast med eit landskap som glir forbi togvindauga. Det er ikkje som ei rekkje bilete ein seinare kan isolere og hente fram enkeltvis (jamfør kapittel 3.4). Kari fortel til dømes at ho har eit forsiktig håp om at ho snart vert frisk og dermed kvitt stemmeplagene. Dette vil naturlegvis farge hennar forståing og framstilling av sine erfaringar.

Kari seier at ho hadde eit *indre* liv, ei *privat* stemmeverd (jamfør kapittel 5.2). Stemmene ho høyrde syntest vere erfaringar ho ikkje forsto og heller ikkje ville eller kunne dele med andre. Erfaringar som eit individ er åleine om å erfare kan likevel ikkje seiast å vera 'indre' og dermed 'private' eller 'utilgjengeleg' av fleire grunnar. Elstad (1987) viser til dømes til smerteerfaringar, og skriv at dei ikkje kan sjåast på som noko "strengt privat", i den forstand at dei er utilgjengeleg for andre, eller umuleg å formidle. Eit slikt erfaringsomgrep løyser seg opp, fordi ein aldri ville vite kva ein erfarte, meiner ho⁶⁶. Me veit kva me erfarar fordi all erfaring er uløyseleg knytt til det sosiale menneskelivet, i intersubjektiviteten (jamfør kapittel 3.4). Kroppen set grenser for kva tilgang me har til den andre sine erfaringar. Me kan ikkje erfare det den andre erfarer *på same vis* som han sjølv gjer. Noko kan òg vere utilgjengeleg for den einskilde sjølv, men *likevel* tilgjengeleg for andre (jamfør Leder i kapittel 3.4). Når Kari til dømes unnlet å setje ord på det ho erfarer kjem noko likevel til uttrykk. Hennar næraste har truleg merka at ho er fjern i blikket eller på anna vis ikkje fylgjer med i samtalen. Dei skjønar at det er *noko* med henne. Det går fram av Kari si eiga skildring; "*eg kan'kje sjå meg sjøl objektivt på den tida, men andre har jo sett på meg at eg va sjuk sjølvsagt, og fekk meg te behandling*". Elstad (1987) skriv; "det er kroppen som bærer vår individualitet gjennom tida" (s.110). Vår særprega måte å vere i verda på kjem altså til uttrykk gjennom kroppen. Når intervjupersonen sin særprega måte å vere på vert forandra eller ikkje er i samsvar med situasjonen han er i, legg andre merke det. Kari sine næraste merkar at ho er *annleis* enn vanleg. Tor kappspring med nokon som ingen andre ser, lettkledd i vintervêr. Dette fører til at folk som ikkje kjenner han reagerar. Dei andre ser den underlege åtferda og tenkjer at noko er galt. Sjølv om all deira erfaring ikkje er felles, er det likevel nok likt i det til at andre forstår at dei opplever noko utanom det vanlege.

Intervjupersonane har òg lært gjennom oppveksten kva ord og åtferd som er vanlege og akseptable. Ei slik læring skjer kontinuerleg i samhandling med andre. Kari fortel til dømes at

⁶⁶ Elstad viser til sein filosofien til Ludwig Wittgenstein.

ho sjølv ikkje heilt forsto kva ho erfarte til å byrje med. Ho forsto likevel at det var noko særskilt ved stemmene ho høyrde. Det var noko som truleg ville uroe dei næraste, meinte ho. Det var ikkje noko som kunne forteljast liketil, ”*hei, forresten så hørre eg stemmer*”. Ho *lot vere* å setje ord på erfaringane og meinte då at erfaringane ville bli verande i det indre, i det ho kalla si indre verd; ”*det handle om verdå du har inni deg, og den prate du jo ikkje om, for den e din privat*” (jamfør kapittel 5.2). *Intensjonaliteten* kjem her til uttrykk. Det ho erfarer har utan vidare meining. Erfaringane er ikkje private og indre erfaringar, fordi dei i sitt *vesen* er umulege å gi uttrykk for eller utgjengelege for andre. Dei får denne private og indre, altså ein utgjengeleg karakter, fordi intervjupersonane av ulike grunnar søker å leggje skjul på dei eller ikkje finn ord for dei. Greve (2003a) går òg inn i kva som ligg i det me kallar 'indre' ved hjelp av seinfilosofien til Wittgenstein og han si avsløring av ”*myten om det indre*”. Ho seier at 'det indre' spelar ei viktig rolle i vår tenkjing om oss sjølv og vårt vesen, men at me vanskeleg kan gjere greie for den; ”vi føler at det må ha en form for eksistens, men sier vi noe konkret om denne eksistensen, er det ikke noe indre lenger, det er blitt noe ytre” (s.2).

Det såkalla indre har ei anna form enn det ytre og kan vanskeleg språkfestast på same vis som det 'ytre'. Det er ikkje slik at livet i det indre føregår på same vis som i det ytre. Ein kan til dømes vanskeleg plassere 'eit indre liv' eller 'ei indre verd' ein konkret stad inni kroppen. Likevel er det slik, seier Greve, at ”*talemåtene modellerer dette indre etter den ytre virkeligheten slik vi kjenner den*” (s.3). Slik sett er det indre uløyseleg knytt til det ytre gjennom språket og samhandling med andre i verda.

Menneske er fødd inn i, og lever i eit fellesskap med andre menneske. Den einskilde sin horisont for forståing vert til i dette samspelet (jamfør Gadamer i kapittel 4.1). Merleau-Ponty (2003) skriv: ”*there is no inner man, man is in the world, and only in the world does he know himself*” (s.xii). Erfaringar framstår som dei gjer, utifrå at menneske *alltid allereie* er forankra i eit fellesskap og har sitt utgangspunkt i livsverda der me søker meining (jamfør 3.4). Måten budskapen til dei personleg erfarte fenomen kjem til uttrykk på er forankra i samspelet mellom menneske og verda, i livsverda. Det er med dette utgangspunktet at dei personleg erfarte stemmene og lydane er tilgjengelege for meg òg. Levde me i førre hundreår, før fjernsynsalderen si tid, ville til dømes budskapen Kari og Britt fekk gjennom fjernsynet truleg

hatt eit anna uttrykk. Han ville kanskje kome frå flammene i ein vedomn⁶⁷. Stemmene har eit språk, og budskapen deira kjem til uttrykk gjennom ulike toneleie (kviskrande, spøkjande, befallande) – intersubjektive fenomen. Dei fleste kan til dømes setja seg inn i at det skaper mismot å stadig høyre ei stemme som seier ”*du klarer ingenting*” eller ”*eg skal ta deg*”. Me skal sjå at uttrykka til ”det høyrte” er knytt tett saman med personen som høyrer dei og samanhengen han/ho har levd i og lever i (jamfør den hermeneutiske sirkel i kapittel 4.1).

Frå eit livsverdsperspektiv på det å erfare stemmer og lydar som ein er åleine om å høyre, er det altså ikkje noko absolutt skilje mellom det *subjektive* og *objektive*. Merleau-Ponty (2003) argumenterar for at det positivistiske skilje mellom subjektivitet og objektivitet er *kunstig* og lite tenleg. Han skriv om samanhengen mellom menneske og verda såleis:

”The world, in the full sense of the word, is not an object, for though it has an envelope of objective attributes, it has also fissures and gaps into which subjectivities slip and lodge themselves, or rather which are those subjectivities themselves” (ibid., s.389).

Verda vert erfart som noko bestemt som omsluttar oss. På same tid er det eit så tett samspel mellom menneske og verda, at me ikkje kan skiljast heilt frå einannan fordi me på mange vis glir saman med eller sit fast i verda og den i oss. Subjektiviteten er såleis vevd saman med, eller vevd inn i objektiviteten tidvis laust og tidvist tett. Me erfarer ikkje omgjevningane våre som bilete som me passivt tek inn eller registrerar, men noko som faldar seg ut *for* oss og *i* oss, skriv han (ibid.). Våre førestillingar og det me sansar kan ikkje skiljast definitivt frå einannan i eit indre og eit ytre. *Måten* omgivingane faldar seg ut for oss er nemleg prega av den samanhengen me lever i og situasjonen me står i, gjennom eit samspel mellom sansar og kjensler (jamfør kapittel 3).

Realitet er det som er det *einaste mulege* for meg og andre i systemet av fenomen som me kan sansa og reflektera over, meiner Merleau-Ponty (2003), (jamfør kapittel 3.4). Erfaringar med å høyre stemmer eller lydar kan difor, utifrå eit livsverdsperspektiv vanskeleg kallast *feil* eller *ikkje-reelle*. Erfaringar med å høyre stemmer og lydar som ein er åleine om å høyre er slik eg ser det berre *ei særeigen utforming av realitet*. Gjennom eit livsverdsperspektiv til det intervjupersonane har fortalt meg, og andre erfaringar eg har gjort som psykiatrisk

⁶⁷ Levde me i ein annan kultur ville desse høyrselefenomena truleg kome til uttrykk som synsfenomen, slik forskninga som Bentall (1990) viser til kan tyde på.

sjukepleiar, har eg difor ein viktig innfallsport til ei djupare forståing av dei personleg erfarte stemmene og lydane (jamfør kapittel 1.1 og 3.4).

Når eg i det fylgjande drøftar kva stemmene og lydane kan vera, vil noko vere eineståande og knytt til den *einskilde* intervjuperson medan noko vil vere *ålment* og gjelde fleire. Det kan altså vere noko som kjenneteiknar livsverda til dei som høyrer meir enn dei fleste, men eg meiner òg å sjå at det er mykje som kan seiast å kjenneteikne livsverda til menneske som har langvarige eller tilbakevendande diffuse plager som til dømes smerter, altså grunnleggjande menneskelege fenomen.

6.2 Kva kan personleg erfarte hørselsfenomen vera?

Me skal i det fylgjande sjå nærare på kva dei personleg erfarte hørselsfenomena kan vere. Me har sett at intervjupersonane skildrar eit mangfald av forståingar. Deira forteljingar om kva dei personleg erfarte stemmene og lydane er, varierer ikkje berre frå person til person, men varierer òg til ulike tider hjå same person. Eg har samla mine tolkingar av kva stemmene kan vere under fylgjande overskrifter; *sjølvmotseiande og ambivalente erfaringar, uttrykk for at noko er galt, transformert livssmerte, overjordiske fenomen og ny innsikt*.

Det *sjølvmotseielege* og *ambivalente* ser ut til å prege stemmene og lydane som intervjupersonane er åleine om å erfare, om enn på ulikt vis. Me skal byrje med å sjå nærare på korleis dette kjem til uttrykk.

6.2.1 Sjølvmotseiande og ambivalente erfaringar

”Dei komme inn i håve på ein veldig rar måte”

Lyd er, i seg sjølv ei dynamisk hending. Den peikar vanlegvis på 'eit noko' som lagar lyden. Ein *ser* raskt for seg kva som lagar lyden (jamfør kapittel 3.4). Sjølv når ein ikkje veit kva ein høyrer, går ein først utifrå at det er det eine *eller* det andre. Britt seier til dømes om stemmene i leiligheita; *”skjønnde jo det, at det va kje folk, men elles viste eg ikkje ka det va”* (jamfør kapittel 5.2). Ho gjekk utifrå at utsegna ho høyrde måtte vera uttalt av *nokon*. Når det viser

seg at det ikkje er slik som ho trudde, og heller ikkje noko anna som ho forstår eller veit kva er, så meiner ho at kjelda er 'det som *ikkje er* det som eg trudde det var'. Det er 'folk som ikkje er folk heller'. Så langt verkar det ikkje vere nokon skilnad på vanleg lyd og dei personleg erfarte lydane. Intervjupersonane lagar seg førestellingar av det dei meiner dei høyrer.

Persepsjon er uløyselig knytt til det *intersubjektive* (felles erfarte) ved at det er *noko* som blir persipert og dette 'noko' vil difor alltid i ei eller anna form vera tilgjengeleg for andre. Slik kan det òg vere med personleg erfarte stemmer og lydar. Eg kjenner ein mann som høyrer slibrige bodskap frå skoa til folk som går forbi. Eg kan oftast forstå kven sine sko han meiner, "snakkande sko" klappar når ein går med dei. Det er som regel damesko med hæl. Dette kan minne om erfaringane som Kari har med fjernsynet. Ho høyrer *faktisk* nokon på fjernsynet som snakkar slik andre i rommet òg gjer. Samstundes høyrer ho *noko meir*. Det er ein viktige skilnad mellom vanleg lyd og personleg erfart lyd slik ho framstiller det. Dei personleg erfarte stemmene og lydane har ein annan dynamikk enn vanlege stemmer og lydar.

Menneske forstår til vanleg situasjonar og utsegn ved å setje saman inntrykk dei får tilgang til gjennom ei rekkje ulike *handlingar*. Merleau-Ponty (1969) seier det slik;

"Det er menneskekroppens definerende træk, at den gennem en uendelig række diskontinuerlige handlinger tilegner sig kerner af betydning, som rækker ud over og transfigurerer dens naturgivne egenskaper" (s.67).

Britt prøver til dømes å finne ut kor og kva stemmene eller lydane er ved å *flytte seg* i høve til dei. Ho vekslar mellom å vera *i* leiligheita og *ute*, og ho flyttar dessutan til ein *ny* bustad.

Menneske søkjer mellom anna, slik Merleau-Ponty (2003) skildrar det, å skilje mellom det *flyktige* og det *stabile* ved at me flyttar oss i høve til det me har merksemda retta mot.

Stabiliteten mellom vår posisjon og det me sansar gjer det muleg for oss å finne fram til det vesentlege eller uforandrelege og det flyktige ved en ting, meiner han (jamfør kapittel 3.4.1).

Men dei personleg erfarte stemmene og lydane er ikkje tilgjengelege for handling på same vis som lydar eller utsegn vanlegvis er.

Vanleg lyd kan til dømes oftast sansast på fleire vis *samstundes* i *bestemte mønster*. Det ville til dømes vore naturleg at vennene til Kari gav uttrykk for at dei òg høyrde at namnet hennar vart nemt på fjernsynet, ved å rette blikket mot henne eller kommentere det. Rett nok seier

Tor at han ein gong har sett djevelen, men den natta han såg den hørde han ikkje djevelstemma. Tor har altså ikkje både sett og høyrte den samstundes. Djevelstemma kan vere i hovudet, samstundes som den kan vera *utanfor* kroppen hans. Han hører den inni hovudet og kjenner smerter i kroppen som var den utanfor kroppen på same tid. Djevelstemma ter seg ikkje som vanlege stemmer gjer, den synes vere *kroppslaus*. Erik kjenner at veggen er laga av kompakt mur når han bankar i den, medan bankelydane han hører tyder på at det er holrom med messing og anna i veggane. Det han elles kan sanse står såleis i *motsetnad* til bankelydane han hører. Bankelydane ter seg heller ikkje på same vis som vanleg lyd. Stemmene i leilegheita til Britt til dømes, held seg *som regel* i husværet hennar. Nokre av dei kan likevel fylgje med henne ut av bustaden når ho er dårleg og dei fylgjer med henne til nye husvære når ho flyttar. Kari, Britt og Erik fortel at stemmene og lydane kan vera plassert i bestemte rom eller ting utanfor kroppen som anna lyd er. Samstundes seier dei (med unntak av Erik) at lyden kjem inn i hovudet og ikkje gjennom øyrene. Lyden kan òg kome frå hovudet eller andre kroppsdelar, slik Kari og Tor fortel (jamfør 5.1.2). Dei personleg erfarte stemmene og lydane er *aperspektivistiske*. Det er difor vanskeleg og til dels umuleg å få ei heilskapleg forståing av dei.

Plasseringa til stemmene, altså den erfarte staden dei kjem frå synest vere sjølvmotseiande. Lyden kjem inn i *hovudet* på ein rar måte, seier Kari, Britt, Åse og Tor. Merleau-Ponty (2003) har ei interessant innfallsvinkel til forståing av dette. Han skriv at hovudet ikkje åleine er ein kroppsdel, men staden der me erfarer at inntrykk og uttrykk vert til. Staden der dei tek form og sameiner oss gjennom syn og høyrsel med verda;

”But the patient’s head is not that object which everyone can see, and which he himself sees in a mirror: it is the listening and observing post which he feels at the top of his body, that power of joining up with all objects through sight and hearing.” (Merleau-Ponty, 2003:339).

Kroppen er altså ikkje berre ein fysisk gjenstand. I ein situasjon der Tor sit i ein politibil og skal køyrast til sjukehuset ufrivillig kjennest det *som om* han får ein kniv i magen. Han fortel; ”så hørte eg stemmån; ska ta deg, ska ta deg, og så kjende eg at eg fekk vondt, akkurat så noke skar meg i magen”. Etter det Tor erfarar er det *som om* djevelen stikk ein kniv i magen på han. *Magen* er det fysiske området midt i kroppen, men kan òg på same vis som hovudet samstundes vere knytt til meining, og vere den staden der kjenslene har sitt utspring. Det er i ein skremmande og krenkande situasjon at Tor erfarer stemma på denne måten. Ein kniv i

magen uttrykkjer såleis ikkje berre fysisk smerte i dette området, men uttrykkjer at han fryktar at han kan bli angripen, øydelagt eller drepen. Det synest vere slik Merleau-Ponty (2000) skriv, i høve til ei som erfarer hallusinasjonar; “it is not a matter of what happens in the objective world, but of what she *encounters*, what *touches* or *strikes* her” (s.399, mine uthevingar). Tor er *faktisk fanga* i ein bil, og han blir *faktisk køyrt* til sjukehuset *mot sin vilje*. Han er i ein situasjon der andre har makta og kan gjere kva dei vil med han. Situasjonen kan for Tor lett tene som ei bekrefting på at politiet er djevelen sine agentar som tek hand om Tor. Slik sett uttrykkjer stemmeerfaringane det *slåande* ved Tor si erfaring av denne køyreturen. Som kroppslege vesen er me intensjonalt retta mot omgivnaden og tek bustad i rom og tid, skriv Dag Østerberg i Merleau-Ponty (1994)⁶⁸ (jamfør kapittel 3.3). Dei færaste vil erfare politibilar eller sjukehus som nøytrale omgivnadar. Utifrå Tor si skildring kan ein såleis forstå både at han erfarer køyreturen som svært skremmande og at han får vondt i magen. Mennesket erfarer kroppen som meir enn ein fysisk gjenstand. Forholdet mellom den og den fysiske omgivnaden er meir enn forholdet mellom ein fysisk gjenstand i omgivnaden. Britt blir til dømes med tida tvungen til å innsjå at det stabile ved hennar stemmeerfaringar ikkje er knytt til leilegheita eller til henne åleine, men til *Britt-i-leilegheita*. Ho kan vera ute og ha fred eller vera inne og høyre stemmene. Leilegheita til Britt er ikkje berre ein ”*ting*”-ein fysisk og romleg bygningsmasse, men noko som er knytt til hennar levde kropp. Leilegheita er ikkje berre ein stad som Britt oppheld seg i, isolert frå henne. Leilegheita har *meaning* gjennom hennar kroppslege nærver. Den er heimen hennar, staden der ho mellom anna skal finne ro og kvile. Stemmene synest vere det som gjer at ho ikkje alltid finn dette i heimen sin.

Sjølv om stemmene og lydane på eit vis synest peike mot konkrete hendingar ter dei seg ikkje på same vis som lyd frå konkrete *ting* ter seg. Dei er i langt større grad '*noko kjensleg*', meiner Merleau-Ponty (2003). Han omtaler dei personleg erfarte fenomena som ein ”*affective entity*, a magic presence comparable to that of illness and misfortune” (ibid:340, mi utheving). På det viset har dei personleg erfarte stemmene og lydane ein annan *klangbotn* enn vanleg lyd. Det affektive spelar ei sterkare rolle ved erfaringar av slike stemmer og lydar, enn ved vanlege stemmer og lydar. Kva tid høyrer Kari dette 'noko meir' frå fjernsynet? Kan det ho høyrer ha samband med korleis ho *har* det når ho ser på fjernsyn? Me hugsar at stemmehøyringa til Kari byrja då ho ikkje vart funnen god nok for jobben ho vikarierte i (jamfør kapittel 2). Først høyrer Kari stemma til kollegaen som ho mista jobben til, seinare er

⁶⁸ ”kroppen bebor rommet” (Merleau-Ponty, 1994:VIII)

det personar ho kjenner gjennom media som verkar vere ute etter henne. Det ser ut som dei ulike stemmene tematiserar *sentrale* erfaringar i livet hennar. Merleau-Ponty (2003:397) hevdar at dei personleg erfarte stemmene eller lydane sin *realitet* ”strikes me in my being of feeling and of language.” Når Kari høyrer namnet sitt nemnt på fjernsynet kjenner ho seg utan vidare *viss* på at ho er under overvaking. Det er akkurat *henne* budskapet er retta mot, ved at nokon i dei nasjonale eller internasjonale mediaverksemdene er ute etter henne. Kan det vere at hennar ynskje om å bli sett og erfaringane med å bli oversett kjem til uttrykk gjennom at ho kjenner seg overvaka? Dette er berre ei muleg løysing mellom fleire.

Tidsaspektet, det *temporale* synest òg vere ei anna side ved dei personleg erfarte stemmene som framstår som motsetnadsfylt og skil dei frå vanleg lyd. Kari erfarer at personar ho kjenner snakkar til henne sjølv om dei ikkje er tilstades og kjenner til situasjonane ho er i (jamfør kapittel 5.2). Thomas et al (2004) har sett nærare på korleis ei kvinne erfarar at den avlidne ektefellen er tilstades i livet hennar. Ikkje berre høyrer ho ektefellen sine kommentarar på det ho gjer i situasjonar som minner om tida då han levde, men han har *levd med* i hennar liv og kommenterar situasjonar som er nye, altså situasjonar som han ikkje visste om då han levde. Dei skriv: ”Alan’s voice is embodied, her past in her present. In this sense we can regard Alan’s voice as a quasi-present⁶⁹” (ibid., s.21). ‘Quasi-present’ inneber såleis at ektefellen er *liksom-tilstades* i ei *liksom-notid*. I fylgje Merleau-Ponty (2003) vert røynda fragmentert og usamanhengande framfor augo (eller øyro) til den som hallusinerar og erstatta med ei liksom-notid. Kvinna vert like uviss av kommentarane til ektefellestemma i situasjonar ho er i no, som det skjedde då han levde. Det er i situasjonar der ho må ta avgjerder mellom anna i høve til barna at kommentarane hans kjem. Erfaringar i fortida vert *liksom* levd oppatt som skjedde dei no. Barna til denne kvinna kan truleg kjenne att hennar skildring av ektefellestemma, som er deira far. Det kan til og med tenkjast at dei kjenner igjen situasjonar der faren ville ha kjefta på mora, i situasjonar der ho høyrer stemma hans. Det er likevel ikkje slik at dei høyrer det *same* som mora høyrer, *samstundes* som ho og *på same vis* som ho. For dei er det noko som *har skjedd* eller *kunne ha skjedd* om faren framleis levde, men ikkje noko dei faktisk erfarar her og no slik mora gjer (Thomas et al, 2004). Den inngåande skildringa av erfaringane til denne kvinna, synest samsvare med fleire av erfaringane til både Kari og Tor. Det synest vere eit liksom-nærver av personar dei kjenner. Kari fortel til dømes at ho pratar med kvinnestemma til den tidlegare arbeidskollegaen, men

⁶⁹ ‘Quasi’ betyr; 1. tilsynelatande, ikkje eigentleg. 2. nesten. ‘Present’ kan bety notid, men kan òg bety tilstades (Oxford american dictionary 2002).

ho snakkar ikkje høgt med ho. Ho svarar i tankane sine; ”*eg svarte hu i tankane mine, altså sa det ikkje høgt*”. Mormorstemma som Tor høyrer kjem med trøystande utsegn sjølv om det er fleire år sidan ho døydd og difor ikkje kjenner til kva han har å stri med.

Ingen av intervjupersonane erfarte at stemmene var deira egne (jamfør kapittel 5.2.1). Eg finn det likevel mest forundreleg at Åse erfarer englestemmene som *ikkje-meg*. Åse undrar seg over at englestemmene stiller dei same spørsmåla som henne. Når ho kommuniserar med dei må ho vente til dei har snakka ferdig før ho byrjar prate med dei, og dei seier mykje godt det same som ho sjølv seier. Bodskapen deira samsvarer med hennar tankar og kjensler (jamfør kapittel 5.2.1). Eg meiner at erfaringane til ei kvinne som vert kalla ”Peg”, slik Leudar og Thomas (2000) skildrar den, gir ein muleg innfallsvinkel til forståing av dette. Peg høyrer på eit vis si eiga stemme. Det vil seie ho kjenner igjen si eige stemme, men ho kallar den likevel ”Holy Angel”. Stemma verkar vere ei *samansmelting* av fleire støttande personar ho kjenner. Stemma brukar deira talemåtar og vendingar. Peg kan av den grunn ikkje omtale den som ”eg” (ibid.). Kan dette vere noko av bakgrunnen til at Åse ikkje kan gå med på at englestemmene er stemmer frå ho sjølv? Kan det tenkjast at stemmeleiet, orda og vendingane til djevelstemma til Tor, gjer at han ikkje kan karakterisera den verken som sin eigen eller nokon andre sin?

Bodskapen til dei personleg erfarte fenomena varierer. Britt opplever den stort sett som meningslaus og irriterande, medan bodskapen til djevelstemma som Tor høyrer er skremmande klar. Bodskapen; ”*Eg ska ta deg*” betyr noko for Tor i det han erfarar den. Det er ikkje tergende som ved ein leik, 'nå kjem eg og tar deg'. Det er eit alvor. Det verkar handle om hans eksistens. Denne *meninga* trer fram hjå Tor i det han får bodskapen frå stemmene. Det er ikkje slik at han høyrer orda, tenkjer seg om, 'monn tru korleis dette skal forståast' for så å trekkja ein konklusjon; 'dette er ikkje ein spøk, det må vera alvor'. Forståinga er i sansinga, det er *ei akt* (jamfør kapittel 3.4). Det er dessutan ikkje noko skilje mellom den som sansar og det som vert sansa når det gjeld personleg erfarte stemmer og lydar. Det er truleg denne dimensjonen som ligg i det Merleau-Ponty (2003) skildrar når han seier at hallusinasjonar har innforståtte og førspråklege særtrekk (jamfør kapittel 3.4). Bodskapen trer ikkje åleine fram som 'ein figur mot ein bakgrunn', for å bruke uttrykk frå gestaltpsykologien. Bodskapen tvingar seg på og kan fortrenge andre inntrykk, altså bakgrunnen, heilt eller delvis gjennom meninga som er der med eitt. Meininga i bodskapen fargar utan vidare forventningar til det som kan eller skal skje. ”Eg skal ta deg” trong ikkje ha betydd noko som helst for Tor, eller

det kunne blitt oppfatta av han slik som Britt opplever masinga frå sine stemmer, irriterande støy som gjer at ho ikkje får slappe av. Slik er det ikkje. For Tor betyr denne budskapen fare. Han vert redd og uroleg. Britt meiner stemmene ho høyrer ikkje har noko budskap. Utsegna er *meiningslaus*, fortel ho. Til dømes høyrer ho av og til ei eller fleire stemmer som seier ”*klukk*”. Men det å høyra klukkande lydar kan òg opplevast på mange vis. Eit klukk kan vera ein roleg og god lyd og kunne ha handla om gode minner frå ein oppvekst på gard, eller frå turar ut i naturen langs ein klukkande bekk. Hjå Britt er det ikkje høner eller bekkar som lagar lyden. Ho seier at ho aldri har opplevd stemmene eller lydane som gode. ’Klukk’ kan såleis vera ertande uttrykk i tydinga; ’kylling’ eller ’redd hare’ eller uttrykkje uro og rastløyse som me tidlegare har vore inne på. Det synest såleis ikkje vere *orda åleine* som gir mening til budskapen, slik den framstår for intervjupersonane. Kva gjer så at bestemte tydingar openberrar seg for dei?

6.2.2 Uttrykk for at noko er galt

”det må vær noke som e kobla feil i hjernen...”

Både Tor, Kari og Britt meiner at dei plagsame personleg erfarte stemmene tyder på at *noko er galt*. Dei knyter desse erfaringane til det å vera ’dårleg’, ’sjuk’ eller ’rar’. Eg forstår Britt, Tor og Kari sine utsegn om å ’vera dårleg’ som uttrykk for ein sjølvopplevd *tilstand* dei kan vera i. Begrepet ’tilstand’ er vesentleg for å beskrive sjukdom som noko ein som sjuk *er i*, noko som gjeld heile personen, skriv Elstad (1987). Ho ser det som eit nøkkelomgrep for å klargjere kva som ligg i det å vera sjuk. Eg vil her bruke omgrepet ’tilstand’ om det intervjupersonane skildrar når dei kjenner seg dårleg eller sjuk i samband med dei plagsame stemmene.

Intensiteten til stemmene og lydane, altså i kva grad og kor ofte dei tvingar seg på synest vere avgjerande i høve til tilstanden dei tidvis verkar vere i (jamfør 5.1.3). ’Å vera dårleg’ ser ut til å vera knytt til ein tilstand prega av mellom anna angst, konsentrasjonsvanskar, forvirring, søvnmangel, og trøttleik. Tilstanden vert erfart som *ein fylgje av* stemmene og lydane, seier Britt og Kari. Men intensiteten i desse erfaringane verkar òg vere ein *konsekvens* av mellom anna søvnmangel, tilbaketrekking frå andre og liknande. I periodar med meir stemmeprat, periodar Britt omtaler som ’dårlege periodar’, vert ho meir stressa og irritabel. Samstundes

synest ho bli meir merksam på stemmene fordi ho er stressa og trøytt. Slik verkar ho og dei andre intervjupersonane kome inn i ein *vond sirkel*.

I periodar synest både Britt, Tor og Kari vere i ein tilstand der merksemda vert sterkt *innsnevra*. Dei fortel til dømes, at før innleggjingar og medan dei var innlagde på psykiatrisk sjukehus var stemmene intenst tilstades heile tida. Det var vanskeleg for dei å forhalde seg til andre og skjule den personleg erfarte røynda, slik dei elles gjorde. Det meste utanom stemmene og deira budskap verkar då vere uvesentleg. Kari seier til dømes at ho er "*heilt inni det*". Britt seier at ho blir forvirra når stemmepratet er meir intenst og at ho ikkje forstår at det skuldast at ho er dårleg, før det har gått ei tid. Merleau-Ponty skriv at heile tilveret vert forandra når ein erfarer såkalla hallusinasjonar og siterar ein som fortel om sine erfaringar i samband med bruk av meskalin⁷⁰; "I had the feeling of being transferred to a setting such that I could perceive in no other way. The belief took possession of me that the world is thus..." (Merleau-Ponty, 2003:397). Merleau-Ponty skildrar her såkalla hallusinatoriske erfaringar slik det vert erfart hjå dei som er i det som vert kalla ein psykoseliknande tilstand. Det synest etter mitt syn vere ei dekkjande skildring når Britt, Tor og Kari har det vanskeleg elles i livet, er slitne og forvirra *i tillegg* til å høyre stemmer. Det er likevel ikkje eit *gjennomgåande trekk* ved all erfaring med personleg erfarte stemmer og lydar at dei dominerar heile tilveret, slik eg ser det.

Alle intervjupersonane fortel at dei tidvis, eller i høve til einskilde stemmer og lydar kan halde fram med å *vere merksam på andre ting* medan dei høyrer dei. Åse fortel til dømes at ho høyrer englestemmen under intervjuet og elles når ho ser fjernsyn, utan at dei forstyrrar henne. Eg kan heller ikkje merke på henne at ho høyrer dei. Ho synest høyre etter det eg seier og er til dømes merksam på at kaffikoppen min byrjar bli tom. Det ser ut til å variere i kva grad den som høyrer vedvarande stemmer erfarer at tilveret er dominert av dei. Det verkar såleis ikkje vere *nærveret* av dei personleg erfarte høyringsfenomena *i seg sjølv* som fører til at tilveret vert erfart som totalt forandra. Den erfarte intensiteten av stemmene og lydane verkar vere avgjerande for at dei vert forstått som uttrykk for psykose av intervjupersonane og

⁷⁰ Meskalin er eit hallusinogen som saman med mellom anna LSD framkallar medvitsforandringar som i si tid vart kalla "modell psykosar" (Haugsgjerd, 1990:141). Haugsgjerd skriv at denne rusen likevel har vist seg å ha lite til felles med psykotiske tilstandar, sjølv om den kan utløyse psykose hjå einskilde allereie disponerte personar (ibid.).

andre. Når stemmene eller lydane vert erfart som meir intense, seier til dømes Tor, Britt og Kari at det tyder på at dei er meir psykotisk.

I fylgje TIPS -annonser i mellom anna Stavanger aftenblad (1996), og TIPS-skåringsskjema (1998)⁷¹ kan 'uvanlege perseptuelle opplevingar', 'markert mangel på initiativ, interesse eller energi' vere *prodromalteikn* på schizofreni, altså tidlege teikn på ei langvarig psykoseliding. Perioden frå Kari, Tor, Åse og Britt først høyrde stemmer til dei kom til behandling, vil i det dominerande perspektivet til det som ofte vert kalla Rogalandpsykiatrien⁷², kunne kallast 'varighet av ubehandla psykose' - VUP (TIPS, 1998). Åtferd og utsegn som er knytt til *at* nokon har personleg erfarte stemmer og lydar synest *i første rekkje* danne grunnlag for å stille diagnose og evaluere behandlingsresultat. Den som fortel at han høyrer stemmer verifiserar at han er psykotisk eller at behandlinga ikkje har lukkast (jamfør kapittel 3). Kari, Tor, Britt og Åse sine stemmeerfaringar vert i dette perspektivet ikkje sett som *plager i seg sjølv*, men som uttrykk for at dei har *bestemte langvarige psykoselidingar*.

I ettertid ser Kari, Tor, Britt og andre på dei første erfaringane med stemmene som *byrjinga* på denne psykiske lidinga. Tor seier om første gongen han høyrde djevelstemma at "det var vel psykose". Han seier at han raskt forstod at han var *alvorleg* sjuk då han første gong høyrde djevelstemma. Dette kan ha samanheng med intensiteten i eller måten han erfarte denne stemma på, men det synest òg ha samanheng med at Tor kjende til kva ei slik erfaringa kunne vere *før* den oppsto. Gjennom andre i rusmiljøet og gjennom onkelen, som hadde ei alvorleg psykisk liding og var innlagt på psykiatrisk sjukehus, meinte Tor at han forsto at det dreide seg om psykose. Eg finn det nærliggjande å tru at Kari og Britt sine utsegn om at stemmene kjem fordi 'noko er kobla feil i hjernen', og at dei blir borte ved bruk av 'dei rette medisinarane', kan vere uttrykk for at dei har lært at det er ein samanheng mellom å høyre stemmer og å ha ei bestemt form for psykoseliding. Dei har begge lese informasjons materialet til Psykopp og kjem med fleire ordrette sitat frå mellom anna hefte; "Psykose. Hva er det?" (Psykopp, 1998).

⁷¹ Skåringsskjemaet er ein trykksak utarbeida av Johansen, og Larsen ved SUS, og utgitt i samarbeid med legemiddelfirmaet Lundbeck. Den byggjer på DSM-III r (1987) og Kringlen (1990). Det vart delt ut til helsepersonell i Rogaland på slutten av 90 talet. Ved sikre teikn på mellom anna 'uvanlege perseptuelle opplevingar', og 'markert mangel på initiativ, interesse eller energi', skårer pasienten tildømes 4 poeng. Ved 4 poeng eller meir bør pasienten henvisast til psykiatrisk utredning/behandling (ibid.).

⁷² I første rekkje fagmiljøet ved Stavanger som er knytta til SUS.

Kari, Britt og Tor sine utsegn om at dei uvanlege høyrseleerfaringane er psykoseteikn kan òg sjåast som ei fylgje av *tilpassing* til det som autoritetar har definert som sjukelege erfaringar, eit syn dei meir eller mindre kan ha blitt *tvungne* til å akseptera⁷³. Det er såleis muleg at Kari, Britt og Tor fortel meg det dei trur eg vil høyre og at dei brukar omgrep som 'dårleg' og 'psykotisk', fordi eg er psykiatrisk sjukepleiar. Deira forteljing vert farga av meg ikkje berre gjennom mine spørsmål, men i kraft av at eg, tilhøyraren er ein fagperson. Ein stor del at vår felleshorisont er prega av psykiatrien sitt tankegods og praksis. Fagpersonar har på meir eller mindre varsame måtar fortalt intervjupersonane at stemmehøyninga er uttrykk for den langvarige psykoselidinga dei har (jamfør Nissen i kapittel 3.1). Gjennom tvungent helsevern har dei dessutan erfart på ein tydleg måte at *andre* oppfattar dei som sjuke når dei høyrer stemmer. Tor fortel til dømes frå den gongen han prøvde å springa frå djevelstemma; ”så *eg kom på legevakta (i fylgje med politi), eg torde ikkje sei ett ord, .. vel legen, skjønte vel eg va sjuk, for eg blei innlagt, tvangsinnlagt*” (5.3.3).

Det er likevel ikkje dette perspektivet åleine eller desse orda og vendingane åleine som kjem fram i intervjupersonane sine forteljingar. Fleire av dei fortel om sider ved erfaringane med stemmene og lydane som dei ikkje har snakka om tidlegare. Åse fortel til dømes kva ho eigentleg trur om stemmene, trass i sine erfaringar med anna fagpersonell. Erik fortel at han tyr til ein annan autoritet enn psykiatrien for å finne ei forklaring på kvifor han høyrer bankelydar. Det er sjeler som ikkje finn ro, som han av ein eller annan grunn er blitt motakeleg for (jamfør kapittel 5.2.). Dette, saman med inngåande skildringar av motsetningane i deira erfaringar, gjer meg overtydd om at intervjupersonane ikkje fortel meg at stemmene har med deira psykoseliding å gjere berre fordi eg er psykiatrisk sjukepleiar eller at dei resignert uttrykkjer psykiatrien sitt synspunkt. Gjennom innleggjing på psykiatrisk sjukehus fortel Britt, Tor og Kari om å ha fått hjelp til å koma ut av det dei skildrar som kaotiske tilstandar eller situasjonar med intens stemmehøyning og psykose. Reduksjonen i plagene frå stemmene gjennom behandling på psykiatrisk sjukehus kan òg ha medverka til at dei meiner å sjå ein samanheng mellom stemmehøyninga og lidinga deira. Britt seier til dømes at ho istadenfor å vere jamt dårleg heile vegen etter innleggjing og medisinsk behandling berre har dårlege periodar med mykje stemmeprat *innimellom*.

⁷³ Sjukeleggjing av livsvanskar og uttalte bruken av makt danna mellom anna bakgrunnen for ”demokratisk psykiatri” og lovvedtaket om nedleggjing av dei store psykiatriske institusjonane i Italia (jamfør fotnote nr.11).

Møta med psykisk helsevern verkar inn på korleis Kari, Britt, Tor og Åse forstår det dei er åleine om å høyre. Mest avgjerande for kva dei meiner om det dei erfarer synest likevel vere måten stemmene vert erfart på, slik eg ser det. Dei religiøse stemmene som Kari høyrer er til dømes noko anna enn resten av stemmene seier ho. Åse fortel at ho har ei psykoseliding, og at den kjem til uttrykk mellom anna gjennom plagsame vrangførestellingar. Ho synest her å akseptere det tradisjonelle synspunktet til psykiatrien. Ho kan likevel ikkje gå med på at englestemmene ho høyrer er sjukdomsteikn fordi dei formidlar *tryggleik* og *hjelper* henne til å slappe av og forhalde seg til lidinga best mogeleg;

”Det har aldri vore noko vondt eller plagsomt.”

I: ”koss merke du sjukdommen⁷⁴ din, då?”

”Neii, eg merke det at eg kan innbilla meg ting som ikkje e reelle, (...) då gjentar dei (englane) at ingen har vore her inne.”

I: ”du har førestillingar, så gjer deg utrygg?”

”ja, vrangforestillinger”.

I tråd med det tradisjonelle psykiatriske perspektivet er forståingane som til dømes Britt og Åse legg for dagen omkring sine erfaringar med desse stemmene, uttrykk for at Britt stort sett *har sjukdomsinnsikt* og at Åse stort sett *manglar sjukdomsinnsikt*. Åse sine førestillingar i høve til dei såkalla englane ho høyrer vert dømer på vrangførestellingar som ho har. Det er dette perspektivet eg merkar at *eg* har i møte med henne (jamfør kapittel 4.4). 'Mangel på innsikt' i ikkje-realiteten til stemmene og i sambandet dei har med psykose, er avgjerande i høve til å diagnostisere nokon som psykotisk (jamfør Kringlen i kapittel 3.2).

Gjennom det Britt, Kari, Tor og Åse fortel om den levde erfaringa av stemmene og lydane som dei åleine høyrer, trer eit nyansert bilete fram av den såkalla sjukdomsinnsikta og deira førestillingar om stemmene eller lydane dei erfarer. Det synest ikkje vere slik at dei til dømes *anten* meiner at stemmene er reelle *eller* at dei ikkje det. Det dreier seg snarare om at stemmene og lydane synest vere *både* reelle *og* ikkje-reelle, slik eg oppfattar det⁷⁵. Merleau-Ponty (2003) understrekar at den som hallusinerar skil mellom dei personleg erfarte

⁷⁴ Åse har fortalt at ho har ei psykoseliding, og at ho brukar nevroleptika.

⁷⁵ Cullberg (2001) skriv at ”En hallusinatorisk opplevelse med full innsikt i at det er en hallusinasjon, noe som f.eks noen schizofrene kan komme fram til etter flere år, kan således ikke kalles en psykose, men en persepsjonsforstyrrelse” (s. 66). Cullberg sitt syn på sambandet mellom personleg erfarte stemmer og lydar og psykose synest å ha forandra seg gjennom kjennskapen til Romme og Escher sitt arbeid (ibid).

hørselserfaringane og andre sanse-erfaringar mesteparten av tida. Han skriv; ”The all-important point is that the patients, most of the time, discriminate between their hallucinations and their perceptions.” (s.389). Intervjupersonane synest forstå at dei personleg erfarte stemmene eller lydane skil seg ut frå *vanlege* hørselserfaringar. Når dei fortel om stemmer og lydar som dei opplever som verkelege, veit dei å velje dei *rette* stemmene og lydane. Det gjekk ikkje slik som det gjekk med den fargeblinde vegarbeidaren som skulle merke grøfta med raude stikker og vegkanten med grønne, utan å kunne skilje mellom raudt og grønt. Raude og grønne stikker sto om einannan. Intervjupersonane veit å skilje mellom erfaringar som dei er *åleine* om å erfare, stemmer og lydar som kan opplevast av *fleire* samstundes, og erfaringar dei er *uviss* på om dei er *åleine* om å oppleve. Dette meiner eg kjem særleg tydeleg fram hjå Kari som fortel at ho *tidvis* er *åleine* om å høyre stemmene til personar som ho og andre kan høyre til vanleg. Ho seier at ho *tidvis innbillar* seg at ho høyrer desse reelle stemmene (jamfør kapittel 5.2). Intervjupersonane si evne til å skilje mellom det personleg erfarte og det fellesefarte verkar handla meir om *i kva grad* dei er i stand til å skilje mellom desse dimensjonane til ei kvar tid, enn *om* dei er i stand til det⁷⁶.

Både Kari og Tor snakkar vidare om at dei *flyktar* inn i dei dei kallar psykose. Dei knyter altså erfaringane med stemmene og lydane til situasjonar dei er i eller har vore i; *livshendingar*, slik eg forstår det. Kari fortel at vanskar i arbeidslivet og kjærleikssorg har ført til at ho har flykta inn i det ho kallar stemmeverda. Tor synest flykte frå vonde barndomsminne (jamfør 5.1.3). Ein mykje brukt teori om det som vert kalla psykose hevdar at *alle* som havnar i ein situasjon der ein er truga på liv og helse, til dømes langvarig isolasjon, tortur eller opphald på intensivavdeling *kan* reagere med å gå inn i psykose. Dette er ikkje ein viljestyrt handling. Teorien seier at det skuldast samanbrot i mennesket sine psykologiske forsvarsmekanismer, ein ikkje-medviten *flukt* eller *prosess* (Ensink, 1992; Leudar et al., 2000; Cullberg, 2001). Haugsgjerd (1983 I) skriv at han ser psykosetilstandane som ”en retrettløsning som noen mennesker i en gitt livssituasjon *tvinges* til å foreta.” (s.17, mi utheving). Situasjonane som Kari skildrar, inneber ikkje utan vidare trugsmål på liv og helse. Det verkar såleis vere eit *misforhold* mellom situasjon og reaksjon. Det tilsynelatande misforholdet mellom situasjon og reaksjon gjer at den *unormale reaksjonen*, slik eg ser det vert sett som uforklareleg og dermed eit *symptom* på ei psykoseliding (jamfør Foucault i kapittel 3.3).

⁷⁶ Dette reiser òg spørsmål om kva som verkar inn på evna til å diskriminera mellom felles erfart realitet og personleg erfart realitet. Det er ikkje rom for gå inn på dette i dette studiet.

Ved hjelp av sårbarheit-stressmodellen søkjer ein frå fagleg hald å forklare kvifor nokre menneske utviklar ulike plager ved at det skuldast ein medfødt sårbarheit som vert forsterka av uheldige miljøfaktorar (jamfør kapittel 3.1). Sjølv om forskning omkring den medfødte 'sårbarheita' når det gjeld utvikling av psykiske lidingar, særleg den arvelege disposisjonen og biokjemiske faktorar over lang tid har fått større merksemd enn miljøfaktorane (jamfør fotnote nr. 20, Cullberg, 2001, Haugsgjerd, 1990), vert til dømes psykosen i dette perspektivet i større grad ein *reaksjon* som *kan* ha samanheng med omgivnadane, slik eg ser det. Sårbarheit-stressmodellen kan difor vere ein muleg innfallsvinkel til å forstå intervjupersonane sine utsegn om at dei personleg erfarte høyrselefenomena både kan vere uttrykk for noko som er galt med dei⁷⁷, samstundes om det kan vere ein reaksjon på livshendingar. Eg finn det likevel meir nærliggjande å forstå tvitydigheita i deira utsegn som uttrykk for levd erfaring, slik Merleau-Ponty framstiller det. Han viser at ambivalensen mellom kropp og kultur gjennomstyrer levd erfaring (Merleau-Ponty, 2003).

Forskinga som eg referar til i kapittel 3.2.2 syner at samanhengen mellom personleg erfarte stemmer og bestemte psykiske lidingar er uviss, slik eg ser det. Dette inneber at personleg erfarte stemmer ikkje utan vidare *berre* kan sjåast som uttrykk for at vedkommande er i ferd med å *utvikle* eller *har* ei psykoseliding. Stemmene og lydane kan vere uttrykk for det eg vel å kalle *livsmerte*, det som kan fylgje i kjølvannet av smertefulle erfaringar i livet. Me skal i det fylgjande sjå på intervjupersonane sine vedvarande erfaringar med stemmer og lydar som reaksjonar på livshendingar eller uttrykk for livsmerte.

6.2.3 Transformert livsmerte

Både tidspunktet som stemmene let høyre frå seg, måten dei kjem til uttrykk på og innhaldet i budskapen deira synest peike mot ein samanheng med smertefulle erfaringar eller smertefulle sider ved tilveret hjå den einskilde intervjuperson. Denne samanhengen er likevel ikkje eintydig og klar. Den er snarare samansatt og gåtefull. Dei personleg erfarte stemmene og lydane verkar slik eg ser det vere *transformert livsmerte*.

⁷⁷ Davidson (et al) 2003 meiner at stress-sårbarheits modellar utelukkar at schizofreni til dømes er noko ein kan bli frisk av. Ein kan berre håpa på å stoppa vidare skade gjennom å prøve å kontrollera symptoma.

Kulturelle tilhøve verkar inn på *måten* budskapet kjem til uttrykk på. I andre kulturar er det til dømes meir vanleg å få budskap gjennom syner enn gjennom lyd (Bentall, 1990). Eg har blitt fortalt at døvfødte kan få budskap gjennom å *sjå* teiknspråk eller *kjenne* teiknskrift, utan at dei snakkar teiknspråk eller rører ved skrift. Slik sett kan ein forstå at lydane som Erik og Britt høyrer kan ha eit budskap på lik linje med dei personleg erfarte stemmene som dei andre intervjupersonane fortel om.

Faktumet at stemmene og lydane har eit *bodskap*, synest dessutan vere innfallsporren til at dei vert oppfatta som noko heilt anna enn tinnitus, den summande lyden som ein del menneske har i samband med ein høyrselsskade. Budskapet synest liggje nært opp til sentrale tema i intervjupersonane sine liv. Me skal sjå nærare på mulege hendingar og sider ved tilveret som desse stemmene og lydane kan setjast i samband med.

Reaksjon på tap eller traumer?

Dei personleg erfarte stemmene og lydane kan representera situasjonar, relasjonar eller personar som er knytt til *tap* eller *traume*. Cullberg (2001) peikar på at eldre menneske mellom anna kan høyre stemmer ved tap av familie og venner, sosiale funksjonar eller fysiske funksjonar som til dømes høyrsla. Er dette noko av bakgrunnen til at Erik høyrer dei uforklarlege lydane? Raslelyden han har høyrte minner han om tida då kona var sjuk og han måtte stille opp for henne. No er det ingen som treng han på det viset lengre. Han fortel at han sjølv har vore inne på tanken om det kunne vera ein samanheng mellom lydane og hendingar i livet hans, men kvifor dei kom *akkurat no* veit han ikkje. Livsituasjonen hans har ikkje forandra seg særleg dei siste åra, han har vore sjukeleg lenge. Først etter at han begynte å høyre bankelydar og dei andre lydane, vart det mindre sosial omgang med andre, meiner han. Eg finn det likevel nærliggjande at lydane kan ha noko med tapet av kona og sviktande helse å gjere.

Nokre teoriar går ut på at det er den einskilde sine forbodne idear, ynskjer, eller impulsar som kjem til uttrykk i "frammande" stemmer (Bentall, 1990, Ensink, 1992; Leudar & Thomas, 2000; Romme & Escher, 2000). Dette synest slik eg ser det, ha sitt utgangspunkt mellom anna i Freud sine teoriar om psykose, der Freud hevda at materialet i psykosen representerar det

som er for smertefullt for den einskilde å integrera psykologisk⁷⁸. Det smertefulle vert difor projisert ut og erfart som noko som tilhøyre omgivnadane (jamfør Haugsgjerd, 1990). Dei personleg erfarte stemmene eller lydane vert i eit slikt perspektiv *ikkje-medvitne* og *ikkje-akseptable* kjensler og tankar. Leudar et al (2000) argumenterar for at nokre av stemmene som ”Peg” høyrer, representerar *ulike sider* ved henne sjølv som ho gjennom samspel med sine fosterforeldre ikkje kunne akseptera. Slik sett kan stemmene som Peg høyrer vere forbudte eller konfliktfylte impulsar som vert projisert frå ho sjølv til stemmer som kjem frå andre hald. Beskjedane som Kari får frå mafiastemmen om å skade broren kan kanskje forståast slik? Kan til dømes samspelet mellom henne, foreldra og broren ha forsterka hennar kjensle av å vere oversett og lite verdsatt? Bodskapen til dei ulike stemmene hennar synest mellom anna handle om dette. Kari vart til dømes vraka som arbeidstakar i byrjinga av sitt arbeidsaktive liv like før ho høyrde den første stemma. Då byrja ei kvinnestemme som berre ho høyrde å rakka ned på henne i ein lengre periode. Den verka tilhøyre ho som fekk jobben i stadenfor Kari. Kari sjølv knyttar dei fleste av stemmene ho høyrer til konkrete personar og situasjonar ho har vore oppi. Ho seier til dømes i høve til ei av stemmene; ”*det va nå ein eg va glad i då, trudde eg, og (eg) hadde vel tankar og forhåpningar om det*”. Avvisning og savn synest vere viktige tema i hennar liv.

Kari set erfaringane med stemmene i samband *aktuelle* hendingar, men ikkje med erfaringar frå barndommen. Bakgrunnen for dette kan vere at ein til to samtalar ikkje gir rom for å gå inn på eventuelle tidlegare traumatiske erfaringar. Det kan òg vere at ho og dei andre intervjupersonane, i terapi og elles, ikkje har prøvd eller klart å sjå stemmene i samanheng med tidlege erfaringar i livet. Forståinga av stemmene til Peg vaks fram hjå Peg og hennar terapeut gjennom samtalar over år (jamfør Leudar, 2000). Ein mann har fortalt meg at han gjennom fleire års terapi har funne ut at ei stemme han har høyrte i ei *årrekkje*, minner om ein slektning i måten å *ordleggje seg* og i *tonen*. Sjølv om denne stemma elles ikkje minner om slektningen. Han er med åra blitt overtydd om at stemmehøyrynginga har samband med erfaringar han har frå ein vanskeleg oppvekst.

Å snakka om tidlegare vonde erfaringar kan aktivera djevelstemma, fortel Tor. Denne stemma kan slik sett vere eit forsvar mot vanskar i livet som synest vere umuleg for han å akseptera.

⁷⁸ Ensink (1992) og Leudar et al (2000) viser begge til Freud og Schatzman sine analysar av Schreber sine såkalla hallusinatoriske erfaringar. Freud meiner desse erfaringane representerar forbodne impulsar, medan Schatzman meiner dei handlar om minnespor frå traumer tidleg i livet.

Eg finn det nærliggjande å tru at Tor har ”djevlesk vonde” erfaringar frå oppveksten som kan liggje til grunn for djevelstemma som han høyrer. Dette seier han *litt* om, sjølv om han faktisk ikkje har sagt med reine ord at han har vonde erfaringar som ligg til grunn for stemmehøyringa. På den andre sida har han likevel sagt noko. Det ligg i vendingane han brukar, i stemma hans og i det som er underforstått at Tor har vonde erfaringar frå oppveksten. Han seier til dømes, at han fleire gonger har blitt det han kallar psykotisk når han har fortalt om barndommen sin og vidare at; ”*eg kan fortella om enkelte ting, men ikkje alt*”. Saman med Ensink (1992) meiner Romme og Escher (2000) at stemmehøyring ofte byrjar i samband med traumatiske hendingar *tidleg i livet*, og at stemmene i mange tilfeller kjem tilbake når dei på ny hamnar i ein vanskeleg situasjon (jamfør kapittel 3.2). Det nye, vanskelege ”vekkjer” stemmene eller lydane til livet.

I fylgje Merleau-Ponty (2003) er ikkje tidlegare erfaringar fortrent, altså *borte* frå medvitet. Han skriv: ”...there is nothing in it [medvitet] which does not in some way announce itself to it, although it does not need to know this *explicitly*” (s.345, mi utheving). Tidlegare erfaringar legg seg bak våre blikk og blir vår veremåte, det som går av seg sjølv og som me ikkje tenkjer på. Gjennom stemningar, hendingar og liknande kan tida opna seg og det som har vore tidlegare kan *gjere seg gjeldande* her-og-no (jamfør kapittel 3.4.1). Elstad (1987) skriv at ”tilværet alltid på eit eller anna vis er ’stemt’ for oss, og at denne ’stemtheita’ opnar for sansing og emosjonar” (s.99). Ho viser vidare til Løgstrup som meiner at stemtheita er noko me berre kan erfare i tilbakeblikk. Ho illustrerar dette ved å vise til at ”ei lukt eller ein lyd kan gjere at tidlegare tidsrom i livet trer fram for ein, levande men uhandgripeleg, ’i sin essens’” (s.99). Umiddelbare sanseintrykk, kjensler eller stemningar trer fram utan å vere avgrensa i rom og tid. Dei er oftast førspråklege. Eg finn det nærliggjande å forstå stemme-erfaringane til Tor i dette perspektivet. Han kjenner kanskje på sårbarheit eller spenningar i kroppen når han skal fortelje om hendingar frå barndommen. Det gjer han kanskje stemt mot minner der han før har kjent seg sårbar og ansent. Eg finn det nærliggjande at tidlegare erfaringar kan ha blitt til minner som har satt seg i kroppen hans (jamfør kapittel 3.4.1).

Sambandet dei personleg erfarte stemmene og lydane kan ha med tidlegare hendingar gjer at dei kan forståast som *minner*. Me skal i det fylgjande undersøkje dette meir inngåande.

Kan dei personlege erfarte høyrsefenomena vera minner?

Gjennom samtalar med intensivpasientar etter overflytting til anna post, har Storli (2004)⁷⁹ vist at fleire pasientar slit med *minner* knytt til opphaldet som mange vil hevde er vrangførestillingar. Storli si forskning problematiserar bruken av omgrepet 'vrangførestillingar' (delusions) i høve til førestillingar utskrivne pasientar har om deira opphald ved ei intensivavdeling. Ved ein gjennomgang av opphaldet etter utskrivning har personalet saman med pasienten, sett at lydar og andre sanseintrykk har fått ei personleg tyding for pasienten. Dette er tydingar som det er mogleg for både personalet og pasienten å forstå. Det er til dømes forståeleg at duren frå ein hjartepumpe kan minne om duren frå ein båt. Pasientane har ikkje klart å formidla sine førestillingar eller erfaringar fordi dei har vore inntubert eller sedert. Av same grunn har dei ikkje blitt vurdert til å vera i stand til å huska det som har skjedd. Etter utskrivning har erfaringar frå opphaldet blitt til bilete og lydar som dukkar opp i draumar eller som tilfeldige glimt (flash-backs). Eg finn at desse forskingsresultata er sammanfallande med forskinga til Ensink, Romme og Escher (jamfør kapittel 3.2.2). Dei meiner at truamatiske hendingar i barndommen kan setjast i samband med stemmehøyring. For dei som høyrer stemmer er det vanskelegare å "ta turen" tilbake til barndommen for å finne ut om stemmene er minner. Ensink (1992) har likevel søkt gjere nettopp dette gjennom intervju av kvinner som har vore seksuelt misbrukt som barn. Fleire av kvinnene fortel at dei høyrer stemmer som trugar dei eller som kjem med nedlatande kommentarar om dei, stemmer og utsegn som dei seinare har knytt til overgriparen eller overgrepssituasjonen. Stemmene dei høyrer verkar såleis vera minnespor. Tor, Kari og Erik seier at fleire av stemmene og lydane *minner om* personar eller situasjonar. Stemmene som Kari høyrer er stort sett nolevande personar. Dei snakkar til henne sjølv om dei ikkje er fysisk tilstades. Dei kan på det viset og vere minner. Tor høyrer stemma til mormor like levande som om ho framleis var i livet sjølv om det er fleire år sidan ho døydde.

Merleau-Ponty (1986:19) skriv at han: "livagtigt kan føle eksistensen af en ven, som jeg imidlertid ikke kan se". Han samanliknar erfaringa med den opplevde eksistensen av ein fråverande venn med erfaringa som han med amputert arm kan ha av nærveret av denne armen. Merleau-Ponty kallar dette eit "ambivalent nærver". Nærveret av den fråverande armen høyrer ikkje til kategorien: "eg tenkjer at" skriv han vidare (ibid.). Nærveret er

⁷⁹ Sissel Lisa Storli, doktorgradsstipendiat og sjukepleiar, forskar mellom anna på konsekvensar av å kategorisera intensivpasientar sine minner som hallusinasjonar og vrangførestillingar eller som relevant levde erfaring (Storli, 2004).

umiddelbar og førspråkleg. Dette meiner eg set ord på fleire av stemmeerfaringane til intervjupersonane. Kari si erfaring av han som blir ein del av henne, kan vere eit døme på dette. Han som ho var glad i er der på same tid som han ikkje er der. Når stemmene er på sitt mest "livaktige" tenkjer ikkje Kari at det er personleg erfarte stemmer ho høyrer, det forstår ho først etterpå. Det er nettopp det motsetnadsfylte nærveret som pregar erfaringane med stemmene. Stemmene er til dømes *utanfor* kroppen, men *inni* kroppen. Dei er *verkelege* erfaringar, men er på same tid *uverkelege*. Når Kari etter fleire år ser eit bilete av han ho høyrer stemma til, vert ho klar over at ho har laga eit "falskt" bilete av han. Etter dette kan ho ikkje høyre denne stemma lenger. Merleau-Ponty peikar på at den som har amputert ein arm eller ein fot, minnest smertene som var i denne kroppsdel *før* den vart amputert. Det er på ein måte ei *førestilling om noko* som har *stivna*. Det kan verka som dette er ein parallell til det Kari og fleire av dei andre intervjupersonane fortel. Britt seier at ho kjenner igjen stemmene sine nettopp på grunn av det statiske ved dei (jamfør kapittel 5.2).

Stemmene og lydane som intervjupersonane høyrer synest ha mykje til felles med minner som fenomen. Merleau-Ponty (2000) skriv at det ikkje er noko *absolutt skilje* mellom til dømes minner, draumar og hallusinasjonar. Stemmene eller lydane synest kome uventa og verkar vere vanskeleg å avvise, slik det kan vere med mareritt eller vonde minner. Det som har vore før flyt inn og okkuperar notida. Dei personleg erfarte fenomen har på det viset mykje til felles med minner dersom ein ser minner som meir enn medvitte si konstatering av fortida (jamfør kapittel 3). Det er likevel avgjerande skilnadar som gjer desse stemme-erfaringane til *minner av eit anna slag*. Når Kari fortel korleis minner om stemme-erfaringane dukkar opp, skildrar ho det som noko som *har skjedd* tidlegare, men som ikkje lenger er på same vis; "*eg slite endå me minnene...*" (jamfør kapittel 5.1.3). Kari sine mafia stemmer kan dukke opp og gi ein "*feeling*" eller '*som om det hender no*' erfaring. Men det er noko anna enn *sjølve* erfaringane med stemmene og lydane som ho åleine høyrer. Om det seier Kari mellom anna at: "*eg va heilt inni det, eg va inni psykose i fleire år*". Når dei personleg erfarte stemmene eller lydane trengjer seg på framstår dei som hendingar i *no-tid*. Rett nok kan dei minne om situasjonar som har vore før, men det synest ikkje vere klart for intervjupersonane før etterpå. Raslelyden som Erik høyrer minner om lyden som kona ofte laga dei siste åra ho levde. Erik seier ikkje at det er den same raslelyden og at det er kona som lagar den, men konstaterar at raslelyden han høyrer *minner om* kona og lydane ho laga då ho kvilelaust leita etter noko ho ikkje kunne gjere greie for. For Erik vekker minne om kona kjensler frå ei tid då han hadde det svært tungt. Han fortel at han kjenner det i kroppen kor tungt det var, og eg høyrer det i

stemma hans og på sukka han kjem med. Han vert klar over denne samanhengen i intervju-samtalen med meg, og verkar overraska over å oppdage dette. Stemmene eller lydane som til dømes Kari og Erik erfarer verkar gå føre seg akkurat no. På eit vis er dei overtydd om at det skjer i notid, på eit anna vis er dei klar over at det umuleg kan hende akkurat no.

Tidsdimensjonen i erfaringane med desse stemmene og lydane er sjølvmotseiande. Dette gjer mellom anna desse stemmene og lydane til ambivalente erfaringar (jamfør 6.2.1).

Tidlegare hendingar, personar, kjensler, stemningar og anna synest å ha blitt *transformert* til stemmene og lydane som intervjupersonane høyrer. Eg meiner stemmene kan vere transformert *livsmerte* sidan det i første rekkje verkar vere det smertefulle i livet som vert forma på denne unike måten. Dette utelukkar likevel ikkje slik eg ser det at stemmene kan erfarast som gode slik Åse og Kari gir uttrykk for. Dei personleg erfarte fenomena synest ikkje berre vere knytt til det som *har skjedd*, men verkar òg vere knytt til meininga med livet og det som skal skje, altså *religiøse* og *eksistensielle* sider ved tilveret til den einskilde. Nokre av stemmene og lydane har til dømes ein budskap og ei framtoning som gjer at dei vert erfart som *overjordiske fenomen*. Me skal sjå nærare på denne innfallsvinkelen.

6.2.4 Overjordiske fenomen

” *Dei seie dei e Guds englar...* ”

Kari, Erik og Åse er meir eller mindre overtydd om at nokre av stemmene og lydane er englar, Jesus, ånder i himmelen, demonar eller djevelen. Altså meiner dei at stemmene er overjordiske fenomen. Me har sett at dette kan forståast som tankeforstyrringar eller uttrykk for såkalla vrangførestillingar og sjukdom (jamfør kapittel 6.2.1). Åse fortel til dømes at det er hennar inntrykk at andre ser på englestemmen som symptom på hennar psykiske lidning og *ikkje noko anna*. Dette er etter mi erfaring den haldninga som dominerar psykiatrien som fagfelt. Stemme-erfaringane har lett for å bli *reduisert* til einast å vere psykologiske eller psykiatriske fenomen. Noko av bakgrunnen til dette kan vere positivismen sitt inntog på 1800-talet (jamfør kapittel 3.3). Metafysiske eller mystiske forklaringar på fenomen skulle sjåast som eit *lågare-ståande erkjenningnivå*, som ikkje høyrde vitskapen til. Vitskapleg

praksis i positivismens ande skulle heva seg over slike "primitive og einfaldige" forklaringar var Comte⁸⁰ sin visjon, skriv Flor (1995).

Mennesket har til alle tider hatt *metafysiske* forklaringar på tilveret. Slik sett er metafysiske forklaringar på stemmehøyring ikkje noko unntak. Erik viser til bibelen for å støtta opp under det han meiner er verkelege erfaringar. Han plasserar seg i ein lang tradisjon der han, slik andre før han erfarer eit møte med noko overjordisk. I bibelsk samanheng er det ikkje uvanleg at Gud taler til menneske gjennom ulike englar og liknande. Leo Tolstoj si forteljing om skomakaren er eit av ei lang rekkje litterære verk som legg ei slik forståing til grunn. Hovudpersonen, skomakaren ber om at Kristus må vise seg for han. Ein dag høyrer han ei stemme som forklarar han korleis han gjennom å hjelpe dei trengjande som oppsøker han, kan treffe Jesus slik det står skrive i bibelen. Bibelen ligg oppslått framføre skomakaren og der kan han lese at; "det du gjer mot ein av mine minste, det gjer du mot meg". Ved slutten av dagen forklarar den same stemma for skomakeren at Kristus hadde synt seg for han slik det sto i bibelverset. På det viset forsto han at han hadde møtt Kristus (Garborg, 1897). Det var neppe Tolstoj sin intensjon å lage ei forteljing om ein einsam høyrselshallusinert mann eller å illustrera eit psykologisk fenomen. Erfaringar med å høyre slike røyster vert ofte skildra som *gåtefulle* og *meningsfylte* hendingar. I ei rekkje trussamfunn og kulturar kan erfaringar med å høyre slike stemmer vera *verdifulle* erfaringar. Den som til dømes høyrer englar kan slik få anerkjenning nettopp på grunn av det dei har høyrte eller visjonar dei har fått (Leudar & Thomas, 2000; Cullberg, 2001).

Romme og Escher (2000) hevdar at forklaringar med utgangspunkt i religion, telepati eller mystikk er generelt aksepterte innan mange kulturar i moderne samfunn og i einskilde forskningsmiljø. Dei har sett nærare på forskning som søker forklare stemmehøyring utifrå desse perspektiva. Slike forklaringar kan ikkje utelukkast som verdifulle innspel til betre forståing av erfaringane den einskilde har med å høyre stemmer eller lydar, meiner dei. Dei tradisjonelle forskningsmiljøa, psykologi og psykiatri har såleis ikkje einerett på forklare kva stemmene er. Leudar og Thomas synes dele dette synet. Saman med Davies (1999), meiner dei at sosialiseringssprossar i barndommen kan vere ei *muleg* forklaring på at menneske med

⁸⁰ Comte meinte det menneskelege medvitte hadde utvikla seg gjennom tre stadier. Det teologiske (fiktiv eller mytologisk) fase, Den metafysisk abstrakte fase og den positive vitskaplege fase. Han utvikla sjølv ein religion som skulle passa betre til det nye 'positive' samfunnet (Flor, 1995).

diagnosen shizofreni ofte har stemmer med overnaturlige identitetar. Dei utelukkar likevel ikkje at stemmene *kan* vere reelle overjordiske fenomen (2000). Gjennom samarbeidet med Peg, viser dei at livshistorie saman med andeleg overtyding er viktige innfallsportar til ei djupare forståing av hennar erfaringar med stemmer som framstår som overjordiske (2004).

Åse er overtydd om at englestemmene kjem frå Gud for å hjelpe henne med å *halde ut* plagsame tankar og sjukdommen ho har. Dei trådde til dømes fram i ein periode der ho grunna mykje over meininga med livet, ”*eg spør meg av og te kor e eg henne, egentleg. Eg e kje sikker* (seier det lågt) *kor eg e, ka e livet, . . ken eg e,*” [pustar tungt ut]. Seinare i intervjuet fortel ho kva englestemmene sa første gong ho hørde dei; ”*det första dei spurde om det va; ka e du, kor e du, ken e du*”. Sjølv er ho forundra over at englestemmene dukkar opp i ein periode der ho søkte Gud og leita etter svar i bibelen. Både Tor, Åse, Kari og Erik fortel at dei har ei kristen tru. Den verkar vere viktig både i høve til å forstå og å forhalde seg til dei personleg erfarte stemmene og lydane og livet med dei. Tor fortel at han har funne tilbake til si barnetru. På det viset har tilveret med djevelstemma blitt mindre einsamt og meir uthaldeleg. Det er eit ålment fenomen at eksistensielle spørsmål vert aktualisert gjennom alvorleg eller langvarig sjukdom. Både Åse og Kari fortel at dei tidvis har streva med mellom anna framtidshåp og livslyst (jamfør kapittel 5.1 og 5.2). Gjennom nærveret og budskapet til englestemmene kjenner Åse seg inkludert som menneske og utpeikt som verdfull; ”*alle e inkludert. Muslimane og...*”, ”*me trur kje du e klar øve kor stort detta e for deg*”. Det kan synast som stemma som kviskrar at Kari er elska representerar noko av det same. Eg finn det nærliggjande å sjå budskapane som eit ekko av deira eksistensielle og religiøse undringar.

Gjennom denne innfallsvinkelen vert dei 'overjordiske' stemmene eller lydane likevel ikkje einast religiøse grublerier, men noko som bør forståast utifrå at menneske er intensjonelt retta mot tilveret gjennom ein *forjengeleg kropp* (jamfør kapittel 3.4). Dei har ålmenne tema som handlar mellom anna om liv, død, håp og mismot. Bankelydane som Erik hører kan kanskje slik forståast som eit ambivalent nærver av døden?

Kari seier at stemmene til Gud, Jesus og djevelen skil seg frå dei andre stemmene ho hører ved at dei er *ikkje-reelle*. Dei er religiøse stemmer, og har ikkje noko med sjukdommen hennar å gjere. Djevelstemma som Tor hører er likevel ikkje berre eit overjordisk fenomen. Den synest ha ein mannsstemme og mannskropp (jamfør kapittel 2). Det var berre blikket som var unaturleg eller ikkje-menneskeleg. Tor fryktar dessutan at framtoninga kan skade han

fysisk. Dette synest tyde på at djevelstemma er jordisk. Erfaringane hans er altså samansette og sjølvmotseiande.

6.2.5 Ny innsikt

Stemmene og lydane framstår som ein 'personleg erfart realitet' som trengjer seg inn i og tidvis kan fortrenge den 'felles erfarte realiteten'. Dei har mykje til felles med vanleg lyd, og med draumar og minner. Men dei personleg erfarte stemmene og lydane har andre kvalitetar enn lyd, minner og draumar gjennom måten dei vert erfart *i rom* og *i tid*. Dei er gjennomgåande ambivalente og sjølvmotseiande. Dei er uomgjengelege og aperspektivistiske. Desse kvalitetane konstituerar stemmene og lydane som *særeigne erfaringar* og gjer at intervjupersonane stort sett skil mellom det som andre kan høyre og det som berre dei sjølv kan høyre.

Me har sett at 'indre' og 'ytre' er problematiske vendingar å bruke i høve til personleg erfarte høyrselefenomen. Å bruke desse omgrepa kan gjere heilskapleg forståing av dei vanskelegare. Menneskelege erfaringar er alltid forankra i og i samspel med omgivnadane, med tidlegare erfaringar og med her og no situasjonen. Dei er òg forankra i framtidsforventningar og mykje anna (jamfør 3.4 og 6.1). Dei personleg erfarte stemmene og lydane synest ikkje vere noko unntak, og synest difor vere muleg å forstå for andre gjennom likskapen dei har med ålmenne erfaringar. Gjennom livsverdsperspektiva til Merleau-Ponty ser me at stemmene og lydane er lada med *meining*. Det inneber at dei bør *tydast* og *tolkast*.

Stemmene og lydane verkar vere ein viktig innfallspørt til å forstå sentrale tema i den einskilde sitt liv. Forteljningane om stemmene og lydane er likevel ikkje 'faktaforteljingar' i positivistisk forstand (jamfør kapittel 3.3). Samanhengen med 'fakta' verkar vere samansett og lite regelbunden. Nokre av stemmene og lydane synes vere nærare knytt til bestemte smertefulle erfaringar, medan andre i større grad verkar vere ekko av aktualiserte eksistensielle spørsmål. Det kan vanskeleg stadfestast kva som er det direkte forholdet mellom årsak og verknad. Dei personleg erfarte stemmene og lydane framstår som eit *ambivalent-nærver* av *livs-smerte*. Smertefulle erfaringar som har skjedd og som skjer saman med uvisse om framtida og påtrengjande eksistensielle spørsmål synest på unikt vis å bli *transformert* til personleg erfarte stemmer og lydar. Stemningar, tankar omkring hendingar,

utsegn frå tidlegare og anna smeltar saman med her-og-no situasjonen til eit nytt uttrykk med sin eigen karakter. Dette kan vere bakgrunnen til at det er skilnad på kva dei ulike stemmene eller lydane representerar og kva dei inneber for den einskilde som erfarer dei. Stemmene kan til dømes vere transformasjonar av gode erfaringar og framstå som hjelpsame for den som erfarer dei, sjølv om dei verkar tre fram på bakgrunn av livsmerte. Intervjupersonane skildrar eit erfaringsmangfald som peikar i retning av at dei har sitt opphav i *ulike typar erfaringar*. På det viset synest dei å få ulike tydingar for den *einskilde* som erfarer dei. Det kan difor sjå ut til at me bør forstå at stemmene har ulike tydingar, funksjonar og innverknad på livet deira. Kvar stemme og lyd har sin særeigne karakter.

I det fylgjande skal eg gå inn på kva det kan innebera å leva med dei ulike stemmene og lydane.

6.3 Kva kan det innebera å leva med personleg erfarte hørselsfenomen?

Me har til no konsentrert oss om kva hørselsfenomena kan vera. I det fylgjande skal me sjå nærere kva erfaringar med slike fenomen *kan innebera* både i livet til den einskilde intervjuperson og meir ålment. Eg har delt kapittelet inn i fylgjande avsnitt: '*Å leva med undring og tvil*' og '*einsam kamp*'.

6.3.1 Å leva med undring og tvil

”så ka det e for noke, det e det eg lure på”

Verken Britt eller Kari skjøna at noko var galt *til å byrje med*, seier dei (jamfør kapittel 5.2). Dei uvante erfaringane med å høyre stemmer eller lydar var erfaringar av noko nytt eller *avvikande*, som dei ikkje festa seg særleg ved. Det er ei ålmenmenneskeleg erfaring at ein kan merke at noko er galt eller kjenner seg urven utan å vite kva det er eller kva det skuldast (Elstad 1987). Etterkvart som stemme-erfaringane varte ved framsto dei som *plager*. Det gjekk likevel fleire år frå hjå Britt, Tor og Kari byrja høyre stemmer og til dei kom i behandling. Dei fortel mellom anna at dei la skjul på at dei høyrde stemmer og trekte seg tilbake frå andre. Britt sa til dømes opp jobben og bytte husvære. Tor trakk seg tilbake frå

venner og familie. Det er ikkje uvanleg at dei som byrjar få kroniske plager søker å skjule plagene og trekkjer seg tilbake, hevdar Bury basert på intervju med personar som har reumatiske plager (Bury, 1982). Medan Britt og Kari byrja undre seg over kva som var galt, var Tor på si side overtydd om at det var noko alvorleg galt med han i dét han høyrde djvelstemma. Erik fortel rett nok at han var *nær ved* å bli ”rar”. Men det var ikkje først og fremst på grunn av at lydane som plaga han slik, men fordi han trakk seg tilbake frå andre, seier han. Me har sett frå den epidemiologiske forskinga referert i kapittel 3.2, at erfaringar med å høyre stemmer eller lydar i seg sjølv ikkje treng bety at noko treng vere galt i den forstand at ein har ei psykisk lidning.

Det er først og fremst Britt, Tor, og Kari som synest ha vedvarande plager med stemmer og som snakkar om å vera dårleg på grunn av desse erfaringane (jamfør kapittel 6.2.2). Elstad (1987) meiner at det er det *tvingande* ved erfaringar av avvik, som gjer at dei framstår som plager. Det er eit grunnleggjande trekk ved sjukdomserfaringar at dei er påtvungne, skriv ho (ibid.). Dette synest òg vere eit grunnleggjande trekk ved dei plagsame erfaringane med stemmene og lydane, og det som gjer at Britt, Kari og Tor kjenner at noko er *galt* og snakkar om å vera *dårleg* på grunn av desse erfaringane. Britt seier til dømes at ho vart stadig meir forvirra og såg etterkvart syner òg, fortel ho; ”*då såg eg syner og hadde blitt forvirra i tillegg til å hørre stemmer*”. Tilfeldige lydar får ikkje den same rolla i livet til Britt og Erik som dei vedvarande lydane og stemmene. Britt høyrer til dømes lyden av eit skot somme tider, sjølv om ho *ikkje* kjenner seg stressa eller dårleg ”*Det e av og te at eg hørre lydar sjøl om eg e ganske gode (...)* *Det kan værr sånn som vanleg, sånn som nå, når eg ikkje e stressa*”. Erik har bankelydar som kjem dagleg, men ein gong kom lyden av ei humle, og ein annan gong ein raslelyd. Desse lydane synest gi grobotn for ein viss *uro*. Dei trekkjer til seg merksemda og dei *kan* utvikle seg til vedvarande plager gjennom at dei kjem oftare, vert sterkare eller formidlar ein meir påtrengjande budskap.

Intervjupersonane verkar bruke mykje tid og krefter på å prøve å forstå kva dei personleg erfarte stemmene og lydane *er*. Dette er òg eit ålment trekk ved kronisk lidning i fylgje Bury (1982). Kroniske plager er oftast diffuse til å byrje med og blir gradvis sterkare. Reumatiske pasientar til dømes brukar ofte lang tid på å finne ut kva stivheita og smertene er og kva det skuldast, skriv han (ibid.). Den erfarte *plasseringa* saman med intensiteten til stemmene synest mellom anna verke inn på kor lang tid det tok før Britt, Kari og Tor forsto kva stemmene og lydane var. Det ser til dømes ut til at Britt og Kari sine mulegheiter til å *varierte* posisjonen sin

i høve til nokre av stemmene og lydane, gjorde at det tok *lengre tid* for dei å forstå kva desse stemmene og lydane var (jamfør kapittel 6.2.1). Tor har truleg vore raskare til å skjønna at han var åleine om å høyre djevelstemma fordi den var plassert i hovudet hans på same tid som den òg kunne vere utanfor kroppen. Den var intenst nærverande heile tida. Møta med psykisk helsevern har òg verka inn på deira forståing av kva desse erfaringane er (jamfør kapittel 6.2.2).

Kva stemmene synest vere, ser ikkje berre ut til å vera fleirtydig, men synest òg vere omskifteleg. Med tida kjenner likevel intervjupersonane att stemmene eller lydane. Dei legg merke til at stemmene og lydane dukkar opp etter *mønster*; ”*når eg la meg i går så hørte eg ingenting, det va veldig fint, men rekne med at, eg får det vel i dag*”. Utviklinga i korleis intervjupersonane erfarer og forhold seg til stemmene eller lydane synest fylgje gangen i den hermeneutiske sirkel, slik eg ser det (jamfør kapittel 4.1). Ny kunnskap og nye erfaringar med fenomena vert knytt til tidlegare erfaringar, ikkje som ein liniær prosess (jamfør fotnote nr. 36), men i stadig veksling mellom det aktuelle, det som har vore og det som er i vente (jamfør kapittel 3.4.1). Når stemmene til Brit vert erfart som meir intense, skildrar ho det som overveldande og forvirrande. Det går som regel nokre dagar før ho forstår kva det er. Kari synest gå gjennom nye forvirringsperiodar når nye stemmer dukkar opp. Dei nye stemmene synest ikkje utan vidare framstå for henne som dei same fenomena som ho tidlegare har opplevd. På den andre sida fortel Åse om utviklinga i forholdet til stemmene ho høyrer, som om det var kven som helst ho var blitt kjend med; ”*eg syns jo det va veldig spennande te å begynne med då, men nå e det meir vanleg. Eg e kje så nysgjerrig lenger. Ti år med dei same personane, det e eindel, så tett*”. Måten intervjupersonane forhold seg til stemmene har til dels blitt til vanar, ein del av det Merleau-Ponty (2003) kallar det upersonlege tilvere, det som går av seg sjølv (jamfør kapittel 3.4.1). Det verkar inn på korleis dei forhold seg til dei personleg erfarte stemmene og lydane og kva dei fortel meg om dette.

Intervjupersonane fortel om sine erfaringar i eit retrospektivt lys, eit lys farga av mening (jamfør kappittel 4.2). Det er på denne bakgrunnen eg søker forstå kva stemmene og lydane inneber, korleis intervjupersonane hadde det til å byrje med og fram til korleis dei har det no. Utviklinga over tid kjem tydeleg fram i deira forteljingar sjølv om eg ikkje har hatt ei prosessorientert tilnærming i intervjuet. Alle intervjupersonane har gitt uttrykk for tvil i høve til stemmene og lydane dei høyrer. Me skal i det fylgjande gå nærare inn på kva som kan liggje i tvilen deira.

Den uunngåelege tvilen

”Eg har tvilt og tvilt”

Det synest vere mykje å tvila på i høve til dei personleg erfarte høyrselefenomena. Erfaringane med stemmene og lydane er sjølvmotseiande. Stemmene til Britt kjem til dømes frå bestemte stadar utan at det er muleg. Mormorstemma til Tor synest vere eit minne, men ikkje det åleine. (jamfør kapittel 6.2.1). Intervjupersonane verkar likevel ikkje vere i tvil om at dei høyrer stemmer eller lydar. Dei verkar vere meir tvilande til *kva* dei høyrer og *kva* det *inneber*. Sjølv om intervjupersonane finn eit mønster, synest det likevel vere vanskeleg å føreseie *kva* tid stemmene eller lydane *forsvinn*, *kva* tid dei *kjem att* og kor *plagsame* dei då vil bli. Tor seier til dømes at djevelstemma ikkje er borte sjølv om han ikkje høyrer den, fordi han veit at den kan kome att *kva* tid som helst. Brit fortel at stemmene kan bli meir plagsame enn nokon gong tidlegare gjennom uventa variasjonar i budskapen eller intensiteten i lyden (jamfør kapittel 5.1.3). Dette minner om ålmenne erfaringar med kroniske plager. Det fylgjande sitatet kjem frå ei kvinne eg har prata med. Ho er plaga med astma og kroniske leddsmerter og seier; *”ein har med seg vissheita om det uvisse. Det kan bli verre sjøl om det ikkje er ille no. Ein styrer livet etter det, forhold seg til det som ligg på lur”*. Å forhalde seg til det som *kan kome* gjer det vanskeleg å planleggje framover. Tor si stemme dukkar til dømes opp når livet er vanskeleg og når livet er som best. Han kan aldri vere heilt viss på når den kjem. Det vil seie han veit at det er muleg at den kan dukke fram *kva* tid som helst. Slik må han forhalde seg til djevelstemma sjølv når den er borte *”alltid når den e vekke så, eh, tenke eg, du ska`kje bli for lykkelige. For den komme nok tebake”*. Stemmene vert ofte meir plagsame om kvelden seier Tor og Britt. Tor kan dessutan somme tider bli vekt av djevelstemma. Dette gjer dei uviss på om dei får sove, og dei vert oftast sitjande oppe til dei får fred. Dei kan såleis lett kome inn i ein vond sirkel med lite søvn som igjen gjer det vanskelegare å forhalde seg til stemmene (jamfør kapittel 6.2.2).

Det synest vere vanskeleg for Tor, Erik, Britt, Åse og Kari å tidfeste kor lenge lyden frå stemmene eller bankinga varer og *kva* tid dei sluttar. Merleau-Ponty (1986) skriv om 'vanleg lyd', at dersom ein vert klar over at det vert stille før ein så høyrer lyden att, er det som lyden *aldri var borte*. Den synest vere lik ein tråd som ein mistar og plukkar opp utan at den har slitna; "... and I pick up a thread which I had dropped but which is unbroken" (s.328). Det er vanskeleg å tidfeste vedvarande lyd som ein til vanleg høyrer. Det kan tenkjast vere noko av det same som skjer i høve til den personleg erfarte lyden, slik Tor gir uttrykk for når han seier

at han og psykologen ikkje pratar så mykje om det som han skulle ynskja. Når Britt til dømes seier at ho høyrer stemmene ”heila tidå omtrent” og ” nå hørre eg dei lite altså”, refererar ho ikkje til klokkeid, men til levd tid slik eg ser det (jamfør kapittel 3). Når ein har det vanskeleg går til dømes tida ofte seint, utan at visarane på klokka dermed har stoppa opp. Dette er ei ålmenn erfaring av tid. Ein som ligg til sengs med feber eller sterke smerter kan ha vanskar med å forhalda seg til kva dag det er, eller kva tid det er på døgnet. Dette synest intervjupersonane òg å erfare i periodar der dei er slitne og intenst plaga av stemmer.

Andre sine haldningar til den som høyrer personleg erfarte stemmer og lydar kan vekkje eller forsterke deira eigen tvil⁸¹. Storli (2004) peikar på at erfaringane til pasienten lett vert avkrefta når dei vert erstatta med omgrep frå psykiatri/psykologi⁸². Dette kan ha samanheng med fagfolka si interesse i stor grad er retta mot å observera og kategorisera bestemte sider ved pasienten sine erfaringar⁸³. I høve til dei personleg erfarte høyrselefenomena har tendensen vore at ein stadfestar at pasienten høyrer stemmer og kartlegg *bestemte kvalitetar*, utan å prate meir om det (jamfør kappitel 3). *Meininga* dei personleg erfarte stemmene eller lydane har for den einskilde eller deira forhold til stemmene eller lydane vert altså sett som lite relevant. Det kan vere mot denne bakgrunnen at fleire av intervjupersonane held tilbake informasjon om stemmene eller søkjer kamuflere dei ”*eg har nå sagt at det her e sånne fantasistemmer, eg bare tenke det sånn*”. Møta med fagpersonar slik til dømes Tor og Åse skildrar kan på mange vis minne om det forfattar Joseph Heller kallar ”catch 22” (Wifstad, 1997), situasjonar som er umuleg å kome ut av på grunn av sirkelslutningar. Om den som er plaga av stemmer fortel om kva som plagar han og ber om støtte, blir det vurdert som teikn på alvorleg liding, og om han held det for seg sjølv eller søkjer kamuflere erfaringane med stemmene, så vert det òg oppfatta som teikn på ei alvorleg liding. Kringlen skriv at:

”pasienter med nevrotiske symptomter gir som regel en detaljert skildring av sine symptomter og er tydelig appellerende. Den schizofrene, derimot, er vanligvis vag og uklar, og ber sjelden om følelsesmessig støtte” (Kringlen, 2001:275).

⁸¹ Gjengedal (1997) viser til at den ulike tidsopplevinga hjå den som er frisk og den som er plaga kan føra til misforståingar.

⁸² Storli har problematisert bruken av minnekategoriseringsverktøy i høve til intensivpasientar sine erfaringar (Storli et al 2004)

⁸³ Mishler har gjennom analyser av samtaler mellom legar og pasientar, vist at legar har ein tendens til å avbryta pasientar når han/ho kjem med ”livsverdsprat”, fordi dette blir vurdert som lite relevant (Gjengedal, 1997)

Slik Tor og Åse framstiller det, har dei truleg vore vage og uklare i kommunikasjonen med andre. Derfor kan dei òg ha blitt oppfatta som sjukare enn dei er.

Kari seier at ho set likskapsteikn mellom å sjå stemmene som sjukdomsteikn og at stemmene er 'rein innbilling' (jamfør kapittel 5.2). Me har sett at denne tydinga samsvarer med korleis fagfolk tradisjonelt har forhalde seg til desse erfaringane (jamfør kappittel 3). Det er kanskje ikkje til å undrast over at ho i det lengste kjempar mot å sjå desse erfaringane som sjukdomsteikn?

Det er både ein moralsk og eksistensiell dimensjon ved å vera såkalla psykisk sjuk, noko utsegna til intervjupersonane om å vera; 'gal', 'ikkje-heilt-rette' og 'rar' seier noko om. Desse dimensjonane ligg i språket. "Du er gal" og "du e'kje rette" er vanlege skjellsord, og vert mellom anna brukt til å avskrive personar sine utsegn eller handlingar som meningslause eller i strid med rådande moralske normer. Dette er ord og vendingar som intervjupersonane brukar om seg sjølv. Det verkar vere på denne bakgrunnen Kari og Tor til dømes let vere å oppsøkje helsehjelp eller fortelje andre om det dei erfarer til å byrje med (5.2.2).

Det som innan psykisk helsevern ofte vert definert som manglande sjukdomsinnsikt kan i denne samanhengen sjå ut til å handla om motvilje mot å få sine personlege og reelle erfaringar kategorisert som *innbilling*. Omgrepa frå psykiatrien byggjer på faktaorientering. Dette er fakta som intervjupersonane til dels verkar vere samd i, men som likevel ikkje er *dekkjande*. Dei nakne fakta synest vere *for nakne* (Greve, 1999, 2003a). Greve skriv vidare om det ho kallar faktaforteljingane sin fattigdom; "De (fakta) taler altfor entydig, de overbestemmer livet hans og innbyr til altfor entydige konklusjoner" (ibid., s.144).⁸⁴ Andre synest slik eg oppfattar det å ha møtt Åse, Tor, Kari og Britt, med haldninga om at høyrselfenomene er *faktafeil*. *Meininga* i erfaringane med stemmene syntest ikkje vere viktig å utforske (jamfør kapittel 5.3.3). Det er verd å merke seg at medan psykiatrien tradisjonelt har forstått stemmehøyring som eit tidleg symptom på ei psykoseliding og vektlagt medisinerer (jamfør kapittel 6.2.2), meiner Romme og Escher at manglande hjelp og støtte til å forstå og handtere plagsame stemmer kan føre til at dei nettopp utviklar ei psykisk liding (Romme & Escher 2000).

⁸⁴ Greve (1999, 2003a) skriv rett nok om ein gut som forfalskar vitnemåla sine, men essensen i dette samsvarer med omgrepa og haldningane som fagfolk synest møte Åse med, nemleg at stemme-erfaringane hennar ikkje samstemmer med fakta, og at dei tyder på at ho er sjuk og ikkje noko anna.

Elstad (1987) skriv at den som har smerter og blir møtt med forståinga av at plagene er ”psykisk”, at smertene eigentleg er ”noko anna”, kan kome til å tvile på sine smerter. Ho peikar på at denne tvilen ikkje er knytt til *at* ein har smerter, men i første rekkje er knytt til ”*den kommuniserande fellesskapen*” (s.118). Tankar om at ein kanskje berre ’innbillar seg at ein har vondt’ eller at ’ein held på å bli galen’, melder seg hjå den som har vondt, skriv ho (ibid.). Dette ser eg som ein innfallsvinkel til å forstå tvilen eller uvissa hjå intervjupersonane. Kari omtaler til dømes stemmene ho høyrer som innbiling, sjølv om ho held fast i at stemmene framstår som verkelege når ho erfarer dei. Kari, Britt, Tor og Åse synest å ha blitt møtt med haldninga om at stemmene er falske inntrykk. Elstad (1987) skriv at det er ”slåande korleis sjuke etter årevis med medisinsk og sosial avvisning, held fast på at plagene er ”verkelege”, også når dei er så diffuse at dei er vanskelege å sette ord på” (s.119). Elstad skriv om smertepasientar, men eg finn ein slåande likskap med erfaringane til dei intervjupersonane som har vore i kontakt med helsevesenet. Verken Kari eller dei andre intervjupersonane har til dømes sloppe heilt tak i at dei *faktisk* har høyrte eller høyrer stemmer, sjølv om dei gjennom år har blitt møtt med at det ikkje er reelt. Åse snakkar til dømes lite med fagfolk om englane sine. Ho har møtt så mykje mistru gjennom åra, fortel ho. Ho har òg trekt seg tilbake frå kyrkjelyden fordi det var så mykje dømmesykje der. Ho er klar over at det er vanleg å høyre stemmer når ein har ei psykoseliding ”*eg har jo ein sjukdom der ein hørre stemmer normalt då(...)*”. Ho har likevel ikkje avvist stemmene. Åse snakkar berre sjeldnare *om* stemmene med dei andre. Ho pratar heller *med* englestemmene sjølv om kva dei er. I intervjuet refererar ho samtaler ho har hatt med stemmene om dette og gjentek deira kommentarar undervegs. Når Åse seier at ho har 'tvilt og tvilt', ser eg det først og fremst som uttrykk for eit forsøk på å tilpassa seg den 'kommuniserande fellesskapen'. Sjølv om ho ikkje har opplevd englestemmene som ein del av sjukdommen, veit ho jo at andre meiner at det er ein samanheng. Ho oppfattar truleg meg òg som tvilande til hennar forklaring om kva stemmene er.

Kari skildrar det å høyre personleg erfarte stemmer som var ho i ein eigen verd. Eg vil i det fylgjande bruke Kari sitt uttrykk og kallar periodane med vedvarande intense erfaringar med stemmer og lydar for 'stemmeverda'.

Stemmeverda er ein tvitydig tilfluktstad

”Du kan rømme inn i ein, di eigå verd å hørra stemmer, viss du vil. Viss eg vil det, kan du sei, så kan eg det.”

Kari seier at det er vanskelege situasjonar som driv ein på flukt inn i stemmeverda. Slik ho framstiller det verkar det vere ein *tilfluktsstad*. Når ho først er der, ”i stemmeverda” er det derimot vanskeleg å koma ut av det; **I:** ”sånn som du beskreib det tidlegare så kunne du ikkje velga?” ”nei, eg va heilt inni det, eg va inni psykose i fleire år (...)”. Tilfluktstaden er tvitydig. Ho skildrar til dømes ei av stemmene som fylte heile *tilveret* hennar i ein lengre periode slik; ”han va egentlig vonde, men han va god for meg”, ”eg va glad i han, han va så negative og sånn”. Åkre Haram skriv at Knut⁸⁵ fortel at det å høyre stemmer i byrjinga var ”som ein god rusfølelse. Livet var så vanskeleg, det var på ein måte godt at stemmer tok over styringa” (Haram, 1997:275). Men stemmene *kontrollerte* etterkvart kvardagen hans, og den vart fylt av angst og redsel (ibid.). Bilete av stemmer som gode til å byrje med, men etterkvart vonde og kontrollerande gir Hannah Green uttrykk for i biografien ”Jeg lovet deg aldri en rosenhage” (1971). Eg meinte bakgrunnen for dette var å finne i det Haugsgjerd skriv om psykosen. Han meiner at den er ein tilflukt på same tid som den opnar sinnet for krefter og prosessar som skaper nye problem, ny angst, nye avgrunnar. Dette gjer ”veien tilbake desto vanskelegere å foreta” meiner han (1983, I:17-18)⁸⁶. Dette bilete har prega mine førestillingar av kva stemmehøyring kan vera for den som erfarar dei. I samtalen med Åse leitar eg nærast etter noko som kan bekrefte dette inntrykket, sjølv om Åse gjev tydeleg uttrykk for at ho berre har positive erfaringar med englestemmen gjennom den lange perioden ho har erfart dei (jamfør kapittel 5.2.2). Stemmeerfaringane hennar verkar på det viset vere ein tilfluktstad og ei støtte for henne som gjer at ho kan halde ut angst, mismot og liknande. Dette meiner eg kan jamførast med det Kari seier om ein medpasient; ”han har si eigå verd og kjempe ’kje for å komma ut av den. Han vil vera der i fred. Gjømme seg frå livet her og no”. Å ’gøyma seg frå

⁸⁵ Han vert nokon gonger kalla Knut og andre gonger kalla Halvard (1997, 2002).

⁸⁶ Hummelvoll (2003) viser til Peplau (1990) sin prosess orientert skildring av korleis stemmeerfaringane utviklar seg. Peplau meiner dei utviklar seg frå å vere gode til å dominere heilt om ikkje den det gjeld får hjelp frå fagfolk. Ho meiner at pasienten finn opp stemmene for å unngå angst og minske einsemd. Ho meiner at sjukepleiaren i samtale om stemmene må understreka at det berre dreier seg om *såkalla* stemmer, slik at pasienten gradvis forstår at han er åleine om å erfare dei.

livet' kan føre til vanskar, men slik eg ser det kan englestemmen til Åse vere ein tilfluktstad der ho kan trekkje seg tilbake og hente fram håp og mot⁸⁷.

På den andre sida er djevelstemma til Tor vond frå første stund, og det har den vore gjennom alle dei åra den har vore tilstades i livet hans. Tor si *fluktrute* ser ut til å gå frå verre til verst ”så blynte eg å opna meg litt om kossen eg hadde hatt det, då gikk eg inn i ein psykose, det blei for tøft”. Det er som dei vanskelege kjenslene han ber på er vanskelegare å halde ut enn plagene med stemma. Det er som om ei støysending bryt av kontakten med kjensler som byrjar gjere seg gjeldande. Britt sine stemmer har vore irriterande heile vegen. Det ser ikkje ut til å vera eit eintydig mønster at stemmer vert opplevd som gode til å byrje med, for så å bli vonde.

Stemmeverda ser ut til å vere noko Kari og Tor flyktar *inn i*, men òg noko dei prøver å flykta *frå*. Kari flykta i fleire periodar til andre deler av landet for å koma seg unna mafiastemmen. Det var ikkje berre stemmen ho flykta frå, ho prøvde samstundes å kome seg bort frå ein vanskeleg økonomisk situasjon, og nokon som ho skulda pengar, ”eg va òg på flukt, i virkeligheten, fra ein, ein person (...) så då rømte eg fra det òg, på ein måte”. Brit fortel at ho reagerar på einsemd og stress med stemmehøyring. Det verkar likevel ikkje vere slik at ho opplever dei som ein tilfluktstad. Stemmen-erfaringane kan tvert om drive henne ut av leiligheita, den som er hennar tilfluktstad. Denne rolla kan samanliknast med djevelstemma til Tor, som ikkje berre driv han ut av leiligheita men nærast ut av kroppen, då han søker å springa frå stemma som er inni hovudet; ”så sto eg klar der, då sko eg kjempa mot stemmån inni håve...”.

Når Kari seier at ho kan ’røma inn’ i si eiga stemmeverd kan det i tråd med Sells et al (2003) forståast som ein *språkleg taktikk*, der ho brukar ei vending om ein tilstand karakterisert som mangelfull eller svekka og gjer den om til ein aktiv og positivt ivaretakande handling, noko som ho gjer under visse omstende. Med utgangspunkt i Merleau-Ponty si forståing av språket og mennesket, tek ikkje Kari berre i bruk ein ’tattikk’, men uttrykkjer både si *forståing* av sin situasjon, og *ynskje* om at det skal vera slik, som eg ser det. Språket er ikkje noko utvendig

⁸⁷ J. S. Strauss har sett på tilbaketrekking hjå dei som har ein schizofreni diagnose. Istadenfor å vere eit teikn på forverring kan tilbaketrekking vere ein viktig del av betringprosessen deira, meiner han. Strauss kallar det ’woodshedding’ og har lånt uttrykket frå amerikanske jazzmusikarar som trakk seg tilbake i skogen for å øva og skapa ny musikk (Cullberg, 2001; Topor, 2001)

forhold til tanken vår. Den uttrykkjer ikkje tankar, skriv Merleau-Ponty (1969), men ”præsenterer eller rettere *er* subjektets stillingstagen i betydningernes verden.” Språket opnar seg mot verda, samstundes som det søkjer å forstå den. Slik sett fortel Kari at ho kan ’røma inn i stemmeverda om ho *vil*’ fordi ho kjenner at ho har styring på plagene no og ynskjer at det skal halde fram med å vera slik. Kari er ei ung kvinne som naturleg vender seg mot framtida og livet når ikkje plagene er ei hindring for henne (jamfør 5.3). Eg meiner å sjå ein muleg parallell til ålmenne erfaringar av langvarige og diffuse plager, her òg. Benner et al (1994) har til dømes vist gjennom ein langsgåande studie av personar med astma, at dei i vekslande grad såg pustevanskane sine som 1) objekt, altså 'noko anna' som trengjer seg på og 2) noko ved dei sjølve som dei kunne styre. Dette såg ut til å ha samanheng med *intensiteten* på plagene deira. I gode periodar sa dei i større grad at dei kunne styre anfalla, som om symptoma var deira tankar og kjensler åleine. I dårlege periodar omtala dei plagene som sjukdommen, *det* som berre kom og herja med dei. Eg finn det nærliggjande å forstå Kari sine utsegn om at ho kan ”røma inn i stemmeverda” på denne bakgrunnen. Eg forstår òg Tor sitt utsegn om at han anten er sjuk eller besett på denne bakgrunnen. Tor seier at han er uviss på om stemmene-erfaringane er knytt til ei lidning han *har* eller den han *er*. Han set sjølv dette i samanheng med at han for tida er meir plaga med djevelstemma.

Tor, Kari, Brit og Erik fortel at auka plager med dei personleg erfarte stemmene og lydane fører til uvisse om dei vil klare å *halde ut* med og *rå med* det plagsame. Å leve med slike erfaringar vert skildra som ein kamp. Me skal sjå nærare på kampen som vert utkjempa.

6.3.2 Einsam kamp

”altså du må hjelpe deg sjøl innifrå (...) det e ein einsam kamp. Du må kjempa for å komme deg ut av det, viss du ska bli frisk av det i det heile tatt”.

Kari seier at det er godt å få forståing og viktig med sosial omgang. Men når det kjem til stykke så er det ein *einsam kamp* å forhalde seg til stemmene. Alle intervjupersonane fortel at det gjekk lang tid før dei delte høyrserfaringane sine med nokon eller søkte hjelp. Dei gav fleire grunnar for dette. Kari sa til dømes at ho ikkje *ville* vera sjuk. Ho grunn gav det utifrå ungane som ho måtte ta seg av. I samtalanene med psykiateren i denne perioden, snakka ho mest

om det som var bra og det ho fekk til. Både Kari og Tor seier at dei var redd for å få ein diagnose med dystre framtidsutsikter og som oftast inneber at "ein ikkje veit sitt eige beste". Tor bestemte seg frå første stund at han ikkje ville ha kontakt med psykisk helsevern. Han ville greie seg sjølv. Eg ser det i samanheng med at dei første møta hans med det psykiatriske sjukehuset verka skremmande på han. Tor fortel at onkelen vart "innesperra" på psykiatrisk sjukehus og at dette var medverkande til at han heldt inne med erfaringa.

Erfaringane som Tor, Britt og Kari har med ufrivillige innleggjingar på psykiatrisk sjukehus og tvungen medikamentell behandling ser òg ut til å hatt stor innverknad på at deira kamp med stemmene vart erfart som ein *einsam* kamp. Sjølv om både Tor og Kari sa at dei var takknemlege for at dei vart teke hand om i ein forvirrande og vanskeleg situasjon (jamfør kapittel 5.3.2), vakta dei seg vel for å snakke om stemmene med personalet. Dei frykta for at det ville gi inntrykk av at dei var dårlegare og føre til auka medisinerer eller forlengje det ufrivillege opphaldet på avdelinga. Dette er samanfallande med mine erfaringar av tradisjonell psykiatrisk behandling. Den synest ha sitt fokus på fråvær av symptom. Cullberg bekreftar dette inntrykket. Han skriv at han har møtt pasientar som ikkje har sluppe ut av det han kallar "nevroleptikafengslet", fordi stemmehøyringa har blitt tolka som teikn på at pasienten treng høgare dosar nevroleptika og at ynskja til pasientar i denne samanhengen ikkje har blitt høyr (Cullberg, 2001:48). Tor fortel at han ved dei første opphalda vart nedopa og at han difor kjende seg sløva og meir utsett for djevelstemma sine trugsmål (jamfør kapittel 5.3.2).

Kampen mot 'den', 'det', eller 'dei'.

Dei personleg erfarte stemmene og lydane vert erfart som 'ikkje-meg' (jamfør kapittel 5.2.1). Bodskaopen til Kari sine mafiastemmer og djevelstemma til Tor vert til dømes erfart som oppfordringar frå *andre* som dei tek stilling til. Når Kari fortel at ho er redd for at ho under visse omstende kunne kome til å fylgje mafiastemmene si oppfordring om å skade broren, skildrar ho desse omstenda som var det verkelege personar som prøvde å overtale henne til handling. Leudar og Thomas (2000) skriv at den som høyrer befallande stemmer ikkje utan vidare handlar i tråd med befallingane, slik det har vore vanleg å tru og slik stemmehøyrande ofte vert framstilt i media. I media si framstilling verkar stemmepåverka valdsutøvarar vere prisgitt dei befallande stemmene. Drapsmannen til John Lennon vert til dømes sitert såleis;

”stemmer i hodet sa han måtte drepe”⁸⁸. Leudar og Thomas viser til at det å handle slik ein blir bedt om å gjere er noko ein *vel* om ein vil fylgje eller ikkje, anten det gjeld bodskap frå personleg erfarte stemmer eller frå andre menneske⁸⁹. *Om* ein gjer det nokon ber ein om, handlar mellom anna om det er ein god *grunn* til å gjere slik ein blir bedt om, og *kva forhold* ein har til den som ber ein. Det kan vere nokon ein er redd, eller nokon ein har tiltru til. Både Britt, Tor og Kari høyrer kommanderande bodskap. Ingen av dei gjer likevel *utan vidare* det dei blir førsøkt kommanderte til. Britt avviser kontant det ho oppfattar som *masing*. Ho seier berre bestemt i frå til stemmene ”*det har kje du noke med*”. Ho legg seg ikkje med kleda på, slik stemmene til tider kan seie at ho skal (jamfør kapittel 5.1.1). Det kan sjå ut til at det er lettare for Britt å motstå stemmene sin bodskap fordi ho ikkje opplever dei som skremmande. Tor og Kari skildrar *både* situasjonar der dei gjer slik stemmene seier dei skal og omstende der dei motset seg det stemmene seier. Dei fortel at dei kan motstå det dei skremmande stemmene vil ha dei til gjere, sjølv om dei fleire gonger har gjort det stemmene har bede dei om å gjere. Dette kan ha samanheng med den erfarte omnipotensen⁹⁰ til stemmene, slik Chadwick og Birchwood (1994, 2000) framstiller det (jamfør kapittel 3.2.2). Dei framhevar mellom anna at den erfarte omnipotensen til stemmene kan vera ein viktig innfallsvinkel til å forstå kvifor stemmehøyraren mellom anna handlar som han gjer.

Kari fortel at ho i dei rette omstenda er uviss på om ho kunne gjere skade på bror sin. Ho unngår difor å vere åleine med han når mafiastemmene er på det laget. Det ser ut til at det er skilnad på å forhalde seg til kommanderande stemmer til vanleg og i periodar der ho kjenner seg meir sårbar og sliten, eller når ho er i psykose. Dette kan minne om erfaringane til intervjupersonen ”TR” som Leudar et al (2000) viser til. Når TR er nedfor, skriv dei; ”then he does not merely hear voices telling him to do 'negative things', but he also gets '*urges*' to do things...” (s.197, mi utheving). Ein kroppsleg trong til å gjere som stemmene seier kan kome når ”TR” er nedfor, og det gjer at han i mindre grad motset seg stemmebodskapen. Kan dette vere ein innfallsvinkel til det Kari fortel om, når ho seier at ho er redd for kva ho kan gjere i *dei rette omstende*? Ho seier at ho har kjent på ein trong til å gjere skade på broren i ein konkret situasjon. Ho har likevel ikkje gjort han noko vondt. Fleire gonger har ho rømt til andre deler av landet for å vere sikker på at ho var på trygg avstand frå broren når

⁸⁸ Det vert framstilt som grunnen til at han fortsatt må haldast i fengsel (Nordlys, 2004).

⁸⁹ Leudar og Thomas problematiserar såleis ansvaret den som høyrer stemmer har for sine handlingar (2000).

⁹⁰ 'Omnipotens' viser ikkje berre til den erfarte makta stemmene har. Men òg til kva stemmehøyraren meiner at stemmene veit om dei, og kva kontroll dei meiner stemmene har over dei (Chadwick og Birchwood, 2000).

mafiastemmene var på det laget og ho kjende seg utrygg på seg sjølv. Det verkar ikkje vere nok at Kari er redd sine befallande stemmer. Det er heller ikkje nok at ho er forvirra eller psykotisk, eller at stemmene snakkar på ein bestemt måte, før ho fylgjer deira oppfordring. Ho må dessutan vere åleine saman med broren under desse omstenda, slik eg oppfattar det. Hennes kamp handlar i periodar om å vera sterk nok, eller klartenkt nok, til å unngå broren og stå imot stemmene når dei byrjar å kommandera henne. Uvissa om ho klarer dette ligg på lur; ”eg stole ikkje heilt på meg sjølv. Eg elske ’an Pål øve alt på jord, han e lillebror minstemann, men på sama tidå så e eg redd ’an”.

Både Kari, Britt, og Tor seier at dei blir slitne av å kjempe mot stemmene og lydane. På same tid er det vanskelegare å kjempe mot stemmene og lydane når dei er slitne. Dei prøver difor finne ein *balansegang* mellom å kjempe *mot* og å leve *med* stemmene, slik Britt uttrykkjer det.

Balansegang

” Kunna lesa ei bok, på sama tidå så du hørre stemmer uten at det gjør deg noke, det e å leva med. Viss du fysta ska få vekk stemmene før du kan lesa den bokå, så bler det liksom å leva imot.”

Den som er plaga av stemmer og lydar verkar ha det på same vis som den som kjenner seg dårleg eller har det vondt av andre grunnar - han har ”nok med sitt”. Gadamer (1996) viser til Rilke som skildrar korleis smertene tvang merksemda hans bort frå livet. Han meiner vidare at alle kulturar kjenner til noko av den intense og djupe inåtvendinga som fylgjer lidning og smerte ”the profound inwardization involved in suffering and the endurance of pain” (s.75). Ein vender blikket innover eller utover mot plagene. Dess sterkare plagene er, dess mindre er ein open for andre intrykk. Alt det andre kjem i bakgrunnen. Er ein plaga sterkt nok klarer ein heller ikkje å ta vare på seg sjølv og behov for å vaska seg, eta, betale reikningar med meir må vente. Dette er ålmenne erfaringar med å vera sjuk. Elstad (1987) skriv om den som kjenner seg slapp og sjuk (eller sengeliggjande) at han/ho;

*”synest alt engasjement slit på. Ein vil trekke attende til seg sjølv all slag ’orexis’ og altså dra seg ut av det vanlege aktive eller *brukande* forholdet til ting og omverd. Det som blir att, er det (innåtvende) ønsket om å få være i fred.” (s.106, mi utheving)*

Elstad brukar Aristoteles' uttrykk; orexis som tyder *ynskje* eller *trong*. Orexis er det som levande vesen treng for å røre på seg. Slik eg tenkjer det, er denne røyrsla ikkje berre knytt til å reise seg frå sjukesenga, slik Elstad skriv om. Den handlar om å vende seg mot omverda, at ein til dømes søkjer kontakt med andre for å få hjelp eller gjere det som trengs heime. Intervjupersonane fortel alle at dei trekkjer seg tilbake og treng å vere i fred når dei er plaga som verst. Britt seier til dømes at ho kjenner seg heilt utslitt når det står på; ”*noken gonger e det sånn at du greie ikkje å vaska opp, greie så vidt å vaska deg, så anstrengande kan det vær. Det bler sånn at du akkurat så bare lar alt skura*”. Det er krevande å vera utovervend i lengre periodar om gongen slik ein oppvask eller intervjusamtalen kan vera dømme på. Kari fortel til dømes, at ho kan kollapse om ho blir for sliten. Ho kan difor ikkje snakka for lenge om det stemmene og det vanskelege. Det må vera rom for det andre òg (jamfør 5.3.3). Balansegangen mellom å bli sliten og heilt utmatta verkar vere hårfin og lite stabil, noko dei som er plaga av personleg erfarte stemmer og lydar har til felles med andre som slit med kroniske eller langvarige plager. Gadamer (1996) skriv at manglande stabilitet eller balansegang er eit ålment fenomen;

“The life of the body always seems to me to be something which is experienced as a constant movement between the loss of equilibrium and the search for a new point of stability. What a remarkable thing it is that a slight pitch in balance counts as nothing, that we can tilt almost until falling and then swing back into equilibrium. Yet on the other hand, whenever we go beyond this point of balance, we fall into irreversible misfortune. This seems to me to be the fundamental model for our bodily, and not merely bodily, existence as human beings.” (s.78).

Måten Britt forhold seg til stemmene og kva som hjelper *no* er annleis enn *tidlegare*. Den første tida Britt høyrde stemmer hadde det ikkje nytta for henne å lese ei bok, fortel ho ”*eg hadde blitt så irriterte på dei stemmene at bokå hadde gått rett i veggen*”. Ho kunne ikkje vere oppteken av noko anna enn stemmene når ho var heime. Kva gjer det lettare for henne å vende merksemda bort frå dei no? Britt fortel at ho *dempar* stemmene ved hjelp av nevroleptika, men ho treng òg ha ein *livsførsel* som tek omsyn til at ho får nok kvile og passeleg omgang med andre (jamfør kapittel 5.3.2). Ho seier at ho måtte ha brukt høge dosar nevroleptika om ho skulle fått stemmene heilt bort, men det vil ho ikkje. Ho har vidare lært seg ulike måtar å flytte fokus på og høyrer til dømes på ulike typar musikk alt etter kor plagsame stemmene er (jamfør 5.3.1). Haddock et al (1996) har gruppert måtar å redusera plager frå personleg erfarte stemmer i det dei kallar; fokuserande og distraherande strategiar. Å høyra på musikk eller lesa ei bok slik Britt til dømes gjer, vert omtalt som ein distraherande

strategi og kalla *counter stimulation* (jamfør Romme et al., 1989; 1996; Coffey & Higgon, 2001; Cullberg, 2001). Det blir framheva som ein av fleire måtar å forhalde seg til plagsame stemmer på, men er òg kjente måtar å forhalde seg til andre plager så som smerter og tinnitus.

I innleiinga såg me at Rolf mellom anna brukte tran til å roe ned stemma frå Kåre. Kvifor erfarte han nettopp tran som brukande i høve til å redusera stemmeplagene? Noko av svaret kan vere slik Benner og Wrubel (2003) skriv om meistringsstrategiar, at dei sjeldan er vert utvikla ” in a purely deliberative and conscious manner”(s.24) (jamfør døme med stearinlyset i kapittel 3.4.1). Eg finn det òg nærliggjande å tru at svaret på kvifor tran kan hjelpe ligg i forståinga Rolf har av Kårestemma. Benner og Wrubel (2003) seier det slik om dei som har plager; ”They enter into situations, with their own sets of meanings, habits and perspectives. And the particular ways of being in the situation set up particular lines of action and possibilities” (s.23). Britt fortel at korleis ho elles har det i livet synes påverke kor mykje stemmene plagar ho. Ho har til dømes meir fred for stemmene etter at ho fekk ein kjæraste (jamfør kapittel 5.3.3). Både ho og Kari understrekar vidare at det å ha eit arbeid har vore viktig i deira betringsprosess. Dei har begge lese om lidinga dei meiner å ha og er med i ein brukarorganisasjon (jamfør kapittel 6.2.2). Erik har på si side funne andre informasjonskjelder som har gitt han det han erfarer er haldbare forklaringar og god hjelp (jamfør kapittel 5.2.2).

Intervjupersonane i denne studien viser gjennomgåande at dei er aktive i kampen for å få det betre, slik forskinga på *betringsprosessar* til menneske med langvarige psykoselidingar syner(jamfør kapittel 3.2.2). Vidare gir både Tor, Britt og Kari slik eg ser det uttrykk for at dei meir eller mindre *aksepterar* at dei må ta omsyn til høyrselfenomene samstundes som dei er *aktive* med å finne fram til måtar å få dei kan få det betre på. Deegan⁹¹ (2003) skriv at betring (recovery) har samband med at personar aksepterar og vinn over utfordringar med deira funksjonssvikt. Akseptasjon av stemmene som ein del av livet synest òg vere sentralt hjå dei som klarer seg godt trass plagsame stemmer, meiner Romme og Escher (jamfør fotnote 78).

Slik eg ser det verkar englestemmen til Åse, mormorstemma til Tor og Jesus-stemma til Kari bidra til at dei har halde fram med å søkje vinne over utfordringar dei møter på grunn av dei

⁹¹ Deegan, er utdanna psykolog med ph.D. Før ho byrja på utdanninga hadde ho eigen erfaring med psykose. Ho seier at betring (recovery) viser til den levde erfaringa til personar i det dei aksepterar eller vinn over utfordringane med funksjonsvikten, og meiner det er ein viktig skilnad mellom rehabilitering og betring.

plagsame stemmene eller andre vanskar i livet. Desse stemmene verkar vere ekko av *det gode*, og formidlarar av omsorg og håp på sitt unike vis. Jesus-stemma gir til dømes Kari ei kjensle av at ho er komen over det verste, seier ho (jamfør kapittel 5.1). Desse stemmene kan såleis ikkje berre sjåast som positive fordi dei har positive budskap, men òg gjennom funksjonen dei verkar ha for den som erfarer dei. Leudar og Thomas (1999) viser at når ho dei kallar ”Peg” gjennom terapi fekk hjelp til å stå imot dei plagsame stemmebodskapa ho høyrde, dukka ei ny stemme opp. Dette var ”holy angel” stemma (jamfør kapittel 6.2.1). Denne stemma vart hennar støttespelar, og hjalp henne i fleire vanskelege situasjonar der ho til dømes skulle motsetje seg kommanderande budskap frå andre stemmer. Den syntest såleis spela ei avgjerande rolle i hennar betringsprosess, og noko dei snakka om i terapitimane (Leudar & Thomas, 1999). Tor har i seinare tid blitt meir uviss på om han kan stole på at mormorstemma er god. Det er kanskje ei lure-stemme frå djevelen? Det har gått inn på han og har gjort det vanskelegare for han å forhalde seg til djevelstemma (jamfør kapittel 2). Dette synest han ikkje at han kunne snakke med nokon om. Livet med dei gode personleg erfarte stemmene og lydane verkar òg vere prega av einsam kamp. Dette synest ikkje først og fremst å vere fordi dei er åleine om å erfare stemmene og lydane, men fordi dei i det heile finn det vanskeleg å snakke om korleis dei erfarer høyrselfenomana og korleis dei skal forhalde seg til dei. ”*Me prate akkorat så aldri om sånne her ting, som eg kanskje kunne ønska.”*

7 AVSLUTTANDE TANKAR

Eit av dei mest slåande funna i denne oppgåva er det *ålmenne* i intervjupersonane sine forteljingar. *Undringa* over kva stemmene og lydane kan vera, *tvilen* på deira eigne vurderingar, forsøka på å *halde erfaringane for seg sjølv* og balansegangen mellom å *leve med* og å *kjempe mot* høyrselesfenomena vil dei fleste som har erfart andre diffuse og langvarige plager kunne kjenne att.

Gjennom dei livsverds- og kroppsfenomenologiske perspektiva til Merleau-Ponty vert den levde erfaringa av å høyra stemmer og lydar synleg i sitt mangfaldig. Me har sett at høyrselesfenomena kan fungere som eit felleskap og representere ei støtte i livet eller gi framtidshåp hjå den einskilde der livs-smerte berre synest vere eit bakteppe. Men me har og sett at stemmene og lydane kan vere påtrengjande som tinnitus, som irriterar, forstyrrar eller gjer det vanskeleg å konsentrera seg. Dei uregjerlege inntrykka og meininga som *tvingar seg på* kan òg tidvis dominere tilveret for den einskilde og fortrenge den felles erfarte realiteten. Lydane kan vere stadige påminningar om tidlegare eller aktuelle smertefulle erfaringar, som bryt ned sjølvbilete og føre til einsemd og isolasjon. Det *smertefulle* som har skjedd, det som skjer her-og-no, verkar saman med uvisse om framtida eller påtrengjande eksistensielle spørsmål bli transformert til personleg erfarte stemmer og lydar. Stemmingar, tankar, minner og anna smeltar saman med her-og-no situasjonen til eit nytt uttrykk med sin eigen karakter. Nokre av stemmene og lydane verkar vere nært knytt til bestemte smertefulle erfaringar, medan andre verkar vere ekko av aktualiserte eksistensielle spørsmål og gode erfaringar i livet. Dei personleg erfarte høyrselesfenomena verkar såleis vere eit *ambivalent-nærver* av det smertefulle og det gode, det eg kallar *transformert livs-smerte*.

Det er vanskeleg å gjere greie for stemmene og lydane fullt ut fordi dei ikkje tilhøyrer det som ein 'tenkjer at'. Det som særmerkjer høyrselesfenomena er nettopp at dei er *innforståtte*, *sjølvmotseiande* og *ambivalente*. Gjennom måten dei vert erfart i *rom* og *tid* viser dei seg å vere *uomgjengelege* og *aperspektivistiske*. Desse kvalitetane konstituerar stemmene og lydane som *særeigne erfaringar* og gjer at intervjupersonane stort sett skil mellom det som berre *dei sjølv* kan høyre og det *andre* òg kan høyre.

Livet med stemmene og lydane slik intervjupersonane framstiller det, ber preg av at det er ein *einsam kamp*. Dei har så langt som råd prøvd å forstå desse erfaringane og finne måtar dei kan

forhalde seg til dei *utan å snakke om dei* med andre. Forholdet til stemmene og lydane er derfor først ein einsam kamp for å forstå og akseptere dei, og seinare dobbelt einsam fordi dei no må kjempe mot *andre* sine haldningar òg. Kva kan den som vil hjelpe gjere for at deira kamp vert mindre einsam? Slik eg ser det synest *anerkjenning* av deira erfaring, altså *deira realitet*, å vere avgjerdande. Anerkjenning kan opne for ei utforskande haldning i høve til *meninga* som ligg i stemmene og lydane, og ei djupare forståing av den einskilde si *livsverd*. Om me ser dei personleg erfarte stemmene og lydane som meningsmetta uttrykk, er me som hjelparar etter mi mening etisk forplikta til å søkje å *forstå* kva stemmene og lydane *kan vera* for den einskilde (jamfør Thomas & Leudar, 2004). Denne innsikta bør me så gjere til utgangspunktet for vår hjelp. I nye møter med Rolf vil eg vera meir oppteken av å søkje forstå kva Rolf *sjølv* tenkjer om Kåre. Saman med han vil eg utforske kva som kan hjelpe han til å ha det betre. Det kan vere at Rolf ikkje ynskjer å bli kvitt Kåre-stemma. Det kan vere at han berre vil ha meir styring med kva tid den snakkar eller kva den snakkar om. Det kan òg vere at nærveret til Kåre er knytt til ein vanskeleg livssituasjon eller vanskelege livstema som Rolf treng hjelp til å greie ut av, kanskje gjennom praktisk hjelp eller i samtale med andre. Dette er innfallsvinklar som tek utgangspunkt i den levde erfaring. Eit kommuniserande felleskap som gjev rom for livsverda slik den framstår for den einskilde i sitt mangfald, kan truleg minske maktesløyse og kjensla av å vere åleine både hjå den som har personleg erfarte stemmer og lydar og den som har andre samansette erfaringar.

Denne oppgåva avdekkjer, slik eg ser det, manglar og motsetnadar ved kunnskapane me har idag om å leva med personleg erfarte stemmer og lydar. Oppgåva føyer seg inn saman med ei rekkje andre studium som viser at den einskilde sine *eigne erfaringar* er ei viktig kjelde til kunnskap om fenomen som tradisjonelt har blitt knytt til *manglande innsikt* hjå den som erfarer dei (jamfør kapittel 3.2.2). Faktaorienteringa i psykiatrifagfeltet har slik eg ser det dominert vår forståingshorisont og ført til altfor *eintydige* konklusjonar om fenomen som har blitt kategorisert som symptom på ei langvarig psykose lidning. Sjølv om tal syner at 70% av dei som har diagnosen schizofreni høyrer stemmer, syner den epidemiologiske forskinga at størsteparten av dei som høyrer stemmer eller lydar ikkje kan diagnostiserast som psykisk lidande. Erik synest vere eit døme på det siste. For Tor, Kari, Åse og Britt som har fått ein langvarig psykose diagnose og som fortsatt høyrer stemmer og lydar inneber det at deira tilstand ikkje utan vidare må oppfattast som uforandra eller i forverring på grunn av stemmene og lydane som dei høyrer. Tvert om kan det òg tyde at dei er i ein betringsprosess. I stadenfor å nærme seg stemmene og lydane gjennom å skildre fakta åleine, opnar perspektiva til

Merleau-Ponty opp for eit felt der me kan byrja forstå kva hørselsfenomena er, i ein samanheng av levd liv. Me får ikkje gjennomlyst fenomenet 'personleg erfarte hørselsfenomen' ein gong for alle. Som ein konsekvens av vår plassering i verda vil me aldri kunne gripe ei endeleg og fullkommen forståing av menneskelege erfaringar. "Det vil alltid være et overskudd af liv og af omverdens uigjennemtrængelighed, som vil lade rommet for tvivl og undring åbent" (Amundsen, 2001).

Slik eg ser det treng me difor fleire studiar med eit livsverdsperspektiv på erfaringar med å høyre *plagsame* og *gode* stemmer og lydar, særleg hjå dei som slit med langvarige psykoselidingar. Me treng og meir kunnskap om dei som ikkje har nokon diagnose og likevel kjenner seg plaga av å høyre meir enn dei fleste. Me har for liten kunnskap om korleis desse fenomenena framstår for den einskilde *over tid*, kva som gjer at intensiteten til hørselsfenomena vekslar og kva som kan vera til hjelp for den einskilde.

LITTERATUR LISTE

- Almvik, A. & Borge, L. (2000). *Tusenkunstnerne. Muligheter og mangfold i psykisk helsearbeid*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Alvesson, M. & Skjoldberg, K. (1994). *Tokning och reflection*. Studentlitteratur.
- Alvesson, M. & Skjoldberg, K. (2000). *Reflexive methodology. New Vistas for qualitative research*. London, Thousand Oaks, New Delhi: Sage Publications.
- Amundsen, M. (2001). *Bestefar og det skjeve ansigt*. Hovedfagsoppgåve i filosofi Universitetet i Tromsø.
- Barrett, T. R. & Etheridge, J. B. (1992). Verbal Hallucinations in Normals, I: People who hear 'voices'. *Applied cognitive psychology*, 6, 379-387.
- Bengtsson, J. (1993). *Sammanflätningar Husserls och Merleau-Pontys fenomenologi*. Göteborg: Diados.
- Bengtsson, J. (1999). *Med livsvärden som grund*. Lund: Studentlitteratur.
- Benner, P., Janson-Bjerkelie, S., Ferketich, S., & Becker, G. (1994). Moral Dimensions of Living with a Chronic Illness. Autonomy, Responsibility and the limits of control. I: P. Benner (Red.), *Interpretive phenomenology. Embodiment, caring, and ethics in health and illness* (s.225-253) Sage publications, USA.
- Benner, P. & Wrubel, J. (2003). *The primacy of caring*. Addison-Wesley Publishing company.
- Bentall, R. P. (1990). The illusion of reality: a review and integration of psychological research on hallucinations. *Psychological Bulletin*, 107, 82-95.
- Borg, M. & Topor, A. (2001). Antologi. Perspektiver på bedringsprosesser ved alvorlige psykiske lidelser. *Dialog*, 2.
- Bury, M. (1982). Chronic illness as biographical disruption. *Sociology of health and illness*, 4, 167-182.
- Chadwick, P. B. M. (1994). The omnipotens of voices; a cognitive approach to auditory hallucinations. *British journal of psychiatry*, 164, 190-201.
- Chadwick, P., Lees, S., & Birchwood, M. (2000). The revised beliefs about voices questionnaire (BAVQ-R). *British journal of psychiatry*, 177, 229-232.
- Coffey, M. & Higgon, J. (2001). Auditory hallucinations. *Mental health nursing: the official journal of the community psychiatric nurses association*, 21.
- Cullberg, J. (2001). *Psykoser Et humanistisk og biologisk perspektiv*. Universitetsforlaget.
- Davidson, L. (2003). *Living outside mental illness*. New York University.

- Davies, P., Thomas, P., & Leudar, I. (1999). Dialogical engagement with voices: A single case study. *British journal of medical psychology*, 179-187.
- Deegan, P. (2003). Recovery: The lived experience of rehabilitation. *Psychosocial rehabilitation journal*, 11, 11-19.
- Elstad, I. (1987). *Stø opp om naturprosessane*. Magistergradsavhandling i filosofi. Universitetet i Tromsø.
- Ensink, B. J. (1992). *Confusing realities. A study on child sexual abuse and psychiatric symptoms*. Amsterdam: VU university press.
- Estroff, S. E. (1995). Whose story is it anyway? Authority, voice, and responsibility in narratives of chronic illness. I: K.S.Toombs, D. Barnard, & R. A. Carsen (Red.), *Chronic illness. From experience to policy*. (s. 77-102). Bloomington and Indianapolis: Indiana university press.
- Flor, J. R. (1995). Positivism. I: F.Collin & S. Kjøppe (Red.), *Humanistisk videnskabsteori* (s.56-85). Danmarks Radio Forlaget.
- Fog, J. (1999). *Med samtalen som utgangspunkt*. Akademisk forlag.
- Foucault, M. (2003). *Madness and civilization*.
- Garborg, Arne (1897). Tolstoi-boki: ymse stykke av Leo Tolstoi; med fyre ord av Arne Garborg. Oslo
- Gadamer, H.-G. (1996). *The enigma of health*. Polity Press.
- Gadamer, H.-G. (1999). Forståelsens historicitet som det hermeneutiske princip. I: J.Gulddal & M. Møller (Red.), *Hermeneutik. En antologi om forståelse* (s.127-182). Danmark: Gyldendal.
- Gjengedal, E. (1997). Kriser i helsevesenet. utfordringer for omsorgsarbeideren. I: H.Alvsvåg, N. Anderssen, E. Gjengedal, & M. Råheim (Red.), *Kunnskap, kropp og kultur. Helsefaglige grunnlagsproblemer*. Oslo: Ad Notam Gyldendal AS.
- Green, H. (1971). *Jeg lovet deg aldri en rosenhave*. Oslo: Pax.
- Greve, A. (1999). Å tenke med fortellinger. I: *Norsk Litteraturvitenskaplig Tidsskrift* (2,140-147). Universitetsforlaget
- Greve, A. (2003a). Et indre liv i ytre omgivelser.
Ref Type: upublisert
- Greve, A. (30-1-2003b). Om sant og usant i fortellingen om oss selv.
Ref Type: upublisert
- Gulddal, J. & Møller, M. (1999). Fra filologi til filosofi. I: J. Gulddal & M. Møller (Red.), *Hermeneutic. En antologi om forståelse* (s. 9-45). Danmark: Gyldendal.

- Hamran, T. & Elstad, I. (1995). *Et kvinnefag i modernisering. Sykehuspleien mellom fagtradisjon og målstyring*. Ad Notam Gyldendal AS.
- Hamran, T. (2002) *Notat frå førelesing ved ASH, UITØ*.
- Haugsgjerd, S. (1983). *Psykoterapi og miljøterapi ved psykotiske tilstander. I*. Universitetsforlaget.
- Hummelvoll, J. K. (1980). Når det ikke lenger er hull i gjerdet. Sosiologiske betraktninger av kronifiseringsprosessen. I: J.K.Hummelvoll (Red.), *Insikt-en kilde til liv* (s. 75-92). Oslo: Tanum-Nordli.
- Hummelvoll, J. K. (2003). *Helt ikke stykkevis og delt*. Oslo:Gyldendal akademiske
- Johannessen, J. O. (1998). Psykose. Hva er det? Introduksjon om psykotiske lidelser for omsorgspersoner, familie og venner. 2. utgåve. Stavanger, Stiftelsen psykiatrisk opplysning. Ref Type: brosjyre
- Jonas, H. (1979). The nobility of sight: a study in the phenomenology of the senses. I: *The phenomenon of Life. Toward a philosophical biology*. Westport, Connecticut: Greenwood press, publishers.
- Kringlen, E. (2001). *Psykometri*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kristensen, T. (1980). Veien til den omvendte omsorg. I: J.K. Hummelvoll (Red.), *Insikt-en kilde til liv* (s. 11-31). Oslo: Tanum-Nordli.
- Kvale, S. (1996). *InterViews. An introduction to qualitative research interviewing*. Sage publications inc.
- Kvale, S. (2001). *Det kvalitative forskningsintervjuet*. Ad notam Gyldendal.
- Leder, D. (1990). *The absent body*. Chicago: The Chicago University press.
- Leudar, I. & Thomas, P. (2000). *Voices of reason, voices of insanity*. London: Routledge.
- Mandelid, L. J. (2003). Bevisstheten som realitet igjen. Rapport fra ISPS kongressen i Melbourne, Australia. *Dialog*, 13, 50-60.
- Merleau-Ponty, M.(1964). Phenomenology and the Sciences of Man. I: J.M. Edie (Red.), *The primacy of perception*. Northwestern University Press.
- Merleau-Ponty, M. (1969). *Tegn. Udvalgte essays*. København: Rhodos.
- Merleau-Ponty, M. (2003), (1986). *Phenomenology of perception*. London: Routledge & Keegan Paul.
- Merleau-Ponty, M. (1994). *Kroppens fenomenologi*. Oslo: Pax forlag A/S.
- Mishler, E. G. (1997). I: L.C.Hydèn & M. Hydèn (Red.), *Att studera berättelser. samhällsvetenskapliga och medicinska perspektiv*.

- Tranøy, K. E. (1994). I: NEM. Nasjonal etisk kommittè for medisin. *Forskning på mennesker. Lover og regler og retningslinjer*. Oslo/Tromsø
- Nissen, R. (2000). Sindssyges Pleie. I: *Lærebog i Sygepleie* (s. 74-80). Oslo: Gyldendal Akademiske AS.
- NTB (2004, 7. October). Lennons morder kan slippe ut. *Nordlys*.
- Posey, T. B. & Losch, M. E. (1983). Auditory hallucinations of hearing voices in 375 normal subjects. *Imagination, cognition and personality*, 3, 99-113.
- Rees, D. W. (1971). The hallucinations of Widowhood. *British medical journal*, 37-41.
- Romme, M. (1996a). *understanding voices*. Glouster: Handsell Publications.
- Romme, M. & Escher, S. (1989). Hearing Voices. *Schizophrenia Bulletin*, 15, 209-216.
- Romme, M. & Escher, S. (1996b). Empowering people who hear voices. I: G.Haddock & P. D. Slade (Red.), *Cognitive-behavioral interventions with psychotic disorders* (s. 137-151). London and New York: Routledge.
- Romme, M. & Escher, S. (2000). *Making sense of voices*. London: Mind publications.
- Schwartz, M. A. & Wiggons, O. (1985). Science, Humanism, and nature of medical practice: a phenomenological view. *Perspectives in biology and medicine*, 28.
- Sells, D., Steyner, D. A., & Davidson, L. (2003). Å finne tilbake til seg selv ved schizofreni. *Dialog*, 13, 9-15.
- Skjervheim, H. (1974). *Objektivisme og studiet av mennesket*. Gyldendal Norsk Forlag.
- Skjervheim, H. (2001). Deltakar og tilskodar. I: *Deltakar og tilskodar og andre essays* (s.71-87). Oslo: Aschehoug.
- Statens helsetilsyn, WHO (1999). *ICD-10 Psykiske lidelser og atferdsforstyrrelser. Kliniske beskrivelser og diagnostiske retningslinjer*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Storli, S. L., Asplund, K., Heggen, K., Bengtsson, J., & Engelsrud, G. (2004). Intensivpasientens erfaringer. En problematisering av minnkategorisering i forskning og klinikk. *Norsk tidsskrift for sykepleieforskning*, 6, 22-37.
- Thomas, P., Bracken, P., & Leudar, I. (2004). Hearing voices: A phenomenological-hermeneutical approach. *cognitive Neuropsychiatry*, 9, 13-23.
- Thorsen, G.-R. B. (1998). Schizofreni. Informasjonshefte om schizofreni for pasienter, pårørende og andre. Stavanger, Stiftelsen Psykiatrisk Opplysning.
Ref Type: Hefte
- TIPS (1996, 14. Desember). Annonse. *Stavanger Aftenblad*, s.7.
- TIPS.Tidleg intervensjon ved psykoser. (1998). Studieprotokoll. En multisenter undersøkelse av førstegangs-psykotiske pasienter. Revidert utgåve.

Ref Type: Hefte

Topor, A. (2001). *Återhämtning från svåra psykiska störningar*. Stockholm: Natur och Kultur.

Van der Zalm, J. E. (2000). Hermeneutic-phenomenology: providing living knowledge for nursing practice. *Journal of advanced Nursing*, 31, 211-218.

Wifstad, Å. (1997). *Vilkår for begrepsdannelse og praksis i psykiatri. En filosofisk undersøkelse*. Tano Aschehoug.

Wulff, H. R., Pedersen, S. A., & Rosenberg, R. (1999). *Medicinsk filosofi*. København: Munksgaard.

Zahavi, D. (2003). Fænomenologi. I: F.Collin & S. Køppe (Red.), *Humanistisk Videnskabsteori* (s. 122-138) Viborg: DR Multimedie.

Åkre Haram, A. (1997). Dialogens kraft-når tankar blir til stemmer. *Fokus på familien*, 25, 271-279.

Åkre Haram, A. (2002). Notat frå førelesing på seminaret "Hvordan møte og hjelpe mennesker som hører stemmer?" Gaustad, Oslo

Oversikt over vedlegg

- Vedlegg 1 Kvittering frå Regional etiske komité
- Vedlegg 2 Kvittering frå Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste
- Vedlegg 3 Informasjonsskriv til rekrutterande instansar
- Vedlegg 4 Førespurnad til intervjupersonane med samtykke erklæring
- Vedlegg 5 Samtaleguide

Sissel Lisa Storli
Avdeling for sykepleie og helsefag
Institutt for klinisk medisin
Med fak, UiTø

9037 TROMSØ

Deres ref.: 16. og 25.10.2002

Vår ref.: 200204934-9/IA Y/400

Dato: 28.10.2002

**P REK 64/2002 Å LEVA MED PRIVATE STEMNER OG LYDAR - FORSTÅANDE
PERSPEKTIV I MØTE MED LEVD ERFARING AV STEMMEHØYRING —
SLUTT VURDERING - KOMITEEN HAR INGEN INNVENDINGER MOT AT
PROSJEKTET GJENNOMFØRES**

Vi viser til Anne Martha Kalhovdes brev av 16.10.2002 med vedlegg (oversendt per e-post 17.10.2002) samt e-brev av 25.10.2002 med vedlegg.

Tilbakemelding på komiteens merknader til prosjektet i brev av 16.10.2002 og e-brev av 17.10.2002 tas til etterretning.


Regional komité for medisinsk forskningsetikk, Nord-Norge (REK Nord) har ingen innvendinger mot at prosjektet gjennomføres.

Det forutsettes at prosjektet er godkjent av aktuelle formelle instanser før det settes i gang.

Det forutsettes at prosjektet forelegges komiteen på nytt, dersom det under gjennomføringen skjer komplikasjoner eller endringer i de forutsetninger som komiteen har basert sin avgjørelse på.

Komiteen ber om å få melding dersom prosjektet ikke blir slutført.

Vennlig hilsen



Ingunn Ytrehus
førstekonsulent

Kopi: Anne Martha Kalhovde (amkal@frisurf.no)

**REGIONAL KOMITÉ FOR MEDISINSK FORSKNINGSETIKK, NORD-NORGE
REK NORD**

Universitetet i Tromsø, N-9037 Tromsø, telefon 77 64 40 00, telefaks 77 64 53 00
Ingunn Ytrehus, førstekonsulent, direkte innvalg 77 64 48 76, e-post rek-nord@fagmed.uit.no
<http://www.etikkom.no/NEM/REK/rek.htm>



Hans Holmboesgt. 22
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47/ 55 58 21 17
Fax: +47/ 55 58 96 50
E-mail: nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no

Anne Martha Kalhovde
Antaon Jakobsensvei 5
9020 TROMSDALEN

Vår dato: 23.10.2002

Vår ref: 200200782 GHA /RH

Deres dato:

Deres ref:

FORSKNINGSPROSJEKT SOM OMFATTES AV MELDEPLIKT

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 27.09.2002. All nødvendig informasjon om prosjektet forelå i sin helhet 22.10.2002. Meldingen gjelder prosjektet:

9408 *Å leve med private stemmer og lydar - forstående perspektiv i møte med levd erfaring av stemme-høyering*

Etter gjennomgang av meldeskjema og dokumentasjon finner Datafaglig sekretariat at behandlingen av personopplysningene vil være regulert av § 7-25 i forskrift til personopplysningsloven (POL). Dette betyr at behandlingen av personopplysningene vil være unntatt fra konsesjonsplikt etter POL § 33 første ledd, men underlagt meldeplikt etter POL § 31 første ledd, jf. forskriftene § 7-20.

Unntak fra konsesjonsplikten etter § 7-25 gjelder bare dersom vilkårene i punktene a) – e) alle er oppfylt:

- a) førstegangskontakt opprettes på grunnlag av offentlig tilgjengelige registre eller gjennom en faglig ansvarlig person ved virksomheten der respondenten er registrert,
- b) respondenten, eller dennes verge dersom vedkommende er umyndig, har samtykket i alle deler av undersøkelsen,
- c) prosjektet skal avsluttes på et tidspunkt som er fastsatt før prosjektet settes i gang,
- d) det innsamlede materialet anonymiseres eller slettes ved prosjektavslutning,
- e) prosjektet ikke gjør bruk av elektronisk sammenstilling av personregistre.

Vår vurdering er basert på følgende opplysninger fra prosjektleder:

Formålet med prosjektet er å prøve å få en forståelse av livsverdenen til mennesker som hører stemmer og få økt innsikt i hvordan en best kan støtte mennesker som hører stemmer over tid.

Utvalget består av 3-4 mennesker som hører eller har hørt stemmer i minst et år og hvor stemmene har "ikke-meg" kvalitet. Alle i utvalget skal være hjemmeboende. Datafaglig sekretariat har vurdert prosjektet som å være fritatt fra konsesjonsplikt på det grunnlag av at alle i utvalget skal være i stand til å gi et frivillig, informert og uttrykkelig samtykke. Dersom dette kriteriet endres skal det gis tilbakemelding til Datafaglig sekretariat. Dersom det skal rekrutteres mennesker hvor det er tvil om samtykkekompetansen, må prosjektet først få konsesjon fra Datatilsynet.

Utvalget rekrutteres fra psykiatrisk poliklinikk eller fra enhet for psykiatriske hjemmetjenester. Førstegangskontakt opprettes av behandler, psykiatrisk sykepleier eller annet kvalifisert personell

som har tilgang til pasienten (jf. pkt. a). Førstegangskontakten opprettes muntlig og ved utdeling av informasjonsskriv utarbeidet av prosjektleder.

Opplysningene samles inn gjennom kvalitative intervju. Tema for intervjuene er hvordan det er å leve med stemmer. Intervjuene vil ta opp spørsmål om konkrete forhold som hvor lenge informanten har hørt stemmer, karakteristikker av hva informanten hører, hvor ofte, stemmenes påvirkning av hverdagen, forholdet til stemmene, andres reaksjoner på at informanten hører stemmer, informantens forståelse av stemmene, ønsket forhold til stemmene. Dersom det er andre forhold ved det å høre stemmer som informantene formidler som viktig, vil det bli registrert opplysninger om også dette. Det registreres sensitive opplysninger i form av helseforhold (POL § 2 pkt. 8 c).

Opplysningene oppbevares på lydbånd, i manuelt kartotek og på isolert pc. Direkte personidentifiserbare opplysninger erstattes med et referansenummer som viser til en atskilt navneliste. Ved prosjektslutt skal opplysningene anonymiseres ved at alle direkte og indirekte personidentifiserbare opplysninger skal slettes eller gjøres anonyme (jf. pkt. d).

De som ønsker å delta sender skriftlig samtykke direkte tilbake til studenten (jf. pkt. b). Samtykket er basert på skriftlig informasjon om alle sider ved prosjektet.

Det skal ikke gjøres bruk av elektronisk sammenstilling av personregistre (jf. pkt. e).

Prosjektslutt er angitt til 12.12.2003 (jf. pkt. c).

Prosjektet er tilrådet av Regional komité for medisinsk forskningsetikk - Helseregion Nord.

Opplegget for undersøkelsen vil ut fra dette oppfylle kravene for konsesjonsfritak jf. § 7-25. Det er grunn til å understreke, at selv om det ikke er nødvendig å innhente konsesjon fra Datatilsynet, skal personopplysningslovens regler for behandling av personopplysninger i kapitlene I til V samt VII til IX, følges.


Dersom undersøkelsesopplegget endres i forhold til de punktene som ligger til grunn for vår vurdering, skal prosjektet vurderes på nytt av Datafaglig sekretariat.

Datafaglig sekretariat har meldt prosjektet til Datatilsynet. Vedlagt følger kvittering fra Datatilsynet.

Det gjøres forøvrig oppmerksom på at det skal gis ny melding tre år etter at forrige melding ble gitt, dersom prosjektet fortsatt pågår, jf. POL § 31 tredje ledd.

Kontaktperson: Grethe Halvorsen tlf: 55583542

Vennlig hilsen
Datafaglig sekretariat


Bjørn Henrichsen


Grethe Halvorsen

Anne Martha Kalhovde
Anton Jakobsensv. 5 c
9020 Tromsdalen

4.12.02



Vedkjem søknad om rekruttering av intervjupersonar til prosjektet: "Å leva med private stemmer og lydar"

Viser til tidlegare telefonsamtale, og vil med dette rette ei formell førespurnad om hjelp med å rekruttera intervjupersonar til hovudfagsoppgåve med arbeidstittel: "å leva med private stemmer og lydar".

Eg har 10 års erfaring som psykiatrisk sjukepleiar, og har arbeidd på ulike tenestenivå (for det meste i Rogaland). Det siste året har eg arbeidd i ei lita stilling ved psykiatrisk senter i Tromsø, og studert hovudfag i helsefag. I samband med hovudfagsoppgåva ynskjer eg å gjennomføra 3-4 forskingsintervju med menneske som høyrer stemmer, og håpar at dykkar avdeling kan hjelpa meg med å koma i kontakt med dei.

Personane eg ynskjer å koma i kontakt med, har høyrte stemmer i minst eit år (treng ikkje vera eit år i samanheng). Stemmene har ein "ikkje-meg" kvalitet, stemmehøyraren er overtydd om at stemmene kjem frå ein annan (jamfør vedlegg 1). Dei aktuelle intervju-personane er heimebuande, og må vera i stand til å gi eit informert samtykke (er ikkje akutt psykotisk).

Ved å rekruttera intervjupersonar gjennom [redacted] håpar eg å sikre at dei har samtykkekompetanse, at dei til dømes ikkje er aktivt psykotisk, og av den grunn ute av stand til å gi eit informert samtykke til deltaking i eit forskingsprosjekt. Dette vil samstundes ikkje frita meg frå å gjere mine egne faglege vurderingar.

Eg ynskjer å ha kontakt med 2 tilsette ved dykkar avdelingar. Dei vil få skriftleg og munnleg informasjon om prosjektet, og vil få i oppgåve å ta kontakt med aktuelle intervjupersonar (vurdert etter dei gitte kriterier), og dele ut ein skriftleg førespurnad (sjå vedlegg 1). Brukarar som er interessert i dette, får den skriftlege førespurnaden og samtykkeerklæringa (med ein adressert og frankert konvolutt) av sin kontaktperson. Dei fyller sjølv ut samtykkeerklæringa og sender dette direkte til meg. Fagpersonale skal ikkje ha beskjed om dei deltek eller ei. Når eg har fått nok intervjupersonar (3-5), gir eg beskjed til avdelinga om at det ikkje trengst fleire.

Deltakarane i studiet er sikra anonymitet så langt som råd er. Eg forpliktar meg til å "sløra" dei så godt at det ikkje er mogeleg å direkte kjenne att deltakarane i det ferdig

bearbeidde tekstmaterialet. Ved å rekruttera frå ulike instansar, vil det ikkje kunne trekkjast direkte samband mellom deltakar og rekrutteringsinstans. Eg har valt å bruke fagpersonar til å rekruttera intervjupersonar av omsyn til ikkje-skade prinsippet. Forsking skal vera så lite belastande som mogleg og ikkje vera til skade. Romme & Escher har arbeidd med stemmehøyrarar i ei årrekkje (sjå prosjektsamandrag, vedlegg 2). Dei viser til at stemmehøyraren kan oppleve at stemmene blir sterkare og meir plagsame når dei vert snakka om. Ut i frå mi erfaring frå møter med stemmehøyrarar veit eg at det kan vere både godt og vanskeleg å samtale med nokon om korleis livet med stemmene kan vera. Det er ein tryggleik for både meg og intervjupersonen at me veit at stemmehøyraren har ein instans å venda seg til. Om det oppstår vanskar for intervjupersonen i samband med undersøkinga, vil eg oppfordre vedkommande til å ta kontakt med sin kontaktperson, eller eventuelt avtale med vedkommande at eg gjer det. Det kan òg bli aktuelt å delta i ein oppklaringsamtale i etterkant av intervjuet om det skulle visa seg å vera naudsynt.

Prosjektoppgåva er godkjent ved universitetet i Tromsø, og tilrådd av etisk komitè 10.oktober. Om du har spørsmål eller innvendingar svarer eg gjerne på desse. Eg er lettast å treffe på e-post; annemk@fagmed.uit.no. Tlf.nr: 77635260

Vennleg Helsing

Anne Martha Kalhovde

Vedlegg: 2

Til aktuell samtalepartner**FØRESPØRSEL OM DELTAKING I UNDERSØKJINGA:****“Å LEVA MED PRIVATE STEMME OG LYDAR”**

Eg er utdanna psykiatrisk sjukepleiar, og har fleire års erfaring frå arbeid innan psykisk helsevern. Eg er no student ved hovudfag i helsefag ved universitetet i Tromsø. I samband med studiet skal eg gjennomføra eit forskingsprosjekt der siktemålet er å setja meg nærmare inn i korleis det kan opplevast å leva med stemme-høyring.

Me veit ein del om medisinsk behandling av stemmer, men me veit mindre om korleis det kan opplevast å leva med stemmer. Med stemmer tenkjer eg på stemmer/lydar som er “private”, andre høyrer dei ikkje. Stemmene/lydane vert likevel opplevd som “ikkje-meg”, det er nokon andre som snakkar. Eg er interessert i å høyre kva plass stemme-høyring har hatt og har i livet ditt. Difor ber eg deg tenkje over korleis stemme-høyringa byrja, korleis det påverkar dagen din, og erfaringar du har i møte med familie, venner og helsepersonell, i forhold til stemmene du høyrer.

Om du vel å delta, vil eg ha ein eller to samtalar med deg om dine opplevingar og erfaringar med å klara deg i kvardagen med stemmer/lydar. Målet med undersøkjinga er å få fram i lyset erfaringar i høve til å leva med stemme-høyring. Resultata av undersøkjinga vil danna utgangspunkt for mi hovudfagsoppgåve, og eventuelt artiklar i tidsskrifta til fagorganisasjonar og brukarorganisasjonar. Som deltakar får du informasjon om resultata frå undersøkjinga om du vil.

Om du samtykkjer i å dela dine erfaringar med meg, tar eg opp samtalen på band. Du bestemmer kor mykje du vil seie og kva du vil svare på. I utskrifta av lydbandopptaka vil du ikkje kunne kjennast igjen. Eg får veiledning ved universitetet i Tromsø, av stipendiat Sissel Lisa Storli og 1. Amanuensis Ingunn Elstad. Dei vil kunne lese utskrifta, men ikkje høyre lydbandopptaket eller få vite kven du er. Einskilde sitat frå samtalan vil kunne brukast i oppgåva, men berre slik at dei ikkje kan sporast tilbake til deg. Utskriftene og bandopptaka vil bli oppbevart på ein sikker stad, og sletta når hovudfagsarbeidet er avslutta om 1-2 år.

Du får denne førespørsla frå din behandlingkontakt, men han/ho vil ikkje få vite om du deltek i undersøkjinga eller ei. Du kan vera viss på at det ikkje får

fylgjer for ditt behandlingstilbod, om du let vere å sende inn samtykkeerklæringa. Deltaking i undersøkjinga er frivillig. Du kan òg trekkja deg når som helst, utan at du treng å gi meg ein grunn for det. Alt materiale som vedkjem deg vil då bli sletta. Eg lovar å behandle opplysningane eg får frå deg fortruleg. Om deltaking i undersøkjinga gjer at du får det vanskeleg og du treng nokon å snakke med, kan eg formidla kontakt med hjelpeapparatet, om du vil ha hjelp til det.

Om du kan tenkja deg å dela dine erfaringar på denne måten, fyller du ut samtykkeerklæringa som ligg i konvolutten, og sender den til meg. Eg vil så ta kontakt med deg og gjere avtale om tid og plass for samtale. Har du spørsmål, kan me ta dei på telefonen før me treffest, eller når me treffest.

Helsing Anne Martha Kalhovde
Universitetet i Tromsø
Det medisinske fakultet, avdeling for sjukepleie og helsefag
9037 Tromsø
tlf. 92649866

Samtykkeerklæring

Eg har lese informasjonen om prosjektet "å leva med private stemmer og lydar", og samtykker i å delta i undersøkjinga. Eg godtek at samtalen vert teke opp på band, og at det som kjem fram kan brukast i prosjektet. Det er ein føresetnad at ingen opplysningar skal kunne sporast tilbake til meg.

Namn: _____

Adresse: _____

Telefon: _____

Stad: _____ Dato: _____

Underskrift: _____

Ber deg om å fyller ut og sende kopien av dette skjemaet, som ligg i den adresserte og frankerte konvolutten.

TAKK!

Samtykkeerklæring

Eg har lese informasjonen om prosjektet "å leva med private stemmer og lydar", og samtykker i å delta i undersøkjinga. Eg godtek at samtalen vert teke opp på band, og at det som kjem fram kan brukast i prosjektet. Det er ein føresetnad at ingen opplysningar skal kunne sporast tilbake til meg.

Namn: _____

Adresse: _____

Telefon: _____

Stad: _____

Dato: _____

Underskrift: _____

SAMTALE GUIDE

Intervjupersonen si forteljing dannar utgangspunkt for mine innspel. Spørsmåla nedanfor vil eg bruke fleksibelt. Eg vil i første rekkje utdjupe det den andre bring på banen. Om den andre er passiv, vil spørsmåla vera til nytte for å få i gang ein samtale. Dei kan og tene som ei hjelp til å oppsummere.

A) Konkrete forhold

- Kor lenge har du høyrte stemmer/lydar?
- Kva høyrer du? (til dømes: talet på ulike stemmer/lydar, kven er stemmene/lagar lydane -kvinne/mann, fleire? Kvaliteten på lydane: høyrer du tydelege bodskap/mumling, kommentarar, kommandoar? Kor kjem dei frå, utanfor eller innanfor kroppen?)
- Kor ofte, kor lenge gir dei lyd frå seg?

B) Korleis påverkar stemmene dagen din -kan du gi nokre dømer?

C) Korleis er forholdet ditt til stemmene/lydane?

- til dømes redd dei, sint på, irritert på, godt å ha
- ulike stemmer, lydar –ulike forhold?
- påverkar ulike situasjonar korleis du handterer stemmene/lydane på (skilnad på å vera heime, offentleg kontor, jobb, skule, sjukehus)?
- kva gode erfaringar har du med å forhalda deg til stemmene/lydane?
- kan du gi dømer på kva du gjer når stemmene plagar deg?
- (kva hjelper ikkje?)

D) Korleis reagerer andre på at du høyrer stemmer?

E) Forståing av stemmene/lydane

- Kva tankar har du om kvifor dei kjem/er der?
- korleis påverkar dei livet ditt?
- Kva vil du gi råd om at andre bør gjera (stemmehøyrarar, fagfolk)?
(Korleis synes du at helsepersonell/familie skal forhalda seg til stemmene dine, når du fortel om dei?)

F) Korleis vil du at ditt forhold til stemmehøyringa skal vera?

- vil du bli kvitt stemmene?
- Korleis trur du livet ville vera utan stemmer?